Vestland fylkeskommune

**Møteprotokoll**

| | |
|---|---|
| **Utval:** | **Fylkestinget** |
| **Møtestad:** | Grunna tekniske utfordringar ligg sakene fordelt på 14. og 15.12, Digitalt. - Møte 14.-16.desember 2021 |
| **Dato:** | 14-16.12.2021 |
| **Tid:** | Tysdag 14.12.2021: 15:00-18:00<br>Onsdag 15.12.2021: 09:00-18:00<br>Torsdag 16.12.2021: 09:00-19:40 |

## Tysdag 14.12.2021

**Følgjande faste medlemer møtte**:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Anne Gine Hestetun | Medlem | A |
| Arve Helle | Medlem | A |
| Jannicke Bergesen Clarke | Medlem | A |
| Emil Lennart Pålikoff Gadolin | Medlem | A |
| Stian Jean Opedal Davies | Medlem | A |
| Kine Bratli Dale | Medlem | A |
| Katrine Helland Johannessen | Medlem | A |
| Nina Bognøy | Medlem | A |
| Rasmus Laupsa Rasmussen | Medlem | A |
| Eirik Haga | Medlem | A |
| Per Jarle Kosior Valvatne | Medlem | A |
| Senea Sabanovic | Medlem | A |
| Kjell Gitton Håland | Medlem | A |
| Trym Helge Aafløy | Medlem | UA |
| Knut Inge Andersen | Medlem | FNB |
| Morten Klementsen | Medlem | UA |
| Odd Erik Lind | Medlem | FNB |
| Nils Haugland | Medlem | FNB |
| Hege Nygård Dale | Medlem | UA |
| Terje Søviknes | Medlem | FRP |
| Sigbjørn Framnes | Medlem | FRP |
| Bjarte Vatnøy | Medlem | FRP |
| Silja Ekeland Bjørkly | Medlem | H |
| Noralv Distad | Medlem | H |
| Svein Kolbein Halleraker | Medlem | H |
| Dan Stian Femoen | Medlem | H |
| Hanne Eva Husebø Kristensen | Medlem | H |
| John Andre Kongsvik | Medlem | H |
| Sonja Merethe Øvre-Flo | Medlem | H |
| Karl Vågstøl | Medlem | H |
| Lise-May Sæle | Medlem | H |
| Gunnar Moland | Medlem | H |
| Trude Brosvik | Medlem | KRF |
| Tor André Ljosland | Medlem | KRF |
| Kristina Vaktskjold Hamre | Medlem | KRF |
| Natalia Antonia Golis | Medlem | MDG |
| Mark Taylor | Medlem | MDG |

| | | |
|---|---|---|
| Pauline Tomren | Medlem | MDG |
| Mona Høgli | Medlem | MDG |
| Øyvind Strømmen | Medlem | MDG |
| Kurt Johnny Hæggernæs | Medlem | PP |
| Jeanette Onarheim Syversen | Medlem | R |
| Jon Askeland | Medlem | SP |
| Jenny Ellaug Følling | Medlem | SP |
| Sigrid Brattabø Handegard | Medlem | SP |
| Hilde Horpen | Medlem | SP |
| Alexander Fosse Andersen | Medlem | SP |
| Sigurd Erlend Reksnes | Medlem | SP |
| Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim | Medlem | SP |
| Gunn Åmdal Mongstad | Medlem | SP |
| Lars Fjeldstad | Medlem | SP |
| Marthe Hammer | Medlem | SV |
| Åsmund Berthelsen | Medlem | SV |
| Symphorien Pombe | Medlem | SV |
| Marianne Sæhle | Medlem | SV |
| Agnes Hoshovde Bernes | Medlem | V |
| Geir Kjell Andersland | Medlem | V |

**Følgjande medlemer hadde meldt forfall**:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Karianne Alette Torvanger | Medlem | A |
| Terje Kollbotn | Medlem | R |
| Helge Stormoen | Medlem | FRP |
| Rosalind Fosse | Medlem | FRP |
| Frank Willy Pedersen Djuvik | Medlem | FRP |
| June Vibecke Knudtsen Indrevik | Medlem | H |
| Jana Midelfart-Hoff | Medlem | H |

**Følgjande varamedlemer møtte:**

| Namn | Møtte for | Representerer |
|---|---|---|
| Olav Magnus Hammer | Karianne Alette Torvanger | A |
| Renate Møgster Klepsvik | Rosalind Fosse | FRP |
| Gustav Bahus | Frank Willy Pedersen Djuvik | FRP |
| Anita Garlid Johannessen | Helge Stormoen | FRP |
| Iril Kirstine Schau Johansen | Jana Midelfart-Hoff | H |
| Christer Lilleskare Olsen | June Vibecke Knudtsen Indrevik | H |
| Nils Bjarte Sæle | Terje Kollbotn | R |
| Samson Hamre | Ikkje vald | SP |

**Frå administrasjonen møtte:**

| Namn | Stilling |
|---|---|
| Rune Haugsdal | Fylkesdirektør |
| Ingrid Holm Svendsen | Avdelingsdirektør organisasjon og økonomi |
| Paal Fosdal | Avdelingsdirektør strategisk utvikling og digitalisering |
| Bjørn Lyngedal | Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse |
| Bård Sandal | Avdelingsdirektør innovasjon og næringsutvikling |
| Per Morten Ekerhovd | Avdelingsdirektør kultur, idrett og inkludering |
| Håkon Rasmussen | Avdelingsdirektør mobilitet og kollektivtransport |
| Dina Lefdal | Avdelingsdirektør infrastruktur og veg |
| Bertil Søfteland | Seksjonsleiar politisk sekretariat |
| Silje Lyngstad | Rådgjevar politisk sekretariat/møtesekretær |
| Arild Knapskog | Rådgjevar politisk sekretariat/møtesekretær |

## Onsdag 15.12.2021

**Følgjande faste medlemer møtte**:

| Namn | Funksjon | Representerer | |
|---|---|---|---|
| Arve Helle | Medlem | A | |
| Jannicke Bergesen Clarke | Medlem | A | |
| Emil Lennart Pålikoff Gadolin | Medlem | A | |
| Karianne Alette Torvanger | Medlem | A | |
| Stian Jean Opedal Davies | Medlem | A | |
| Kine Bratli Dale | Medlem | A | |
| Katrine Helland Johannessen | Medlem | A | |
| Nina Bognøy | Medlem | A | |
| Rasmus Laupsa Rasmussen | Medlem | A | |
| Eirik Haga | Medlem | A | |
| Per Jarle Kosior Valvatne | Medlem | A | |
| Senea Sabanovic | Medlem | A | |
| Kjell Gitton Håland | Medlem | A | |
| Knut Inge Andersen | Medlem | FNB | |
| Morten Klementsen | Medlem | UA | |
| Nils Haugland | Medlem | FNB | |
| Hege Nygård Dale | Medlem | UA | |
| Terje Søviknes | Medlem | FRP | |
| Sigbjørn Framnes | Medlem | FRP | |
| Frank Willy Pedersen Djuvik | Medlem | FRP | |
| Bjarte Vatnøy | Medlem | FRP | |
| Silja Ekeland Bjørkly | Medlem | H | |
| Noralv Distad | Medlem | H | |
| Svein Kolbein Halleraker | Medlem | H | |
| Dan Stian Femoen | Medlem | H | |
| Hanne Eva Husebø Kristensen | Medlem | H | |
| John Andre Kongsvik | Medlem | H | Permisjon kl. 10:00-11:00 |
| Sonja Merethe Øvre-Flo | Medlem | H | |
| Karl Vågstøl | Medlem | H | |
| Lise-May Sæle | Medlem | H | |
| Gunnar Moland | Medlem | H | |
| Trude Brosvik | Medlem | KRF | |
| Tor André Ljosland | Medlem | KRF | |
| Kristina Vaktskjold Hamre | Medlem | KRF | |
| Natalia Antonia Golis | Medlem | MDG | |
| Mark Taylor | Medlem | MDG | |
| Pauline Tomren | Medlem | MDG | |
| Øyvind Strømmen | Medlem | MDG | |
| Kurt Johnny Hæggernæs | Medlem | PP | |
| Jeanette Onarheim Syversen | Medlem | R | |
| Jon Askeland | Medlem | SP | |
| Jenny Ellaug Følling | Medlem | SP | |
| Sigrid Brattabø Handegard | Medlem | SP | |
| Hilde Horpen | Medlem | SP | |
| Sigurd Erlend Reksnes | Medlem | SP | Permisjon kl. 09:00-10:30<br>Forfall frå kl. 14:00 |
| Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim | Medlem | SP | |
| Gunn Åmdal Mongstad | Medlem | SP | |
| Lars Fjeldstad | Medlem | SP | |
| Marthe Hammer | Medlem | SV | |
| Åsmund Berthelsen | Medlem | SV | |
| Symphorien Pombe | Medlem | SV | |
| Marianne Sæhle | Medlem | SV | |
| Agnes Hoshovde Bernes | Medlem | V | |
| Geir Kjell Andersland | Medlem | V | |

**Følgjande medlemer hadde meldt forfall**:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Anne Gine Hestetun | Medlem | A |

| | | |
|---|---|---|
| Terje Kollbotn | Medlem | R |
| Helge Stormoen | Medlem | FRP |
| Rosalind Fosse | Medlem | FRP |
| June Vibecke Knudtsen Indrevik | Medlem | H |
| Jana Midelfart-Hoff | Medlem | H |
| Trym Helge Aafløy | Medlem | UA |
| Mona Høgli | Medlem | MDG |
| Odd Erik Lind | Medlem | FNB |

**Følgjande varamedlemer møtte:**

| Namn | Møtte for | Representerer |
|---|---|---|
| Olav Magnus Hammer | Anne Gine Hestetun | A |
| Thore Helland | Trym Helge Aafløy | SP |
| Renate Møgster Klepsvik | Rosalind Fosse | FRP |
| Gustav Bahus | Helge Stormoen | FRP |
| Iril Kirstine Schau Johansen | Jana Midelfart-Hoff | H |
| Christer Lilleskare Olsen (Permisjon 13-15) | June Vibecke Knudtsen Indrevik | H |
| Mariel Eikeset Koren | Mona Høgli | MDG |
| Nils Bjarte Sæle | Terje Kollbotn | R |
| Samson Hamre | Ikkje vald | SP |
| Tore Fossen (frå 10:00-11:00) | John Andre Kongsvik | H |
| Tore Fossen (frå 13:00-15.00) | Christer Lilleskare Olsen | H |
| Sara Hamre Sekkingstad (frå 09:00-10:30) | Sigurd Erlend Reksnes | SP |
| Erlend Haugen Herstad (frå kl. 15:00) | Sigurd Erlend Reksnes | SP |

**Merknader**

Leif Bjarne Fjellro var kalla inn som vara for representanten Odd Erik Lind (FNB), møtte ikkje.
Det var 64 representantar til stades

**Frå administrasjonen møtte:**

| Namn | Stilling |
|---|---|
| Rune Haugsdal | Fylkesdirektør |
| Ingrid Holm Svendsen | Avdelingsdirektør organisasjon og økonomi |
| Paal Fosdal | Avdelingsdirektør strategisk utvikling og digitalisering |
| Bjørn Lyngedal | Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse |
| Bård Sandal | Avdelingsdirektør innovasjon og næringsutvikling |
| Per Morten Ekerhovd | Avdelingsdirektør kultur, idrett og inkludering |
| Håkon Rasmussen | Avdelingsdirektør mobilitet og kollektivtransport |
| Dina Lefdal | Avdelingsdirektør infrastruktur og veg |
| Bertil Søfteland | Seksjonsleiar politisk sekretariat |
| Silje Lyngstad | Rådgjevar politisk sekretariat/møtesekretær |
| Arild Knapskog | Rådgjevar politisk sekretariat/møtesekretær |

## Torsdag 16.12.2021

**Følgjande faste medlemer møtte:**

| Namn | Funksjon | Representerer | |
|---|---|---|---|
| Arve Helle | Medlem | A | |
| Jannicke Bergesen Clarke | Medlem | A | |
| Emil Lennart Pålikoff Gadolin | Medlem | A | |
| Karianne Alette Torvanger | Medlem | A | |
| Stian Jean Opedal Davies | Medlem | A | |
| Kine Bratli Dale | Medlem | A | |
| Katrine Helland Johannessen | Medlem | A | |
| Nina Bognøy | Medlem | A | |
| Rasmus Laupsa Rasmussen | Medlem | A | |
| Eirik Haga | Medlem | A | |
| Per Jarle Kosior Valvatne | Medlem | A | |
| Senea Sabanovic | Medlem | A | |
| Kjell Gitton Håland | Medlem | A | |
| Trym Helge Aafløy | Medlem | UA | Permisjon 11:45-13:30 |
| Knut Inge Andersen | Medlem | FNB | Permisjon frå 17:15 |
| Nils Haugland | Medlem | FNB | |
| Hege Nygård Dale | Medlem | UA | |
| Sigbjørn Framnes | Medlem | FRP | |
| Frank Willy Pedersen Djuvik | Medlem | FRP | |
| Bjarte Vatnøy | Medlem | FRP | |
| Silja Ekeland Bjørkly | Medlem | H | |
| Noralv Distad | Medlem | H | |
| Dan Stian Femoen | Medlem | H | |
| Hanne Eva Husebø Kristensen | Medlem | H | |
| John Andre Kongsvik | Medlem | H | |
| Sonja Merethe Øvre-Flo | Medlem | H | |
| Karl Vågstøl | Medlem | H | |
| Lise-May Sæle | Medlem | H | |
| Gunnar Moland | Medlem | H | |
| Trude Brosvik | Medlem | KRF | |
| Tor André Ljosland | Medlem | KRF | |
| Kristina Vaktskjold Hamre | Medlem | KRF | |
| Natalia Antonia Golis | Medlem | MDG | |
| Mark Taylor | Medlem | MDG | |
| Pauline Tomren | Medlem | MDG | |
| Mona Høgli | Medlem | MDG | |
| Øyvind Strømmen | Medlem | MDG | |
| Kurt Johnny Hæggernæs | Medlem | PP | |
| Jeanette Onarheim Syversen | Medlem | R | |
| Terje Kollbotn | Medlem | R | |
| Jon Askeland | Medlem | SP | |
| Jenny Ellaug Følling | Medlem | SP | |
| Sigrid Brattabø Handegard | Medlem | SP | |
| Hilde Horpen | Medlem | SP | |
| Alexander Fosse Andersen | Medlem | SP | |
| Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim | Medlem | SP | |
| Gunn Åmdal Mongstad | Medlem | SP | |
| Lars Fjeldstad | Medlem | SP | |
| Marthe Hammer | Medlem | SV | |
| Åsmund Berthelsen | Medlem | SV | |
| Symphorien Pombe | Medlem | SV | |
| Marianne Sæhle | Medlem | SV | |
| Agnes Hoshovde Bernes | Medlem | V | |
| Geir Kjell Andersland | Medlem | V | |

**Følgjande medlemer hadde meldt forfall:**

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Anne Gine Hestetun | Medlem | A |
| Helge Stormoen | Medlem | FRP |
| Rosalind Fosse | Medlem | FRP |

| | | |
|---|---|---|
| June Vibecke Knudtsen Indrevik | Medlem | H |
| Jana Midelfart-Hoff | Medlem | H |
| Morten Klementsen | Medlem | UA |
| Aleksander Øren Heen | Medlem | SP |
| Sigurd Erlend Reksnes | Medlem | SP |
| Odd Erik Lind | Medlem | FNB |
| Svein Kolbein Halleraker | Medlem | H |
| Terje Søviknes | Medlem | FRP |

**Følgjande varamedlemer møtte:**

| Namn | Møtte for | Representerer |
|---|---|---|
| Synnøve Solbakken (Permisjon frå 11:00) | Anne Gine Hestetun | A |
| Leif Bjarne Fjellro | Odd Erik Lind | UA |
| Renate Møgster Klepsvik (Permisjon frå 13:30) | Rosalind Fosse | FRP |
| Rita Navarsete (frå kl. 13:30) | Rosalind Fosse | FRP |
| Anita Garlid Johannessen | Terje Søviknes | FRP |
| Ruth Grethe Østebøvik Eriksen (Permisjon frå kl. 15:15-16:15) | Helge Stormoen | FRP |
| Iril Kirstine Schau Johansen | Svein Kolbein Halleraker | H |
| Christer Lilleskare Olsen | Jana Midelfart-Hoff | H |
| Tore Fossen | June Vibecke Knudtsen Indrevik | H |
| Karoline Aldis Bjerkeset | Aleksander Øren Heen | SP |
| Erlend Haugen Herstad | Sigurd Erlend Reksnes | SP |

**Merknader**

Leif Bjarne Fjellro var kalla inn som vara for representanten Odd Erik Lind (FNB), møtte ikkje

**Frå administrasjonen møtte:**

| Namn | Stilling |
|---|---|
| Rune Haugsdal | Fylkesdirektør |
| Ingrid Holm Svendsen | Avdelingsdirektør organisasjon og økonomi |
| Paal Fosdal | Avdelingsdirektør strategisk utvikling og digitalisering |
| Bjørn Lyngedal | Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse |
| Bård Sandal | Avdelingsdirektør innovasjon og næringsutvikling |
| Per Morten Ekerhovd | Avdelingsdirektør kultur, idrett og inkludering |
| Håkon Rasmussen | Avdelingsdirektør mobilitet og kollektivtransport |
| Dina Lefdal | Avdelingsdirektør infrastruktur og veg |
| Bertil Søfteland | Seksjonsleiar politisk sekretariat |
| Silje Lyngstad | Rådgjevar politisk sekretariat/møtesekretær |
| Arild Knapskog | Rådgjevar politisk sekretariat/møtesekretær |

## Saksliste

| Utvals-saksnr | Innhald | Arkiv-saksnr | U.Off |
|---|---|---|---|
| | **Godkjenningssaker** | | |
| GK 7/21 | Godkjenning av møteinnkalling og sakliste | | |
| GK 8/21 | Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkestinget 29.-30.09.2021 | 2019/65 | |
| | **Referatsaker** | | |
| RS 25/21 | Budsjett 2021 – status oppfølging vedtekne verbalforslag | 2021/54381 | |
| RS 26/21 | Høve til å halde fjernmøter i 2022 etter at midlertidig lov om unntak frå kommunelova opphevast 01. desember 2021 | 2021/1290 | |
| RS 27/21 | Møter i folkevalde organ – streaming og digital deltaking på fjernmøter | 2019/13 | |
| RS 28/21 | Det fylkeskommunale tilskotet til eigne fagskular | 2021/18979 | |
| RS 29/21 | Overordna risiko- og sårbarheitsanalyse for Vestland fylkeskommune | 2021/53479 | |
| RS 30/21 | Folkevalde i Vestland fylkeskommune – Rettar og plikter | 2019/13 | |
| | **Interpellasjonar og skriftlege spørsmål** | | |
| SI 28/21 | Interpellasjon frå Distad (H) – Flaumsikring med vasskraft | 2019/157 | |
| SI 29/21 | Interpellasjon frå Hestetun (Ap) – Parlamentarisk styringsform | 2019/157 | |
| SI 30/21 | Spørsmål frå Haga (Ap) – Offentleggjering av politiske saker. | 2019/157 | |
| SI 31/21 | Spørsmål frå Bjørkly (H) – om hospitering/besøksdag for elever i friskoler | 2019/157 | |
| | **Politiske saker** | | |
| PS 109/21 | Budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 - arbeidsdokument 5/21 | 2021/50332 | |
| PS 110/21 | Godkjenning av prosjektrekneskap | 2021/27679 | |
| PS 111/21 | Evaluering av nærskulemodellen etter inntak til skuleåret 2021/22 | 2021/48284 | |
| PS 112/21 | Seriøsitetskrav i Vestland fylkeskommune - Oppfølging av vedtak | 2021/19094 | |
| PS 113/21 | Kvalitetsmelding for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune - Del 1 og 2 | 2021/26764 | |
| PS 114/21 | Eigarstyring av Fagskulen Vestland og delegeringsreglement | 2021/18979 | |
| PS 115/21 | Disponering av overskytande bompengar - Fv 500 Halsnøysambandet | 2021/19998 | |
| PS 116/21 | Oppfølging av sak om reisetidsgaranti | 2021/48285 | |
| PS 117/21 | Tilpassa opplæring | 2021/52031 | |
| PS 118/21 | Vikarteneste reinhald | 2021/44776 | |
| PS 119/21 | Fylkeskommunal vikarteneste vidaregåande opplæring | 2021/2445 | |
| PS 120/21 | Felles takst og sonestruktur for buss og bybane i Vestland fylke | 2021/6199 | |
| PS 121/21 | "Havbyen Bergen", regionalt samarbeid | 2021/46394 | |
| PS 122/21 | Berekraftig verdiskaping - handlingsprogram 2022-2025 for regional plan for innovasjon og næringsutvikling næringsutvikling | 2021/27440 | |
| PS 123/21 | Magnus Lagabøtejubileum 2024 - Landslova 750 år | 2021/2200 | |
| PS 124/21 | Fellesmagasin for musea - utgreiing av alternativ for organisering og eigarskap | 2020/70846 | |
| PS 125/21 | Fylkeskommunale medlemskap i organisasjoner for avdeling for Kultur, idrett og inkludering. | 2021/47962 | |
| PS 126/21 | Oppgradering og kontorkonsept for fylkeshuset i Leikanger | 2021/53784 | |
| PS 127/21 | Kvinnheradpakken - Nytt garantivedtak | 2020/49137 | |
| PS 128/21 | Nytt garantivedtak for E134 Røldal-Seljestad | 2020/47302 | |

| | | |
|---|---|---|
| PS 129/21 | Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune 2021 - 2024 | 2020/47906 |
| PS 130/21 | Nytt fylkesarkiv | 2021/52214 |
| PS 131/21 | Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2021 | 2020/75634 |
| PS 132/21 | Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på vei 2022-2025 - høyring | 2021/5938 |
| PS 133/21 | Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027 - vedtak | 2021/51875 |
| PS 134/21 | Handlingsplan 2022 - avdeling Kultur, idrett og inkludering | 2021/51632 |
| | | |
| | **Fortsetjing, sjå del 2** | |
| PS 135/21 | Regional transportplan | 2020/36671 |
| PS 136/21 | Temaplan forsking for Vestland fylke 2022 - 2027 | 2021/51813 |
| PS 137/21 | Nye bompengepakkar på Haugalandet - Prinsippvedtak | 2020/62649 |
| PS 138/21 | NDLA- samarbeidsavtale (nye vedtekter) for oppgåvefelleskapet | 2021/53260 |
| PS 139/21 | Val av nye varamedlem til trafikktryggingsutvalet | 2021/49935 |
| PS 140/21 | Korrigering av varamedlemslister til fylkesutvalet | 2021/49935 |
| PS 141/21 | Val av medlem og varamedlem til folkevalde organ | 2021/49935 |
| PS 142/21 | Søknad om fritak for verv som første varamedlem i fylkesutvalet - Jenny Følling (Sp) | 2021/49935 |
| PS 143/21 | Søknad om fritak frå verv som varamedlem i valnemnda - Jon Askeland (Sp) | 2021/49935 |
| PS 144/21 | Val av setjemedlem i samband med midlertidig fritak for Aleksander Øren Heen | 2021/49935 |
| PS 145/21 | Nominering eller val av medlemer til ulike styre, nemnder, o.l. | 2019/11 |
| PS 146/21 | Val av styret til Fagskulen Vestland | 2021/54477 |
| PS 147/21 | Fylkeskommunale styremedlemmer i frittståande vidaregåande skular | 2021/54774 |
| PS 148/21 | Kandidatinnspel til styret i Innovasjon Norge | 2019/11 |
| PS 149/21 | Søknad om fritak for verv som varamedlem i fylkestinget - Torill Frøise (R) | 2021/49935 |
| PS 150/21 | Val av nye elev- og lærlingrepresentantar til yrkesopplæringsnemnda | 2021/49935 |
| PS 151/21 | Forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning i Vestland fylkeskommune - Revisjonsrapport | 2020/75285 |
| PS 152/21 | Eigarskapskontroll av arbeidsmarknadsbedrifter i Vestland fylkeskommune - Revisjonsrapport | 2021/16093 |
| PS 153/21 | Flaumsikring med vasskraft | |
| PS 154/21 | Parlamentarisk styringsform | |
| PS 155/21 | Interpellasjon for rimelege straumprisar! | |
| PS 156/21 | Ingen menneske er ulovleg | |
| PS 157/21 | Stimuler privat givarglede til kunst, kultur og frivillig sektor | |

# Godkjenningssaker

## GK 7/21 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

**Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2021**

Møteinnkallinga vart godkjent utan merknader.

Det vart røysta over om følgjande saker og interpellasjonar skulle på saklista:

| Tittel | Forslagsstillar | Avrøysting | Saksnummer |
|---|---|---|---|
| Faglige vurderinger av bybane over Bryggen uten kjøreledninger | Jon Askeland (SP) | Samrøystes | RS 31/21 |
| Uttale/innstilling frå yrkesopplæringsnemnda | Jon Askeland (SP) | Samrøystes | RS 32/21 |
| Stimuler privat givarglede til kunst, kultur og frivillig sektor | Terje Søviknes (FRP) | For: 51<br>Mot: 12 | PS 157/21 |

| Interpellasjonar | Forslagsstillar | Avrøysting | Saksnummer |
|---|---|---|---|
| Flaumsikring med vasskraft | Noralv Distad (H) | Samrøystes | PS 153/21 |
| Parlamentarisk styringsform | Anne Gine Hestetun (A) | For: 60<br>Mot: 3 | PS 154/21 |
| Interpellasjon for rimelege straumprisar! | Terje Kollbotn (R) | Samrøystes | PS 155/21 |
| Ingen menneske er ulovleg | Jeanette Syversen (R) | Samrøystes | PS 156/21 |

Med sak RS 31/21 - 32/21 og PS 153/21 – PS 157/21 vart saklista godkjent.

## GK 8/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkestinget 29.-30.09.2021

**Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2021**

Møteprotokoll frå møte i fylkestinget 29.-30.09.2021 vart godkjent utan merknader.

## Referatsaker

### RS 25/21 Budsjett 2021 - status oppfølging vedtekne verbalforslag
**Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2021**

Saka vart referert.

### RS 26/21 Høve til å halde fjernmøter i 2022 etter at midlertidig lov om unntak frå kommunelova opphevast 01. desember 2021
**Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2021**

Saka vart referert.

### RS 27/21 Møter i folkevalde organ - streaming og digital deltaking på fjernmøter
**Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2021**

Saka vart referert.

### RS 28/21 Det fylkeskommunale tilskotet til eigne fagskular
**Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2021**

Saka vart referert.

### RS 29/21 Overordna risiko- og sårbarheitsanalyse for Vestland fylkeskommune
**Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2021**

Saka vart referert.

### RS 30/21 Folkevalde i Vestland fylkeskommune - Rettar og plikter
**Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2021**

Saka vart referert.

### RS 31/21 Faglige vurderinger av bybane over Bryggen uten kjøreledninger
**Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2021**

Saka vart referert.

### RS 32/21 Uttale/innstilling frå yrkesopplæringsnemnda
**Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2021**

Saka vart referert.

# Skriftlege spørsmål

## SI 28/21 Interpellasjon frå Distad (H) - Flaumsikring med vasskraft
## Interpellasjon frå Noralv Distad (H)

**Flaumsikring med vasskraft**
NVE har i følgje artikkel i Bergens Tidende 13. oktober 2021 rekna ut at 12 222 bygg i Vestland treng sikring mot flaum, og at dette vil kosta 4,1 milliardar kroner.

Dei siste åra har fleire stader i Vestland, mellom anna Flåm, Odda, Voss, Utvik og Jølster, opplevd dramatiske flaumar. Det er i etterkant gjennomført ein del sikringstiltak, men både desse og andre område har framleis store utfordringar.

Det er flott at løyvingane til skred- og flaumsikring aukar og at Vestlandet er prioritert. Men behovet er enormt, og utfordringane knytta til ekstremver aukar. Difor er det nødvendig med fleire virkemiddel. Kraftutbygging har stor flaumdepande effekt. No er tida inne for å finna fram til nye prosjekt som kan tryggja liv, helse og infrastruktur.
Fleire slike prosjekt kan finansierast heilt eller delvis med produksjon av klimavennleg, fornybar kraft.

Trygt og robust Vestland er eit av fleire tema i planprogrammet for fylkeskommunen sin klimaplan. For å følgja opp dette bør Vestland fylkeskommune no saman med aktuelle kommunar kartleggja vassdrag der ein kan kombinera flaumdemping og kraftutbygging. Kartlegginga må og inkludera verna vassdrag, som Flåmsvassdraget. I desse elvane er sjølvsagt trygging av liv og helse det einaste føremålet, slik og Stortinget har opna for.

**Spørsmål til fylkesordførar:**
Vil fylkesordføraren ta initiativ til å få kartlagt vassdrag der ein kan kombinera flaumdemping og kraftutbygging?

**Framlegg til vedtak:**
Vestland fylkeskommune gjennomfører ei kartlegging av vassdrag der ein kan kombinera flaumdemping og kraftutbygging. Kartlegginga bør gjennomførast i nært samarbeid med aktuelle kommunar

**Svar frå fylkesordføraren**

Eg viser til at staten har eit særskilt ansvar for arbeid med Risiko- og sårbarheit (ROS), både Statsforvaltaren og NVE er viktige myndigheiter på området. NVE har til ein kvar tid oversikt over behov for tiltak for flaum og skredsikring som er meldt inn frå kommunane. NVE har, som representanten viser til, arbeidd med ny metodikk for å analysere behov for flaum- og skredsikring av eksisterande bygningar og anslått kva det vil koste å sikre utsette bygningar innan 2040. I dette arbeidet har ein nytta NVE sine landsdekkande aktsomheitskart for flaum saman med flaumsonekart. Denne rapporten viser til at det for Vestland er kostnader på 4,1 MRD kroner for å sikre bygningar mot flaum, mens kostnaden er 9,5 MRD kroner knytt til sikring mot skred. Dette viser at det er eit omfattande arbeid som skal til for å sikre Vestlandssamfunnet, men det viser og at det er viktig med heilskaplege vurderingar av behova i lokalsamfunna. Her er kommunane og deira kommuneplanar heilt sentrale verktøy.

Eg viser vidare til at planprogrammet for Regional plan for klima vektlegg at «..planen vil med utgangspunkt i risikobiletet identifisere og prioritere viktige innsatsområde for å redusere klimarisiko for innbyggjarane i Vestland». Eg tenker at ei slik kartlegging som representanten etterlyser, bør bli sett i eit heilskapleg perspektiv i klimaplanarbeidet og vurdert i samanheng med prioriteringa av innsatsområde. Eg meiner difor at vi må kome attende til dette spørsmålet gjennom arbeidet med Klimaplanen.

Dei regionale vassforvaltningsplanane er vår mest heilskaplege tilnærming til alle dei ulike vassførekomstane. Her er alle vassførekomstar i fylket gått gjennom og satt mål og tiltak for i samråd med alle relevante sektormyndigheiter. Flom har også vært et tema i disse planene. NVE som sektormyndighet har ansvar for å utrede og foreslå tiltak for å redusere flomrisiko.

Når det gjeld vurderinga av mogelegheiter for å kombinere flaumsikring og kraftutbygging, tenker eg at dette er noko ein bør vurdere i kvart einskild tilfelle. Første prioritet er å sikre liv og helse

gjennom sikringsarbeid, og her er kommunane og NVE dei sentrale partane. Vidare viser eg og til at det skal bli starta eit arbeid med Regional plan for fornybar energi, og eventuelle kartleggingar av potensiale for kraftutbygging må bli vurdert i samband med dette planarbeidet. Planen vil i utgangspunktet ikkje omfatte nokon konkret kartlegging av potensial for ny kraftutbygging, utover å referere arbeid som alt er gjort (til dømes av NVE). Spørsmålet om potensial for flomdemping blir vurdert i alle relevante søknadar om kraftutbygging i vassdrag og er en problemstilling alle kraftselskapa er godt kjend med.

## SI 29/21 Interpellasjon frå Hestetun (Ap) - Parlamentarisk styringsform

## Interpellasjon frå Anne Gine Hestetun (A)

**Parlamentarisk styreform**

I eit parlamentarisk system har eit politisk fylkesråd kontroll med og legg føringar for sakshandsaming og politiske vedtak overfor fylkestinget. Dette gjer politikarane i fylkesrådet større muligheiter til å initiere saker og til å påverke sakene politisk før dei vert lagt fram for ordinær politisk handsaming. Sakene får difor ein politisk valør som ikkje er tilfelle ned dagens formannskap der sakene går rett frå administrasjonen til fylkesutvalet.

Fylkestinget vil ha eit særskilt ansvar for kontroll av fylkesrådet, noko Arbeidarpartiet meiner vil vere positivt. Det vil vere tydelege ansvarslinjer der fylkesrådet vil stå til ansvar overfor fylkestinget, og fylkestinget kan vise sin misnøye med fylkesrådet gjennom mistillitsframlegg.

Vidare gjer dette fylkesrådet eit større ansvar og eigarskap til styringa av fylkesadministrasjonen enn ein har i ein formannskapsmodell.

Samla sett vil ei parlamentarisk styring av fylkeskommunen vere meir demokratisk, gje betre politisk styring og gje veljarane meir direkte innflyting over viktige område som i dag er delegert til administrasjonen.

**Spørsmål til fylkesordføreren:**

- Kva vedtak må fattast for å legge om til ein parlamentarisk styringsmodell for Vestland fylkeskommune etter neste fylkestingsval?
- Må eit flertall av fylkestinget sine medlemmar røyste for parlamentarisk styring i denne perioden, eller held det at fylkestinget har handsama ei sak eller eit framlegg om parlamentarisk styring?
- Ser fylkesordføreren positivt på å starte ein utgreiingsprosess knyta til parlamentarisk styring i Vestland fylkeskommune?

**Framlegg til vedtak:**

Fylkesdirektøren skal legge fram ei sak på fylkestinget i mars der ein vurderar fordelar og ulemper med å innføre parlamentarisme i Vestland Fylkeskommune.

**Svar frå fylkesordføraren**

Spørsmål 1 og 2

Svaret på begge desse spørsmåla finn ein direkte i kommunelova § 10-1 om innføring og oppheving av parlamentarisk styreform;

> *«Kommunestyret og fylkestinget vedtar selv om parlamentarisk styreform skal innføres i kommunen eller fylkeskommunen. Et slikt vedtak krever minst 2/3 av de avgitte stemmene.*
>
> *Skal et vedtak kunne treffes etter første ledd, må det forrige kommunestyret eller fylkestinget ha votert over et forslag om å innføre parlamentarisk styreform før 1. januar i siste år av valgperioden. Det kreves ikke at forslaget oppnår flertall.*
>
> *En ny styreform må være vedtatt og satt i verk senest 1. januar i det andre hele året av valgperioden.*
>
> *Kommunestyret og fylkestinget kan selv vedta å avvikle parlamentarisk styreform med alminnelig flertall av de avgitte stemmene. Reglene i andre og tredje ledd gjelder på tilsvarende måte når parlamentarisk styreform skal avvikles.»*

Prosessen med eventuelt å innføre parlamentarisk styreform må altså føregå over to valperiodar. Det første forslaget må handsamast av fylkestinget, seinast 1.januar 2023. Eit nytt vedtak og iverksetting må seinast skje 1.januar 2025. For å kunne førebu iverksetting av eventuelt ny politisk styreform må nok sjølve vedtaket fattast i god tid i forkant.

Spørsmål 3

Formannskapsmodellen har sidan innføringa i 1837 vore grunnmuren for lokaldemokratiet og styringa av land, fylke og kommunar i nær 200 år. Parlamentarisme i lokalstyre har ei kortare historie, men denne styreforma er no godt innarbeidd i nokre av landets fylke, kommunar og byar. Fylkesordførar ser at begge modellane har kvalitetar, og sine støttespelarar - også i fylkestinget.

Formannskapsmodellen som styreform i Vestland vart knesett i intensjonsavtalen for samanslåinga. Slik sett har han vore eit fast punkt; først for tingingane om samanslåing, og deretter for oppbygginga av organiseringa av Vestland fylkeskommune slik han står fram i dag. I koalisjonen si plattform går det fram at formannskapsmodellen skal ligge til grunn. Fylkestinget har mynde til å velje styringsmodell. Ei drøfting bør ta utgangspunkt i formannskapsmodellen og vurdere denne opp mot føremon og ulemper med parlamentarisk styringsform.

Vestland er ein ung fylkeskommune, som takka vere solid og godt arbeid frå administrativt og politisk nivå står støtt. Tilbakemeldingane frå dei som me er til for - innbyggjarar, næringsliv og organisasjonsliv - er gode. Det er eit godt driv i fylkeskommunen sine aktivitetar og planprosessar. Eit ankepunkt mot å starte ei eventuell utgreiing av parlamentarisme i lys av dette, er om ein slik prosess kan skape uro i og rundt fylkeskommunen. Tilsette i fylkeskommunen har levd med ei grad av uvisse over fleire år, og ei ny drøfting av endring av grunnleggande tilhøve kan føre til auka uro.

I ei eventuelle utgreiing av parlamentarisme som ny politisk styreform for Vestland fylkeskommune, ser fylkesordføraren det som naudsynt at økonomiske konsekvensar og ringverknader vert kartlagt.

Utover dette vil ikkje fylkesordførar legge føringar for om fylkeskommunen skal starte ein prosess for å endre politisk styringsform. Det må vere opp til fylkestinget å ta stilling til dette, i vurderinga av om forslaget til vedtak i interpellasjonen skal realitetsbehandlast

## SI 30/21 Spørsmål frå Haga (Ap) - Offentleggjering av politiske saker.

### Spørsmål frå Eirik Haga (A)

**Offentleggjering av politiske saker.**

Saksmengda som går til politisk handsaming er stor. Eit døme er sakskartet til Hovudutval for næring 17.november 2021. Store, godt utgreia og framfor alt viktige saker som:

- Berekraftig verdiskaping handlingsprogram
- Temaplan for forsking for Vestland
- Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion
- Regional plan for vassforsyning for Rogaland, Vestfold og Telemark, Innlandet og Viken, Møre og Romsdal
- Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune
- mmm

Fagfolka i fylkeskommunen har brukt mykje tid og ressursar på å utarbeida dokumenta. Ein del har nok vore ferdig frå sakshandsamar i god tid føre dei vert godkjent av fylkesdirektøren. I forkant av møtet onsdag 17/11 tikka det inn ei SMS fredag 12/11 om at saken var klar til nedlasting. For politikarar som ikkje er frikjøpte rauk nok helga til lesing. For politikarar i fylkesutval kom lesinga på toppen av ei hektisk tid med budsjettarbeid.

Dersom sakene hadde blitt gjort tilgjengelege for folkevalde etter kvart som dei var ferdig frå sakshandsamar, kunne det gjeve folkevalde meir tid til å studera sakspapira grundigare.På den måten ville folkevalde kunne gje dei store og viktige sakene den merksemda dei fortener. Dette vil utvikla demokratiet i positiv retning.

**Spørsmål:**

1. Er det mogleg å gjera store saker tilgjengelege for folkevalde etter kvart som dei er ferdig frå sakshandsamar?
2. Er det mogleg for fylkesdirektøren å endra rutinane for godkjenning av sakene etter kvart som dei er ferdig frå sakshandsamar?
3. Er det noko formelt i vegen for å gjera det?
4. Kva anna kan eventuelt gjerast for at folkevalde skal få betre tid til å setja seg inn i store, viktige og tunge saker?

**Svar frå fylkesordføraren**

Spørsmål 1
Av kommunelova § 11-3 (1) følger:

> «Lederen av et folkevalgt organ setter opp saksliste for hvert enkelt møte. Innkalling til møtet skal sendes til organets medlemmer med rimelig varsel. Innkallingen skal inneholde en liste over de sakene som skal behandles, og dokumentene i sakene.»

Det er altså leiaren av det folkevalde organet som formelt set opp sakliste. Vidare skal innkallinga innehalde samla oversikt over sakene til møte, og alle saksdokument. Fylkesdirektøren eller andre har difor ikkje høve til å leggje ut saker fortløpande.

Spørsmål 2 og 3
Som det går fram av svaret på spørsmål 1, vil endring av interne godkjenningsrutinar ikkje ha betydning for høve til fortløpande publisering av saker til folkevalde organ.

Spørsmål 4
Tidlegare utsending av dei politiske sakene vil naturlegvis gje dei folkevalde betre tid til å setje seg inn i store og viktige politiske spørsmål.

I forarbeida til kommunelova § 11-3 (1) er det lagt til grunn at nedre terskel for høveleg varsel for møteinnkalling er 4-5 dagar før møtet. Dette er også nedfelt i saksbehandlingsreglane i Vestland fylkeskommune sitt reglement for folkevalde organ og delegering;

> *«Innkalling og saksførelegg til møte i folkevalde organ skal sendast medlemer og varamedlemer minimum 4 dagar før møtedato. Sakliste for møtet og saksdokument som ikkje er unnateke offentlegheit, vert samstundes lagd ut på fylkeskommunen sine heimesider.»*

Vanleg praksis i Vestland fylkeskommune er at utsending av innkalling og saksliste vert gjort ei veke før møtet i det folkevalde organet. Det er ikkje noko formelt hinder for å endre denne praksisen. Fylkestinget har tidlegare sett ned eit eige utval som kontinuerleg vurderer behovet for aktuelle endringar i regelverket knytt til folkevalde organ. Dette utvalet kan i første omgang vere ein arena for å vurdere reglementsendringar for frist ved utsending av saker til folkevalde organ.

Fylkesordføraren vil samstundes peike på at leiarane av dei folkevalde organa ved godkjenning av sakliste har ei viss moglegheit til å vurdere saksmengda mellom møta, både i form av tal og type saker.

## SI 31/21 Spørsmål frå Bjørkly (H) - om hospitering/besøksdag for elever i friskoler

## Spørsmål frå Silja Ekeland Bjørkly (H)

**Spørsmål om hospitering/besøksdag for elever i friskoler**

Elever ved friskolene har i mange år kunne delta i hospitering/besøksdag på både friskoler og fylkeskommunale skoler. Dette har vært organisert av fylkeskommunen gjennom webportalen mittyrke.no.

Der har skoler lagt inn muligheter for hospitering, samt at elver har kunne melde seg på hospitering. En ordning som alle parter har vært fornøyd med.Det har lenge vært en kjennsgjerning at elever i Bergensskolen ikke får ha besøksdager på friskoler, men denne utfordringen ligger på kommunalt nivå.

Uten varsel og informasjon har fylkesadministrasjonen avsluttet ordningen med hospitering for

elever som går i privat grunnskole. Elever som går i 10. klasse står dermed uten mulighet for å kunne hospitere i vgs, med mindre den enkelte rådgiver selv organiserer dette med skoler. Noe som er svært tungvint.

Det bør være et mål for Vestland fylkeskommune at så mange elever som mulig får kunnskap om tilbudet ved våre skoler. Dette blir svært vanskelig dersom man fortsetter å diskriminere elever i friskoler ved at de ikke får delta i denne ordningen.

**Spørsmål til fylkesordfører:**

1. Hvorfor har ordningen med hospitering/besøksdag opphørt for elever i friskoler?
2. Vil fylkesordfører ta initiativ til at ordningen skal gjeninnføres for elever i friskoler?

<u>Svar frå fylkesordføraren</u>

I Hordaland fylkeskommune organiserte fylkesadministrasjonen hospiteringa for alle grunnskular og vidaregåande skular, både dei offentlege og dei private. I Sogn og Fjordana organiserte dei ulike skuleslaga dette sjølv. Vestland fylkeskommune ønskjer lik praksis i heile fylket og tilnærma seg «Sogn og Fjordane-modellen», med eit ønskje om meir samarbeid mellom grunnskule og vidaregåande skule. Dette gjeld både dei offentlege og private skulane.

I Bergen kommune er situasjonen annleis enn i resten av fylket – med 24 ungdomsskular og om lag 2500 10.klasseelevar i eit begrensa geografisk område krevst det ei viss organisering på overordna nivå. Med utgangspunkt i ei allereie eksisterande samarbeidsavtale tok Bergen kommune på seg ansvaret med påmeldinga for alle 10.klassingane i kommunal regi og fylkeskommunen fordelte desse elevane på nærliggande vidaregåande skular.

Det er altså ikkje slik at sjølve hospiteringsordninga er oppheva for friskular. Hospitering er eit ledd i 10.klassfaget *Utdanningsval*. Tidleg kontakt mellom grunnskule og nærliggande vidaregåande skular er viktig for å planlegga ei god hospitering. Kommunikasjonen frå fylkeskommunen om ny hospiteringsordning vil bli tydlegare neste år.

## SI 32/21 Interpellasjon frå Kollbotn (R) - Interpellasjon for rimelege straumprisar

## <u>Interpellasjon frå Terje Kollbotn (R)</u>

**Interpellasjon for rimelege straumprisar!**

Raudt er glad for at Vestland fylkesting i slutten av september vedtok forslaget vårt om å «oppmode det nye Stortinget om å vedta naudsynte endringar for å få ein rimeleg kraftpris både til innbyggjarane og industrien».

Straumprisane har, etter at dette vedtaket vart gjort, eksplodert. Det er no enno større behov for naudsynte endringar. Det vi har sett så langt er berre noen endringar i bustønad og mellombelse endringar i el-avgifta. Dette er sosialpolitiske tiltak som er av det gode og som det må komme meir av, men løyser ikkje det grunnleggjande energipolitiske problemet.

Kraftprisane har nådd eit nivå som vi vel aldri har sett maken til i vasskraftlandet Norge, der vi faktisk har eit nettoverskot på kraft. Denne situasjonen er sjølvsagt verst for dei mange som frå før har blitt økonomisk vanskelegstilte. Men prisane har kome opp på eit slikt nivå at det er folk flest og hushald generelt som er skadelidande. Dette prisnivået vil, om det held fram, og bli eit trugsmål mot arbeidsplassane i privat sektor.

På litt lenger sikt, når langsiktige industrikraftavtalar går ut, kan vedvarande forhøgde kraftprisar, drive opp prisnivået for også den kraftforedlande industrien, noko som i verste fall kan bety kroken på døra. Dei høge straumprisane vil og utgjere eit press mot kommunal og fylkeskommunal økonomi. Det vil bli mindre pengar att til dei tenestene og ytingane som skal leverast innbyggjarane og gjere det økonomisk vanskelegare å halde oppe ei god nok bemanning.

Raudt meiner at hovudproblemet er at norsk kraftutveksling med utlandet no har utarta seg til krafteksport av slike mengder at skadane er langt større enn fordelane. Vi eksporterer konkurransefordelen vår i byte med import av uakseptable høge straumprisar. Raudt har utifrå dette noen spørsmål til fylkesordføraren:

1. I fylkestingsvedtaket vårt i september bad vi om naudsynte nasjonale endringar for å få ein rimeleg kraftpris. Kva svar har fylkeskommunen fått frå sentralstyresmakta – dvs. AP/SP-regjeringa og det nye Stortinget - på oversending av vedtaket?
2. Er det mogleg for fylkeskommunen å estimere kva ekstra straumutgifter fylkeskommunen har hatt i september – november samanlikna med dei tre månadane to føregåande år?
3. Ser fylkesordføraren det som ein fordel om Norge avgrensar krafteksporten og bruk av overføringskapasitet til eit nivå på linje med tidlegare års kraftutveksling? Og meiner fylkesordføraren at dette framleis vil vere mogleg med dagens norske tilknytning til EU sin energiunion ACER?
4. Er fylkesordføraren einig i at krafteksporten må tilpassast fyllingsgraden i kraftmagasina og ikkje kva som gir høgast kortsiktig profitt for kraftbransjen?

**FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Til regjering og Storting.

1. Vestland fylkesting viser til tidlegare vedtak 29.september i år om å oppmode den nye regjeringa og det nye Stortinget om å vedta naudsynte endringar for få ein rimeleg kraftpris til innbyggjarane og industrien. Dette har til no ikkje skjedd. Tverimot er straumprisane rekordhøge og prognosane tyder på at dette vil halde fram om det ikkje blir tatt store politiske grep. På kort sikt støttar fylkestinget målretta tiltak for at ingen skal måtte fryse,, m.a. auka bustøtte, som kompensasjon for dei stadig aukande kraftprisane. Også reduksjon eller fjerning av el-avgifta og meirverdiavgift på straum er aktuelle tiltak. Men dette er ikkje lenger tilstrekkeleg.
2. Vestland fylkesting meiner at det no er behov for å ta politisk kontroll over kraftbransjen. Vasskrafta er arvesølvet som skal tene folk flest og halde fram å vere eit konkurransefortrinn for industri og næringsliv.
3. Vestland fylkesting går inn for å sikre bærekraftig fyllingsgrad i våre vassmagasin og stans i krafteksport ved låg fyllingsgrad.
4. Vestland fylkesting går inn for at Norge går ut av ACER, EU sin energiunion, men held fram med kraftsamarbeid med våre naboland.
5. Vestland fylkesting går inn for å sikre langsiktige, rimelege kraftprisar for norsk industri og landbruk, samt at det blir etablert eit toprissystem for hushaldningane.

<u>Svar frå fylkesordføraren</u>

<u>Spørsmål 1</u>
Fylkestinget gjorde i september 2021 vedtak om fråsegn knytt til dei høge straumprisane. Vedtaket vart oversendt partileiarane Jonas Gahr Støre og Trygve Slagsvold Vedum, samt alle partigruppene på Stortinget. Det er ikkje registrert skrifteleg svar eller anna tilbakemelding frå mottakarane på den oversendte fråsegna.

<u>Spørsmål 2</u>
Straumutgiftene som fylkeskommunen har hatt i september – november i åra 2020 og 2021 er vist i tabellen under;

| | Kostnader hentet fra VISMA under Art 11800(Strøm). November fakturaene 2021 er ikke ferdig behandlet i VISMA. | | | |
|---|---|---|---|---|
| | 2020 | 2021 | Økning NOK | Økning % |
| September | kr 3 414 457,00 | kr 5 335 746,00 | -kr 1 921 289,00 | 56,3 |
| Oktober | kr 4 750 415,00 | kr 5 756 404,00 | -kr 1 005 989,00 | 21,2 |
| November | kr 5 370 187,00 | X | | |

Tabellen viser kostnader til leverandør av strøm til fylkeskommunale bygg (skular, tannklinikkar, o.a). I tillegg kjem mellom anna strøm til kollektiv og veg. Det er i tillegg også levert mykje energi til bygga som fjernvarme av ulik art.

VLFK har ein energiavtale som ikkje berre er basert på marknadspris/spotpris. Dette gjer at VLFK sin energipris i 2020 var noko over spotprisnivået og i 2021 noko under. Samla sett har denne avtalen vår lønssam for VLFK på dei to åra.

<u>Spørsmål 3</u>

Fylkesordføraren meiner det er avgjerande viktig for landet at det vert ført ein politikk som sikrar oss at me opprettheld suveren norsk kontroll over alle avgjerder som påverkar energitryggleiken i Noreg, og for den vidare utbygginga av norsk kraft og energimiks. Det offentlege eigarskapet må liggja fast, og vedtak om eventuelle nye mellomlandssamband til utlandet må framleis suverent fattast av norske styresmakter. Eg er glad for at regjeringa i Hurdalsplattforma seier at det ikkje skal byggjast nye mellomlandssamband til Noreg i den neste fireårsperioden.

Året 2021 har vore eit ekstraordinært år med tanke på høy kraftpris, og det er berre eitt år sidan me nesten fekk betalt for å bruka straumen. Dei tre siste månadene har prisen på Nord Pool lagt på kring 1 kr/kWh før avgifter og nettleige. Same periode i fjor var gjennomsnittsprisen på Nord Pool 9 øre/kWh. Låge fyllingsgrader i kraftmagasin, kombinert med europeiske forhold som påverkar norsk kraftpris gjennom tilknytinga til den europeiske kraftmarknaden, har gitt oss uhaldbare straumpriser i haust. Det vil vera fornuftig å sjå på handlingsrommet i konsesjonane for mellomlandssambanda, spesielt sjøkablane, for å undersøkja om når ein kan redusera eksporten for å ta i vare allmenne omsyn. I samband med dette kan det vera rom for landet til å evaluera tilknytinga til Acer gjennom EU sin tredje energimarknadspakke.

<u>Spørsmål 4</u>
Hittil i 2021 er det opplyst at straumeksporten er på 15,7 TWH, som er heilt på linje med dei siste fem åra. Dette gjer seg til kring 10% av den krafta som er produsert i landet. I følgje artikkel i E24, uttalar analyseselskapet Volue Insight at høge gassprisar, dyrt kol og dyre utsleppskvotar som viktige årsaker til høge kraftprisar i Europa. Dette smittar inn i Noreg gjennom utanlandskablane. For Noreg som gasseksportør, har det også verdi at Volue Insight understrekar at gassprisen er den einskildfaktoren som betyr absolutt mest for dei kraftprisane me ser no. Dei hevdar at dersom prisane på gass, kol og utsleppskvotar hadde vore som i fjor, så ville truleg straumprisane vore på nivå med 2018 og 2019.

For å sikre ein stabil og låg kraftpris må landet utforma fleire kraftfulle tiltak, slik som regjeringa har varsla. Dette inkluderer lågare avgift på elektrisk kraft, auka bustønad, geografisk prisutjamning av nettleige, styrka forbrukerrettar og auka produksjon av norsk kraft. Eg meiner at regjeringa også må sjå på korleis norsk krafteksport påverkar norsk forsyningstryggleik og norske straumprisar, og kva konkrete tiltak som kan bidra til å sikra at norsk fornybar kraft forblir eit konkurransefortrinn for norsk industri og er gunstig for andre forbrukarar. Men, dette er krevjande politikk på nasjonalt nivå. Me las i helga at olje- og energiminsteren understreka at kraftutvekslinga er eit samarbeid der ein heller ikkje må utløysa motreaksjonar.
Fylkesordførar peikar på at det bør sjåast på samspelet mellom krafteksporten og fyllingsgraden i kraftmagasina. I år der fyllingsgraden er lågare enn medianen, må det vera rom for å utfordra handlingsrommet til å vurdera tiltak for å sikra at Noreg har den energitryggleiken som trengst for å ha stabil og gunstig tilgang på straum gjennom hausten og vinteren. Igjen er rimeleg norsk fornybar straum eit konkurransefortrinn for eit sterkt næringsliv i landet. Vatnast dette ut, så veit me at kapital har ein tendens til å flytta seg der dei får mest att for pengane.
Avslutningsvis viser eg til støttepakken Regjeringa fremja laurdag, denne har vist ein god måte å møta ein heilt særskilt prissituasjon på, som eg opplever låg til grunn for interpellasjonen.

## SI 33/21 Interpellasjon frå Sæhle (Sv) - Tannhelsereform

## <u>Interpellasjon frå Marianne Sæhle (SV)</u>
**Tannhelsereform**
Nå får Norge et rødgrønt budsjett. Som vi vet så har SV inngått en avtale med AP og SP om et mer rettferdig og klimavennlig budsjett for neste år. En av de viktigste sakene SV har fått plass i budsjettet for 2022 er oppstarten på en tannhelsereform. En reform som skal sørge for at flere kan få behandling i offentlig regi og at tannhelse blir en del av folketrygden.

I budsjettforliket er det enighet om at flere unge skal få billigere tannlege, det vil bli mer støtte til barn og unge som trenger tannregulering og kapasiteten i den offentlige tannhelsetjenesten skal økes.I rene penger betyr dette 100 millioner til styrking av den offentlige tannhelsetjenesten via fylkene. 168 millioner for å kunne gi 50% rabatt til 21 og 22-åringene. 60 millioner til styrking av TOO. I tillegg blir det bevilget 50 mill til styrking
av refusjonsordningen for barn og unge som får kjeveortopedi.

Dette er mye penger, som SV mener i sin helhet bør gå til fylkeskommunen. SV's mål er en full gjennomgang av tannhelseloven, innføre nødvendige refusjonsordninger, regulere prisene og utvikle den offentlige tann- helsetjenesten slik at på sikt er det ingen som skal betale mer i

egenandel enn man gjør i resten av helse-vesenet. Ett av virkemidlene for å få til dette er å umiddelbart starte utbyggingen av den offentlige tann-helsetjenesten, og sikre økt kapasitet i de fylkeskommunale tjenestene.

Som fylkespolitiker er dette en gledelig utvidelse av arbeidsoppgaver vi allerede har. Men dette er en stor og ny endring, som vil kreve en del av fylkeskommunen.Målet med denne interpellasjonen er å forsikre meg om at fylkeskommunen er i stand til å ta imot en så stor økning. Min bekymring er at hvis ikke fylkeskommunen og det offentlige lykkes, vil mesteparten av pengene gå til det private, eller at det blir omorganisert slik at tannhelsen blir lagt inn under helseforetakene.

**Mine spørsmål til fylkesordføreren er derfor:**

1. På hvilken måte er fylkeskommunen forberedt på en tannhelsereform?
2. På hvilken måte kan vi sikre at disse pengene som nå kom i statsbudsjettet kommer pasientene til gode?
3. Hvilken type oversikt og statistikk har vi, som kan vise at en økning i bevilgningene til den offentlige tannhelsetjenesten fører til at flere blir behandlet?
4. Hvilke grupper vil man starte med?
5. Hva skal til for at fylkeskommunen skal klare å følge opp 21 og 22-åringene?
6. Hvordan sikrer vi nok spesialister for å ta unna TOO pasientene, nå som vi har fått midler til det?
7. Hva skal til for at den fylkeskommunale tannhelsetjenesten skal kunne ta en ytterligere vekst i bevilgninger til tannhelse i årene fremover?»

<u>Svar frå fylkesordføraren</u>

1) **På hvilken måte er fylkeskommunen forberedt på en tannhelsereform?**

Det finst for lite kunnskap om tannhelsetenesta i Noreg og om den orale helsa i befolkninga. For mange av tiltaka som blir sett i verk i tannhelsetenesta finst det lite systematisk dokumentasjon på effektane.
Manglande kunnskap om effekt av tiltak er ei utfordring når det skal takast gode avgjersler om prioritering.

Det vi ser i den offentlege tannhelsetenesta er at Tannhelsetenestelova frå 83/84 er utdatert og ikkje samsvarer med anna helselovverk. Kart og terreng stemmer ikkje, spesielt for gruppe B (psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon), gruppe C2 (eldre, langtidssjuke og uføre i heimesjukepleie) og for personar med ruslidingar.

For mange pasientar fell mellom stolane slik tannhelselovverket er utforma i dag, og det er krevjande både for tannhelsetenesta og samarbeidspartar å ha oversikt over kven som har rettar i den offentlege tannhelsetenesta. Det vil vere viktig å få eit oppdatert lovverk for å sikra at dei som skal vere prioritert faktisk får dei tenestene dei har rett på.

Vi ser soleis eit stort behov for ein reform som inkluderer både vurderingar knytt til fag, organisering og økonomi i tannhelsetenesta. Tannhelsemodellen i Noreg har vore tufta på «meir til dei som treng det mest». Det er då først naudsynt å få kunnskap om kven som treng det mest og korleis vi kan sikra at desse gruppene er i stand til å ta i mot tilbodet om tannbehandling. Vi ser til dømes i dag at det er vanskeleg for
personar i gruppe C2, langtidssjuke i heimesjukepleie, å gjere seg nytte av tilbodet og gratis tannhelsetenester. Dette viser att i både Vestland sin tannhelsestatistikk og nasjonal statistikk over tilsynsprosent i gruppa.

Ein reform skal vere ei forandring til det betre. Tannhelsetenesta er svært klar for ei forandring til det betre. Vi håpar då at det blir sett til *NOU 2018:16 Det viktigaste først - Prinsipp for prioriteringar i den kommunale helse- og omsorgstenesta og for offentlege finansierte tannhelsetenester.*

2) **På hvilken måte kan vi sikre at disse pengene som nå kom i statsbudsjettet kommer pasientene til gode?**

Det viktigaste for å kunne tilby innbyggarane gode tannhelsetenester er at det nok tannhelsepersonell i tenesta. Slik situasjonen er i dag så er det vanskeleg å rekruttere tannhelsepersonell til den offentlege
tannhelsetenesta, særskild til stillingar i distrikta og til mellombelse stillingar. Å ha nok midlar til å vedlikehalde den høge kompetansen som er i tenesta og til å rekruttere personell vil gje pasientane stabile tenester av

høg kvalitet.

3) **Hvilken type oversikt og statistikk har vi, som kan vise at en økning i bevilgningene til den offentlige tannhelsetjenesten fører til at flere blir behandlet?**

Tannhelsetenesta rapporterer årleg til SSB i KOSTRA. Der blir det mellom anna rapportert på omfanget av den offentlege tannhelsetenesta, med mellom anna sum personar under tilsyn, årsak til kvifor personar ikkje er under tilsyn, tannhelseresultat hos indikatorårskull (3-, 5-, 12-, 15- og 18-åringar), førebyggande behandling som fissurforsegling og fluorlakk, tannhelseresultat for gruppe B, C og fengselinnsette, tal tilvisingar frå helsestasjon, tal ledige stillingar, førebyggande tannhelsearbeid utanfor tannklinikk, den offentlege tannhelsetenesta sine meldingar til barnevernstenesta og føresette og tannbehandling med narkose. Dette er alle parameter der auka løyvingar kan gje positive utslag. Vi vil presisere at eit betre mål for om vi lukkast er at færre har behov for behandling og at førebyggande tiltak ofte tar lang tid før vi ser resultata av. Vi skal etter lov prioritere førebygging framfor behandling i tannhelsetenesta.

4) **Hvilke grupper vil man starte med?**

Å sikre at dei gruppene som i dag er prioriterte får eit lovverk som sikrar at dei får det tilbodet som er tenkt vil vere det viktigaste å starte med. Det blir stadig fleire eldre og eldre i dag har i all hovudsak eigne tenner. Fleire lever i dag med kronisk sjukdom. Å kunne få gitt personar innanfor psykiatri og rus tannbehandling også når dei er i ein meir stabil livsfase vil vere viktig.

5) **Hva skal til for at fylkeskommunen skal klare å følge opp 21 og 22-åringene?**

Det vil vere behov for auka bemanning. Lokala til den offentlege tannhelsetenesta og budsjettet til tannhelse må tilpassast til å kunne ha ei drift som også famnar om forventa utvidingar av dei prioriterte gruppene.

6) **Hvordan sikrer vi nok spesialister for å ta unna TOO pasientene, nå som vi har fått midler til det?**

Per i dag er TOO-ordninga er tilskotsordning frå Helsedirektoratet. Tilskotsregelverket set krav til at
Helsedirektoratet sin lønsmal skal følgjast. Det gjer at vi har lite å tilby i løn. Det at det er ei tilskotsordning og framleis eit prosjekt under utgreiing, fører også til lite stabilitet og slingringsmon. Ei framleis usikker framtid for tilbodet gjer at der er enda viktigare å kunne ha ulike verkemiddel for å sikre at tilsette blir verande i tilbodet eller ønsker å søkje seg til det.

Tannhelsetenesta i Vestland har allereie gjort mange av grepa som PwC kjem fram til i sin evalueringsrapport av TOO-tilbodet som Helsedirektoratet har presentert i haust. Helst hadde det vore ønskeleg med eit eige lokale for Senter for Odontofobi i Bergen som kunne husa både psykologane, tannhelsepersonell i tverrfagleg team og tannbehandlarteam, der det hadde vore mogleg å ha grupperom, kontor og behandlingsrom. Per i dag leiger vi lokale både privat, på TkVestland og på offentlege tannklinikkar.

7) **Hva skal til for at den fylkeskommunale tannhelsetjenesten skal kunne ta en ytterligere vekst i bevilgninger til tannhelse i årene fremover?»**

Det må vere godt nok bemanna og det må vere fysisk mogleg for tannklinikkane med tanke på lokale. Fleire tannklinikkar, inkludert TkVestland, har ikkje kapasitet reint fysisk til å kunne huse fleire tilsette
og pasientar enn kva dei allereie gjer i dag.

Den offentlege tannhelsetenesta har allereie mange grupper av pasientar som kan vere svært krevjande å behandle. Det er viktig å også kunne ta inn vaksne betalande pasientar for kvaliteten i tenesta, for rekruttering til tenesta og for dei tilsette å kunne stå i det tunge arbeidet. Det gjer ein variasjon som er gunstig på mange områder.

## SI 34/21 Interpellasjon frå Syversen (R) - Ingen menneske er ulovleg

## Interpellasjon frå Jeanette Onarheim Syversen (R)

**Ingen menneske er ulovlege.**

I nettavisa «frifagbevegelse» 07.12.21 kunne ein lese om 26 år gamle Amir, som har levd 10 år i Norge, han er ein av dei «ureturnerbare»: «Draumen er å kunne studere. Å kunne få ein jobb. Han har lært seg Norsk sjølv. Den einaste staden han finn ro, er i kyrkja.» Som ureturnerbar og papirlaus har du rett til å bu på asylmottak med minimumstilskot for å overleve. Men du har ingen lovfesta rett til verken norskundervisning, utdanning, arbeid eller helsehjelp utover øyeblikkeleg hjelp. Alle livets utgifter skal dekkast av. 2000 kr. i månaden. Mange har levd under slike

forutsetninger her i Norge mye lengre enn Amir. I fylgje UDI budde det pr. desember 2020 offisielt 729 ureturnerbare menneske utan opphaldsløyve i Norge. Desse synleg irregulære immigrantane blir og kalla
«papirlause».

FAFO-rapporten «Irregulær bistand: En kartlegging av norske storbyars møter med irregulære migrantar», avdekker utfordringane disse menneska leve med. Dessutan lir born av papirlause, ei skjebne staten ikkje i tilstrekkeleg grad har oversikt over eller tar høgde for. Mørketala er og uvisse, då mange ikkje er såkalla «synleg irregulære». Disse inkluderer offer for trafficking og/eller grov utnytting, ekstremt sårbare menneske som vegrar seg frå å ta kontakt med politiet for å få hjelp, i frykt for statlege represaliar. Norge har som dei fleste andre europeiske land ratifisert flyktningkonvensjonen, men etter flyktningstraumen i 2009 og 2015 har
fortolkinga av konvensjonen blitt stadig strengare. Dagens europeiske praksis av asylretten og FNs konvensjonar har groteske følgjer og det angår oss: Den daude kroppen til 1 år gamle Artin Irannezhad, som drukna med familien i forsøk på å komme seg over den engelske kanal i 2020, skylte i hamn ved Karmøy i Norge.

I anstendigheita sitt namn må vi sikre verdige liv til dei som framleis går blant oss i levande kroppar og bankande hjarter! Ureturnerbare, levande kroppar må få lov til å leve fullverdige liv i fridom. Fleire studiar viser at det å bo på mottak etter avslag og utan moglegheit til retur kan vere ei stor psykisk belastning for born og vaksne. Raudt meiner at situasjonen for papirlause flyktningar er uhaldbar og at dei må få varig amnesti, rett til å arbeide og studere. Dette arbeidar vi og fleire organisasjonar for nasjonalt også. Ingen menneske er ulovleg, eller verdilaus, sjølv om ein er papirlaus.

Fylkeskommunen står i ei nøkkelposisjon, overfor dei menneska som bur i vårt fylke. Den lille men viktige ideelle organisasjonen «Menneske i Limbo» som arbeider spesifikt inn mot gruppa lengeverande papirlause trur at det er snakk om rundt 80 personar lokalisert ved Solbakken mottak i Florø og fleire på Stord, Voss og i Bergen.
Raudt stilte spørsmål om dette i Hovudutval for kultur idrett og integrering i november og vi er samde med fylkesdirektøren si konklusjon: «som tenesteleverandør innan kultur,opplæring, tannhelse og samferdsel finns eit potensiale til å kunne legge til rette for tenester for denne gruppa. Spørsmålet om slik tilrettelegging og stimulans er ei politisk utfordring, som mellom anna må sjåast i samanheng med nasjonal lovgjeving.»

**Raudt spør difor fylkesordførar om følgjande:**

- Er fylkesordførar er samd med at fylkeskommunen sine tenester bør være til gagn og ikkje til hinder for papirlause i fylket vårt?
- Er fylkesordføraren samd i at det kan vere eit viktig bidrag til å løfte disse menneska sin fortvila livssituasjon, at fylkeskommunen får ein oversikt over situasjonen for gruppa ureturnerbare papirlause og born av papirlause i fylket vårt?

**Forslag til vedtak:**

1. Fylkestinget i Vestland anerkjenner at gruppa synlege irregulære immigrantar har sosiale og helsemessige utfordringar.
2. Fylkestinget i Vestland ber om en sak som viser oversikt over tal synlege irregulære immigrantar i Vestland og kva handlingsrom fylket har til å betre deira situasjon.
3. Fylkestinget i Vestland ber om at organisasjonar som kirkens bymisjon og menneske i limbo kontaktast og inviterast som innspels-partner til løysningar for denne gruppa.
4. Saka blir lagt fram for fagutvala og fylkestinget innan sommaren 2022.

**Svar frå fylkesordføraren**

Fylkesordførar er oppteken av at dei tenestene som fylkeskommunen leverer skal vere til gagn for alle som bur i fylket vårt.

Fylkesordførar er kjent med at situasjonen for papirlause og såkalla ureturnerbare menneskje er krevjande og vanskeleg. Dei lever i ein uavklart situasjon, eit limbo. Mangel på opphaldstillatelse gjer at desse manglar rettigheiter og fell utanfor velferdssamfunnet sine tilbod og høvet til å medverka i samfunnet. Det er åpenbart at det er fortvilande for menneske, og særleg barn, å leve i ein slik situasjon.

Menneske i denne livssituasjonen får uvurderlig støtte og hjelp gjennom frivillig verksemd. Fylkeskommunen gir støtte til dette frivillige arbeidet.

Spørsmålet om i kva grad, og på kva måte, fylkeskommunen kan gje direkte tilbod til denne gruppa treng nærare avklåring. Fylkeskommunen er bunden av nasjonal lovgjeving på området.

Fylkesordførar er samd i at fylkeskommunen, i samarbeid med UDI region vest, kommunar, mottak og frivillige kan søkje å få ein nærare oversikt over talet på og situasjonen for papirlause ureturnerbare i fylket. På denne bakgrunnen kan fylkeskommunen utgreie vidare kva handlingsrom og moglegheiter fylkeskommunen har på dette feltet. Deretter bør fylkestinget ta stilling til eventuell vidare oppfølging. Eg vil uansett foreslå at organisasjonen Mennesker i limbo vert invitert til politikardagen vår allereie i februar 2022, for å presentere kunnskap om dei menneska dette gjeld.

# Politiske saker

## PS 109/21 Budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 - arbeidsdokument 5/21

Forslag til vedtak

1. Dokumentet «Budsjett 2022 / økonomiplan 2022-25» utgjer det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2022-25.

2. Driftsbudsjettet for 2022 vert vedteke med slike rammer:

| | 1 000 kr |
|---|---|
| Rammetilskot | 6 274 479 |
| Inntekts- og formuesskatt | 4 580 289 |
| Andre generelle driftsinntekter | 334 099 |
| **Sum generelle driftsinntekter** | **11 188 867** |
| | |
| **Sum løyvingar drift, netto** | **9 325 300** |
| Brutto driftsresultat | 1 863 567 |
| | |
| Renteinntekter | 55 800 |
| Utbytte | 7 000 |
| Gevinst og tap finansielle omløpsmidlar | |
| Renteutgifter | 265 100 |
| Avdrag på lån | 800 000 |
| **Netto finansinnt./utg.** | **-1 002 300** |
| | |
| **Netto driftsresultat** | **861 267** |
| | |
| Disponering / dekking av netto driftsresultat: | |
| Overføring til investering | 615 000 |
| Nto avsetjing / bruk av bundne driftsfond | |
| Nto avsetjing / bruk av disposisjonsfond | 246 267 |
| Dekking av tidlegare års meirforbruk | |
| **Sum disponering/ dekking nto driftsres** | **861 267** |

| **Netto driftsbudsjett pr sektor** | 1 000 kr |
|---|---|
| Politisk styring | 52 820 |
| Kontrollutval | 10 580 |
| **Politisk styring, kontrollutval** | **63 400** |
| Eigedom - drift og vedlikehald | 550 140 |
| Administrasjon av organisasjon og økonomi | 179 760 |
| **Org. og økonomi** | **729 900** |
| Plan, analyse, klima og folkehelse | 45 553 |
| IKT og digitalisering | 145 307 |
| Administrasjon av strategi og digitalisering | 6 540 |
| **Strategisk utvikling og digitalisering** | **197 400** |
| Pasientbehandling | 267 920 |

| | |
|---|---|
| Administrasjon | 13 680 |
| **Tannhelse** | **281 600** |
| Arkiv | 9 563 |
| Bibliotek | 12 152 |
| Kulturformidling | 21 362 |
| Kulturarv | 108 014 |
| Idrett og friluftsliv | 34 852 |
| Inkludering, strategi, analyse | 20 381 |
| Kunst og kulturutvikling | 109 748 |
| Administrasjon av kultur og idrett | 7 728 |
| **Kultur, idrett og inkludering** | **323 800** |
| Veg-, drift og vedlikehald | 1 212 290 |
| FTU - midlar | 17 150 |
| Administrasjon av infrastruktur og veg | 30 615 |
| Andre tiltak - infrastruktur og veg | 1 045 |
| **Infrastruktur og veg** | **1 261 100** |
| Buss | 1 082 556 |
| Bane | 64 722 |
| Ferje | 938 024 |
| Båt | 280 025 |
| Fellestenester | 213 786 |
| Administrasjon av mobilitet og kollektiv | 110 987 |
| **Mobilitet og kollektiv** | **2 690 100** |
| Administrasjon av innovasjon og næringsutvikling | 11 202 |
| Verdiskaping i byar/regionar | 16 770 |
| Naturressursar, landbruk og reiseliv | 33 006 |
| Forsking, kompetanse og internasjonalisering | 36 805 |
| Grøn vekst, klima og energi | 15 735 |
| Utviklingsmidlar | 37 282 |
| **Innovasjon og næringsutvikling** | **150 800** |
| Vidareg. oppl. i skule inkl særskilt tilrettelagt oppl | 2 834 827 |
| Vidaregåande opplæring for vaksne | 68 595 |
| Fagskule | 20 979 |
| Andre føremål opplæring | 64 803 |
| Opplæring i bedrift | 597 387 |
| Administrasjon av opplæring & kompetanse | 30 809 |
| **Opplæring og kompetanse** | **3 617 400** |
| | |
| **Sum sektor** | **9 315 500** |
| Lønsavsetjing, premieavvik | 9 800 |
| **SUM Netto Drift** | **9 325 300** |

3. Investeringsbudsjettet for 2022 vert vedteke med slike rammer:

| | 1 000 kr |
|---|---|
| Investeringar i varige driftsmidlar | 5 618 100 |
| **SUM INVESTERINGSUTGIFTER** | **5 618 100** |
| Kompensasjon mva | 826 122 |

| | |
|---|---|
| Tilskot frå andre<br>Sal av varige driftsmiddel<br>Bruk av lån | 1 735 348<br>15 700<br>2 390 380 |
| **SUM INVESTERINGSINNTEKTER** | **4 967 550** |
| Overføring frå drift<br>Netto avsetjing til eller bruk av bundne inv fond<br>Netto avsetjing til eller bruk av ubundne inv ford<br>Dekning av tidlegare års udekka beløp | 615 000<br>35 550 |
| **SUM Overføring frå drift og netto avsetjing** | **650 550** |
| **Framført til inndekking seinare år** | **-** |

**Investeringar pr sektor**

| | 1 000 kr |
|---|---|
| Fellesfunksjonar | 528 700 |
| Opplæring | 1 004 100 |
| Tannhelse | 31 600 |
| Regional utvikling | 10 600 |
| Kultur | 23 700 |
| Fylkesveg | 2 771 100 |
| Kollektiv | 1 248 300 |
| **Sum investeringar varige driftsmiddel** | **5 618 100** |

4. Fylkestinget godkjenner nye låneopptak på 2 390,38 mill. kr.

5. Fylkestinget vedtek framlagt budsjettreglement.

6. Fylkestinget godkjenner økonomiplanen sine rammer for 2023-25. Rammene vert lagt til grunn ved utarbeiding av økonomiplan for perioden 2023-2026.

**Saksprotokoll i Finansutvalet - 24.11.2021**
**Sigrid Brattabø Handegard (SP)** sette på vegner av SP, A, MDG, SV, V, KRF fram slikt forslag:

«Alternativ

Driftsbudsjett 2022

1. Punkt 1-2 som innstillinga til fylkesdirektøren med følgjande tillegg:

| **SAMMO** | årleg | eingong | reduksjon |
|---|---|---|---|
| | | | |
| Felles sonestruktur | 10 | | |
| Overgangsmidlar TT | | 5 | |
| Auka kostnad hurtigbåt | 12 | | |
| Ladeinfrastruktur | | 2 | |
| Fleksible kollektivtilbod i distrikta | 1 | | |
| Bru/kai | | 3 | |
| Veg, utstyr,miljø mm | | 10 | |
| Veg,punktutbetringar,hjartesoner, trygg skuleveg | 52,9 | 6 | |
| Dekkelegging | | 40 | |
| | | | |
| | | | |
| **Næring** | | | |
| | | | |
| Havbyen Bergen | | 1 | |
| Regionråda | 2 | | |
| Næringsfond for utsette kommunar | 4 | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fair play bygg | | 3 | |
| Tilskot breibandsutbygging | | 8 | |
| Marine grunnkart | | 4 | |
| Marin satsing | 2 | | |
| Lærdal villakssenter | 0,5 | | |
| | | | |
| | | | |
| **Kultur** | | | |
| | | | |
| Tilskot skisenter | 0,5 | | |
| KODE | 1 | | |
| Idrettsklynge Vest | 0,4 | | |
| Frivilleg kulturminnevern | 0,3 | | |
| Det vestnorske teater | 1,5 | | |
| E-sport | 0,5 | | |
| Konsumprisjustering tilskot | 1 | | |
| Tilskot Bakom | 0,5 | | |
| Regionalparkane | 0,7 | | |
| Regionale kulturbygg | | 14 | |
| Frivillegheitas år | | 0,5 | |
| Fjordstream | | 1,2 | |
| Klimafestivalen 2022 | | 0,5 | |
| Kvarteret | | 0,15 | |
| Odda Litteraturhus | | 0,2 | |
| Fri | | 0,05 | |
| Bergen Finge Festival | | | 0,1 |
| Trykkeriet | | | 0,12 |
| Lydgalleriet | | | 0,1 |
| Stiftinga hardanger og Voss museum | | | 0,4 |
| | | | |
| **Opplæring** | årleg | eingong | |
| | | | |
| Tilskot toppidrett | 0,6 | | |
| Redusert nedtrekk- adm innsparing | | 2 | |
| Omstillingstiltak pedagigisk personale | | 1 | |
| Skulefrukost | 10 | | |
| Meningokokkvaksine | 2,1 | | |
| Rredusert nedtrekk ramme vgs | 4,3 | | |
| Fagskulen | 2 | | |
| Tilskot Manger folkehøgskule, avtale | | 0,1 | |
| Bind, tampongar | 1 | | |
| Betra psykisk helse | | 5 | |
| Elev-lærlingombod | 1 | | |
| Læremiddel/utstyr | | 5 | |
| | | | |
| Folkehelseundersøkjinga | | 1,5 | |

Prioriteringane vert finansiert med redusert overføring til disposisjonsfondet med **kr 224,6 mill**

Punkt 3-6 som innstillinga

Nytt punkt 7

Investeringsprogram fylkesveg 2022-2025
Fylkestinget syner til tidlegare signal i budsjettprosessen. Fylkestinget legg til grunn at alle store veg og rassikringsprosjekt som ikkje har godkjent reguleringsplan og oppstartsvedtak vert teken ut av investeringsbudsjett 2022-2025 i denne handsaminga. Endeleg prioritering

av prosjekt vil skje i samband med handsaming av handlingsprogrammet i Regional transportplan 2022-2025.

**Merknader budsjett frå Sp, Ap, Krf, V, Sv, Mdg - verbalpunkt**

1. Fylkeskommunen skal vera ein god samarbeidspart og utviklingsaktør. Det betyr bl.a at ein del tenester skal vera desentrale. Ein skal vurdera om det er ytterlegare rom for å flytta fleire oppgåver og stillingar ut, dette for å vera tett på området ein skal tena.

2. Gode regionale kulturbygg medverkar til regional og kulturell utvikling og har potensiale til å skape ringverknadar i næringslivet. Fylkestinget meiner det er viktig å bygge ein sterk kulturell infrastruktur i Vestland fylke. I tråd med prioriteringane gjort i Utval for kultur, idrett og integrering, «PS 116/21 Kulturarenaer med regionale funksjonar» vedtar Fylkestinget å tildele 10 mill. til finansiering av Holvikejekta verne- og formidlingsbygg, og resterande 4 mill. til medfinansiering av Lindehuset.

   Fylkestinget anerkjenner at det framleis er mange søknadar som ikkje har fått midlar og vil komma attende til dette ved handsaminga av rekneskapen 2021.

   Fylkestinget er bekymra over den skeivdeling av statlege tilskot som finn stad særleg innan museumssektoren, men og overfor andre kulturverksemder. Fylkestinget ber om at tematikken vert fylgd aktivt opp med sikte på å oppnå ein meir rettferdig fordeling. Samtidig meinar fylkestinget at den statlege ordninga «Tilskudd til nasjonale kulturbygg» tvingar fylkeskommunen til å prioritere prosjekt Stortinget vel. Fylkestinget ber fylkesdirektøren legge fram sak til Hovudutval for kultur, idrett og integrering og Fylkesutvalet om uttale til Kulturdepartementet om utfordringa.

   Eit godt døme på korleis det verkar er Gulatinget. Både fylke og kommune har prioritert tiltaket i investeringsbudsjettet, men det blir stadig utsett fordi staten løyver til andre prosjekt og fylket må følgje på med midlar for å løyse ut dei. Vi vil arbeide for at Gulatinget finn si løysing saman med markeringa av Landslova.
3. Fylkestinget meiner at KODE Kunstmuseer og komponisthjem, som Noregs nest største kunstmuseum, er av stor viktigheit for Vestland og Noreg. Vestland fylkesting erkjenner at KODE Kunstmuseer og komponisthjem er underfinansiert frå fylkeskommunen og staten. Fylkestinget ønskjer å styrke drifta til KODE og vil gjere dette i eit felles lyft med staten. Aukar staten sine driftstilskot til KODE med minst 40 millionar kroner, forpliktar Vestland fylkeskommune seg til å auke driftstilskotet ytterlegare med 4 millionar kroner.

4. Fylkestinget vil stø opp om den gode utviklinga innan yrkesfag og tal lærlingar. Fylkestinget styrker arbeidet gjennom budsjettet og vil spesielt peike på potensial for betre samhandling og fleire lærlingar innan andre offentlege aktørar som kommunen, sjukehus, universitet og høgskular etc. Fylkestinget ber om særleg merksemd på korleis ein skal få betre samhandling kring elevar/læringar som har nedsette funksjonsevner for å styrke deira sjansar til å kome inn i arbeidsmarknaden

5. TT-ordninga er svært viktig for mange med funksjonshemmingar som ikkje har høve til å nytta kollektiv transport til arbeid. Både for brukarane og familiane deira er dette eit avgjerande tilbod i kvardagen, og dei må ikkje bli kasteball mellom kommunar og fylke i samband med overføring mellom to politiske nivå. Arbeidskøyring er ei kommunal oppgåve som av historiske årsaker har vore dekka av fylket for nokre kommunar. Fylket må likebehandle kommunane, så denne ordninga kan ikkje halde fram. Det vert derfor gjort avtalar med dei aktuelle kommunane om at dei tar over ansvaret. Fylkestinget set av midlar til ei overgangsordning for 2022 på inntil 50 prosent av kostnaden, men føreset at kommunane tek heile kostnaden frå 2023.

6. Vestland er det fylket i landet med flest rasfarlege vegar og det er derfor positivt at nasjonale myndigheiter ynskjer å lage en nasjonal gjennomføringsplan for ras- og skredsikring av alle riksveier og fylkesveier med høg og middels skredfaktor. Det er viktig at Vestland fylke har byggeklare rassikringsprosjekt og mellom dei høgt prioriterte prosjekta i dei tidlegare fylka er det spesielt to prosjekter kor ein ikkje er i gang med detaljreguleringsarbeid. Fylkesdirektøren bes derfor å sikre framdrift i planprosessane på skredsikringsprosjekta FV49 Tokagjelet og FV49 Nordrepollen- Austrepollen.

7. «Den nye normalen» i samfunnet utfordrar kollektivsektoren og det er viktig at Vestland fylke arbeider aktivt med å både få tilbake tidlegare kollektivkundar og tiltrekkje seg nye passasjergrupper. Fylkesdirektøren bes om å initiere ulike tiltak som kan bidra til å auke passasjertala, mellom anna tilby kollektivprodukt tilpassa auka bruk av heimekontor, sjå på kva måte ein kan innlemme både bysyklar og anna mikromobilitet i våre reiseprodukt og i vår reiseapp.

   I statsbudsjettet er det ikkje lagt opp til vidare kompensasjon for tapte billettinntekter innan kollektivtrafikken i 2022, noko som kan føre til kutt i rutetilbodet til innbyggjarane som følgje av at passasjergrunnlaget framleis ikkje er tilbake til normaltilstanden før pandemien. Staten, fylkeskommunane og kommunane som er avtalepartnarar i byvekstavtalene har eit felles ansvar for å motverke overgang frå kollektiv til privatbil som reiskap for arbeidsreiser etter koronapandemien. Om dette ikkje vert retta opp i statsbudsjettet for 2022 må det arbeidast for at ein kjem attende til dette i revidert nasjonalbudsjett for 2022.

8. Innsparing på 50 mill. som følge av omsetningspåbod for biodrivstoff skal (jfr. vedtak i fylkesutvalet) i hovudsak nyttast til tiltak som gir kutt i klimagassutsleppa, som til dømes elektrifisering. Fylkestinget nyttar 12 mill. av denne innsparinga til framtidas hurtigbåt, 10 mill. til innføring av takst/sonestruktur i tidlegare Sogn og Fjordane, samt 2 mill. til ladeinfrastruktur for el-bilar. Resten vert sett på disposisjonsfond. Fylkestinget ber administrasjonen komme tilbake til Utval for samferdsle og mobilitet og Fylkesutvalet med sak om mogelegheit for omlegging av pågåande busskontraktar til nullutslepp, som til dømes Bergen Vest og Bergen Sør. I den samanheng vil fylkestinget presiserer behovet for å ha tilstrekkeleg kontrakts- og kompetansekapasitet for å kunne sikre tilstrekkeleg framdrift.

9. Fylkestinget har merka seg ungdomsutvalet sitt innspel, og sett av 1 mill. til innføring av gratis og tilgjengelege sanitærprodukt for jenter på dei vidaregåande skulane. Vi ber administrasjonen om å få framlag ei sak, der mellom anna Rogaland Fylkeskommune si ordning blir vurdert.

10. Fylkestinget vil ha større fokus på auka satsing på fleksible skyssordningar, både i utvikling av nye produkt og ved å vidareutvikle eksisterande tilbod. Særleg viktig vil det vere å styrke tiltak som motverkar avstandsulempene ungdom i distrikta har for å delta på fritidsaktivitetar mm utanom skuletid. Fylkestinget ber fylkesdirektøren legge fram ei sak for Hovudutval for Samferdsle og kommunikasjon om korleis ein best kan utvikle ordninga.

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ

| Driftsbudsjett | Økte kostnader | Reduserte kostnader/økte inntekter |
|---|---|---|
| **Driftsbudsjett 2020 - talldel** | | |
| **Opplæring og kompetanse** | | |
| Innsparing administrasjonen | | 5 000 000 |
| Øke rammen til skole | 10 000 000 | |
| Idrettsklynge vest | 900 000 | |
| Miljøkoordinatorer | 20 000 000 | |
| PitStop | 1 000 000 | |
| Sommerskole/leksehjelp | 1 000 000 | |
| TAF/YSK | 1 000 000 | |
| Toppidrett | 600 000 | |
| Fagbrev på jobb | 10 000 000 | |
| Fagskulen | 1 000 000 | |
| Økt antall læreplasser | 5 000 000 | |
| Prøveprosjekt med livsmestringskurs | 2 000 000 | |
| **Sum opplæring** | **52 500 000** | **5 000 000** |
| **Samferdsel** | | |
| Økte reklameinntekter | | 15 000 000 |
| Veivedlikehold | 130 000 000 | |
| Ny fellessone struktur | 11 500 000 | |
| Økte kostnader hurtigbåt | 12 000 000 | |
| Innovative mobilitetsløsninger for å få flere reisende | 10 000 000 | |
| Tilskudd til ladestasjoner langs fylkesvei | 5 000 000 | |
| Nordhordlandsbåten | 5 000 000 | |
| **Sum samferdsel** | **173 500 000** | **15 000 000** |
| **Kultur, idrett og inkludering** | | |
| Slå sammen KUP-midler og tilskudd profesjonell kultur | | 1 600 000 |
| Regionale ungdomsparti | 400 000 | |
| Fyllingsdalen teater | 200 000 | |
| Det vestnorske teater | 1 500 000 | |
| Bibliotek (digital satsing) | 200 000 | |
| Springbrett for ungdom | 150 000 | |
| Holvikejekta | 10000000 | |
| **Sum kultur** | **12 450 000** | **1 600 000** |
| **Innovasjon og næringsutvikling** | | |
| Folkehelseundersøkelse 2022 | 1 500 000 | |
| Havbyen Bergen | 1 000 000 | |
| Utviklingsmidler | 500 000 | |
| Marin satsing | 10 000 000 | |
| Bredbåndsutbygging i distriktene | 4 000 000 | |
| **Sum næring** | **17 000 000** | **0** |
| **Organisasasjon og økonomi** | | |
| Felles administrativt nedtrekk på digitale utvalgsmøter | | 1 000 000 |
| Ytterligere effektivisering av fysiske møter | | 1 000 000 |
| Planmidler til helse- og klimaarbeid | | 1 000 000 |
| Redusert brukt av konsulenttjenester | | 4 000 000 |
| Effektivisering av renholdstjenester | | 5 000 000 |
| **Sum organisasjon og økonomi** | **0** | **12 000 000** |
| **Forslag til redusert avsetning til disposisjonsfond** | | ***221 850 000*** |
| **TOTALT** | **255 450 000** | **255 450 000** |

**Terje Søviknes (FRP)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ

Finansutvalet tek Arbeidsdokument 5 og framlegg til Budsjett 2022 / Økonomiplan 2022-25 til vitande.»

**Terje Søviknes (FRP)** sette fram slik protokollmerknad:

«Protokollmerknad frå Fremskrittspartiet

Fremskrittspartiet sine representantar tek Arbeidsdokument 5 og framlegg til Budsjett 2022 / Økonomiplan 2022-25 til vitande i dette møtet, og vil leggja fram Fremskrittspartiet sitt framlegg til alternativt budsjett i fylkesutvalets møte 30.11.21.»

**Avrøysting**
Søviknes sitt forslag fekk 4 røyster (FNB, FRP, UA) og fall.
Ekeland Bjørkly sitt forslag fekk 3 røyster (H) og fall.
Handegard sitt forslag unnateke punkt 7 vart vedteke mot 7 røyster (FNB, FRP, H, UA).
Handegard sitt forslag punkt 7 vart samrøystes vedteke.

**Forslag til budsjett frå finansutvalet til fylkesutvalet**

Driftsbudsjett 2022

1. Punkt 1-2 som innstillinga til fylkesdirektøren med følgjande tillegg:

| **SAMMO** | årleg | eingong | reduksjon |
|---|---|---|---|
| | | | |
| Felles sonestruktur | 10 | | |
| Overgangsmidlar TT | | 5 | |
| Auka kostnad hurtigbåt | 12 | | |
| Ladeinfrastruktur | | 2 | |
| Fleksible kollektivtilbod i distrikta | 1 | | |
| Bru/kai | | 3 | |
| Veg, utstyr,miljø mm | | 10 | |
| Veg,punktutbetringar,hjartesoner, trygg skuleveg | 52,9 | 6 | |
| Dekkelegging | | 40 | |
| | | | |
| | | | |
| **Næring** | | | |
| | | | |
| Havbyen Bergen | | 1 | |
| Regionråda | 2 | | |
| Næringsfond for utsette kommunar | 4 | | |
| Fair play bygg | | 3 | |
| Tilskot breibandsutbygging | | 8 | |
| Marine grunnkart | | 4 | |
| Marin satsing | 2 | | |
| Lærdal villakssenter | 0,5 | | |
| | | | |
| | | | |
| **Kultur** | | | |
| | | | |
| Tilskot skisenter | 0,5 | | |
| KODE | 1 | | |
| Idrettsklynge Vest | 0,4 | | |
| Frivilleg kulturminnevern | 0,3 | | |
| Det vestnorske teater | 1,5 | | |
| E-sport | 0,5 | | |
| Konsumprisjustering tilskot | 1 | | |
| Tilskot Bakom | 0,5 | | |
| Regionalparkane | 0,7 | | |
| Regionale kulturbygg | | 14 | |
| Frivillegheitas år | | 0,5 | |
| Fjordstream | | 1,2 | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Klimafestivalen 2022 | | 0,5 | |
| Kvarteret | | 0,15 | |
| Odda Litteraturhus | | 0,2 | |
| Fri | | 0,05 | |
| Bergen Finge Festival | | | 0,1 |
| Trykkeriet | | | 0,12 |
| Lydgalleriet | | | 0,1 |
| Stiftinga hardanger og Voss museum | | | 0,4 |
| | | | |
| **Opplæring** | årleg | eingong | |
| | | | |
| Tilskot toppidrett | 0,6 | | |
| Redusert nedtrekk- adm innsparing | | 2 | |
| Omstillingstiltak pedagigisk personale | | 1 | |
| Skulefrukost | 10 | | |
| Meningokokkvaksine | 2,1 | | |
| Rredusert nedtrekk ramme vgs | 4,3 | | |
| Fagskulen | 2 | | |
| Tilskot Manger folkehøgskule, avtale | | 0,1 | |
| Bind, tampongar | 1 | | |
| Betra psykisk helse | | 5 | |
| Elev-lærlingombod | 1 | | |
| Læremiddel/utstyr | | 5 | |
| | | | |
| Folkehelseundersøkjinga | | 1,5 | |

Prioriteringane vert finansiert med redusert overføring til disposisjonsfondet med **kr 224,6 mill**

Punkt 3-6 som innstillinga

Nytt punkt 7
Investeringsprogram fylkesveg 2022-2025
Fylkestinget syner til tidlegare signal i budsjettprosessen. Fylkestinget legg til grunn at alle store veg og rassikringsprosjekt som ikkje har godkjent reguleringsplan og oppstartsvedtak vert teken ut av investeringsbudsjett 2022-2025 i denne handsaminga. Endeleg prioritering av prosjekt vil skje i samband med handsaming av handlingsprogrammet i Regional transportplan 2022-2025.

**Merknader budsjett frå Sp, Ap, Krf, V, Sv, Mdg - verbalpunkt**

1. Fylkeskommunen skal vera ein god samarbeidspart og utviklingsaktør. Det betyr bl.a at ein del tenester skal vera desentrale. Ein skal vurdera om det er ytterlegare rom for å flytta fleire oppgåver og stillingar ut, dette for å vera tett på området ein skal tena.

2. Gode regionale kulturbygg medverkar til regional og kulturell utvikling og har potensiale til å skape ringverknadar i næringslivet. Fylkestinget meiner det er viktig å bygge ein sterk kulturell infrastruktur i Vestland fylke. I tråd med prioriteringane gjort i Utval for kultur, idrett og integrering, «PS 116/21 Kulturarenaer med regionale funksjonar» vedtar Fylkestinget å tildele 10 mill. til finansiering av Holvikejekta verne- og formidlingsbygg, og resterande 4 mill. til medfinansiering av Lindehuset.

Fylkestinget anerkjenner at det framleis er mange søknadar som ikkje har fått midlar og vil komma attende til dette ved handsaminga av rekneskapen 2021.

Fylkestinget er bekymra over den skeivdeling av statlege tilskot som finn stad særleg innan museumssektoren, men og overfor andre kulturverksemder. Fylkestinget ber om at tematikken vert fylgd aktivt opp med sikte på å oppnå ein meir rettferdig fordeling.
Samtidig meinar fylkestinget at den statlege ordninga «Tilskudd til nasjonale kulturbygg» tvingar fylkeskommunen til å prioritere prosjekt Stortinget vel. Fylkestinget ber fylkesdirektøren legge fram

sak til Hovudutval for kultur, idrett og integrering og Fylkesutvalet om uttale til Kulturdepartementet om utfordringa.

Eit godt døme på korleis det verkar er Gulatinget. Både fylke og kommune har prioritert tiltaket i investeringsbudsjettet, men det blir stadig utsett fordi staten løyver til andre prosjekt og fylket må følgje på med midlar for å løyse ut dei. Vi vil arbeide for at Gulatinget finn si løysing saman med markeringa av Landslova.

3. Fylkestinget meiner at KODE Kunstmuseer og komponisthjem, som Noregs nest største kunstmuseum, er av stor viktigheit for Vestland og Noreg. Vestland fylkesting erkjenner at KODE Kunstmuseer og komponisthjem er underfinansiert frå fylkeskommunen og staten. Fylkestinget ønskjer å styrke drifta til KODE og vil gjere dette i eit felles lyft med staten. Aukar staten sine driftstilskot til KODE med minst 40 millionar kroner, forpliktar Vestland fylkeskommune seg til å auke driftstilskotet ytterlegare med 4 millionar kroner.

4. Fylkestinget vil stø opp om den gode utviklinga innan yrkesfag og tal lærlingar. Fylkestinget styrker arbeidet gjennom budsjettet og vil spesielt peike på potensial for betre samhandling og fleire lærlingar innan andre offentlege aktørar som kommunen, sjukehus, universitet og høgskular etc. Fylkestinget ber om særleg merksemd på korleis ein skal få betre samhandling kring elevar/læringar som har nedsette funksjonsevner for å styrke deira sjansar til å kome inn i arbeidsmarknaden

5. TT-ordninga er svært viktig for mange med funksjonshemmingar som ikkje har høve til å nytta kollektiv transport til arbeid. Både for brukarane og familiane deira er dette eit avgjerande tilbod i kvardagen, og dei må ikkje bli kasteball mellom kommunar og fylke i samband med overføring mellom to politiske nivå. Arbeidskøyring er ei kommunal oppgåve som av historiske årsaker har vore dekka av fylket for nokre kommunar. Fylket må likebehandle kommunane, så denne ordninga kan ikkje halde fram. Det vert derfor gjort avtalar med dei aktuelle kommunane om at dei tar over ansvaret. Fylkestinget set av midlar til ei overgangsordning for 2022 på inntil 50 prosent av kostnaden, men føreset at kommunane tek heile kostnaden frå 2023.

6. Vestland er det fylket i landet med flest rasfarlege vegar og det er derfor positivt at nasjonale myndigheiter ynskjer å lage en nasjonal gjennomføringsplan for ras- og skredsikring av alle riksveier og fylkesveier med høg og middels skredfaktor. Det er viktig at Vestland fylke har byggeklare rassikringsprosjekt og mellom dei høgt prioriterte prosjekta i dei tidlegare fylka er det spesielt to prosjekter kor ein ikkje er i gang med detaljreguleringsarbeid. Fylkesdirektøren bes derfor å sikre framdrift i planprosessane på skredsikringsprosjekta FV49 Tokagjelet og FV49 Nordrepollen- Austrepollen.

7. «Den nye normalen» i samfunnet utfordrar kollektivsektoren og det er viktig at Vestland fylke arbeider aktivt med å både få tilbake tidlegare kollektivkundar og tiltrekkje seg nye passasjergrupper. Fylkesdirektøren bes om å initiere ulike tiltak som kan bidra til å auke passasjertala, mellom anna tilby kollektivprodukt tilpassa auka bruk av heimekontor, sjå på kva måte ein kan innlemme både bysyklar og anna mikromobilitet i våre reiseprodukt og i vår reiseapp.

I statsbudsjettet er det ikkje lagt opp til vidare kompensasjon for tapte billettinntekter innan kollektivtrafikken i 2022, noko som kan føre til kutt i rutetilbodet til innbyggjarane som følgje av at passasjergrunnlaget framleis ikkje er tilbake til normaltilstanden før pandemien. Staten, fylkeskommunane og kommunane som er avtalepartnarar i byvekstavtalene har eit felles ansvar for å motverke overgang frå kollektiv til privatbil som reiskap for arbeidsreiser etter koronapandemien. Om dette ikkje vert retta opp i statsbudsjettet for 2022 må det arbeidast for at ein kjem attende til dette i revidert nasjonalbudsjett for 2022.

8. Innsparing på 50 mill. som følge av omsetningspåbod for biodrivstoff skal (jfr. vedtak i fylkesutvalet) i hovudsak nyttast til tiltak som gir kutt i klimagassutsleppa, som til dømes elektrifisering. Fylkestinget nyttar 12 mill. av denne innsparinga til framtidas hurtigbåt, 10 mill. til innføring av takst/sonestruktur i tidlegare Sogn og Fjordane, samt 2 mill. til ladeinfrastruktur for el-bilar. Resten vert sett på disposisjonsfond. Fylkestinget ber administrasjonen komme tilbake til Utval for samferdsle og mobilitet og Fylkesutvalet med sak om mogelegheit for omlegging av pågåande busskontraktar til nullutslepp, som til dømes Bergen Vest og Bergen Sør. I den samanheng vil fylkestinget presiserer behovet for å ha tilstrekkeleg kontrakts- og kompetansekapasitet for å kunne sikre tilstrekkeleg framdrift.

9. Fylkestinget har merka seg ungdomsutvalet sitt innspel, og sett av 1 mill. til innføring av gratis og tilgjengelege sanitærprodukt for jenter på dei vidaregåande skulane. Vi ber administrasjonen om å få framlag ei sak, der mellom anna Rogaland Fylkeskommune si ordning blir vurdert.

10. Fylkestinget vil ha større fokus på auka satsing på fleksible skyssordningar, både i utvikling av nye produkt og ved å vidareutvikle eksisterande tilbod. Særleg viktig vil det vere å styrke tiltak som motverkar avstandsulempene ungdom i distrikta har for å delta på fritidsaktivitetar mm utanom skuletid. Fylkestinget ber fylkesdirektøren legge fram ei sak for Hovudutval for Samferdsle og kommunikasjon om korleis ein best kan utvikle ordninga.

**Protokollmerknad frå Fremskrittspartiet**

Fremskrittspartiet sine representantar tek Arbeidsdokument 5 og framlegg til Budsjett 2022 / Økonomiplan 2022-25 til vitande i dette møtet, og vil leggja fram Fremskrittspartiet sitt framlegg til alternativt budsjett i fylkesutvalet sitt møte 30.11.21

**Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 26.11.2021**

**June Vibecke K. Indrevik, H,** sette på vegner av H fram slikt alternativt forslag:

> «**Budsjett 2022**
>
> Hovudutval for kultur, idrett og integrering tek budsjettet til vitande».

**Mohamed Ben Hedi Kallel, R,** sette fram slikt alternativt forslag:

> «Budsjett
> 1. Hovedutval for kultur, idrett og integrering 26. november tar fylkesrådmannen sitt budsjettframlegg til vitende.
> 2. Hovedutvalet for kultur, idrett og integrering vil spesielt peike på at det er behov for å styrke vårt kapittel på fylgande felt:
> - regionale kulturbygg / regionale kulturarenaer
> - integrering / inkludering.»

**Avrøysting**

Indrevik sitt forslag fekk 14 røyster og vart vedteke mot ei røyst ( R ).
Kallel sitt forslag fekk 3 røyster ( R, FNB og UA ) og fall.
Det vart ikkje røysta over innstillinga.

**Uttale frå hovudutval for kultur, idrett og integrering til fylkesutvalet**

Hovudutval for kultur, idrett og integrering tek budsjettet til vitande.

**Saksprotokoll i hovudutval for næring - 26.11.2021**

**Terje Søviknes (FrP) sette fram slikt forslag:**

> «Næringsutvalet ber om at løyving til Marin satsing vert prioritert i endeleg Budsjett 2022 / Økonomiplan 2022-25. Forøvrig tek utvalet budsjettframlegget til orientering».

**Tor André Ljosland (KrF)** sette på vegner av KrF, A, V, MDG, Sp og Sv fram slikt forslag:

> «Hovudutval for næring fremmer fleirtalsforslaget frå finansutvalet».

**Jana Midelfart-Hoff (H)** sette fram slikt forslag:

> «Hovudutval for næring fremmer forslaget frå Høyre i finansutvalet»

**Avrøysting**

Innstillinga fekk ingen røyster og fall.

Søviknes sitt forslag fekk 3 røyster (FrP, U) og fall.
Midelfart-Hoff sitt forslag fekk 3 røyster (H) og fall.
Ljosland sitt forslag blei vedteken mot 6 røyster (FrP, U, H).

**Uttale frå hovudutval for næring**
Hovudutval for næring fremmer fleirtalsforslaget frå finansutvalet

**Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 26.11.2021**

**Jannicke Bergesen** Clarke **(A)** sette fram slikt forslag:

> «Hovudutval for samferdsel og mobilitet tek saka til orientering.»

**Avrøysting**

Bergesen Clarke sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Uttale frå hovudutval for samferdsel og mobilitet**

Hovudutval for samferdsel og mobilitet tek saka til orientering.

**Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 26.11.2021**

**Pauline Tomren (MDG)** sette på vegner av A, MDG, SV og Krf fram slikt forslag:
> «Hovudutval for opplæring og kompetanse tek saka til vitande»

**Avrøysting**
Innstillinga fekk ingen røyster og fall
Tomren sitt forslag vart samrøystes vedteke

**Uttale frå hovudutval for opplæring og kompetanse**
Hovudutval for opplæring og kompetanse tek saka til vitande

**Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 29.11.2021**

**Natalia Golis (MDG)** sette fram slikt forslag:

> *«Administrasjonsutvalet tek forslag til budsjett 2022 frå finansutvalet, 24.11.21, til vitande.»*

**Magne Hagesæter ( LO)** sette fram slikt forslag:

> *«Vestland fylkeskommune har utfordringar med å følge opp det høge talet eigne lærlingar på ein god nok måte, noko som går fram av PwC-rapporten. For å tydeleggjere oppfølgingsansvaret bør ein vurdere å gi eit lønnstillegg for alle instruktørar og faglege leiarar og ein bør vurdere frikjøp for enkelte tilsette med ansvar for mange lærlingar.»*

**Avrøysting**

Golis sitt forslag var samrøystes vedteke
Hagesæter sitt forslag fekk 5 røyster (Benedicte Staphanie Meyer (UNIO), Hilde Kvamsås Aa (UNIO), Helge Bohne (YS), Magne Hagesæter (LO) og Lin Cathrin Brunborg Anthun (AKADEMIKERNE)) og fall
**Vedtak**

Administrasjonsutvalet tek forslag til budsjett 2022 frå finansutvalet, 24.11.21, til vitande.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.11.2021**

**Terje Søviknes (FRP)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ

## 1. Premissar

Fremskrittspartiet legg med dette fram alternativt Budsjett 2022 / Økonomiplan 2022-25 for Vestland fylkeskommune. Budsjettframlegget tek utgangspunkt framlegg frå fylkesdirektøren til Finansutvalet sitt møte 24.11.21. Der FrP har endringsframlegg vert kommentert nærare under.

## 2. Overordna perspektiv

Etter fylkessamanslåinga stod Vestland fylkeskommune overfor ei økonomisk utfordring som er tenkt løyst med eit nedtrekk i driftsbudsjettet på 100 mill kr pr år i valperioden. Dette målet ligg fast, sjølv om budsjettet for 2022 isolert sett har eit godt handlingsrom.

Utfordringsbilete er meir krevjande mot slutten av økonomiplanperioden 2022-25. Fylkesdirektøren har synleggjort ei utfordring i storleik 600 mill kr fram mot 2025. Hovudutfordringane er knytt fleire elevar i vidaregåande skule, oppstart bybanen BT4, auka kontraktskostnader innan kollektiv, auka kostnader for driftsavtalar fylkesveg og auka finanskostnader som følgje av høgare rente- og lånenivå.

FrP legg difor til grunn  at ein bør væra varsom med tiltak som aukar dei varige driftskostnadane i økonomiplanperioden. Vi nyttar imidlertid delar av handlingsrommet i 2022 til eingongstiltak innan vidaregåande opplæring og samferdsle.

FrP legg til grunn at alle verkemiddel må vurderast for i sikra Vestland fylkeskommune ein sunn driftsøkonomi i framtida, men vil særleg peika på følgjande område;

- Endra arbeidsmetodikk, effektivisering, digitalisering
- Lovfesta oppgåver vs. ikkje lovpålagte oppgåver
- Tenestestruktur og harmonisering av tenester
- Utnytta inntektspotensialet i den fylkeskommunale verksemda
- Vurdera kostnadsnivå og realiseringstidspunkt for investeringsprosjekt
- Konkurranse i tenesteproduksjonen
- Effektiv innkjøpsstrategi
- Sal av eigedom og eigedelar fylkeskommunen ikkje nyttar i tenesteproduksjonen
- Gjennomgang av alle tilskotsordningar

Som tenesteprodusent er fylkeskommunen også ei arbeidsintensiv verksemd. Å kutta 100 mill kr pr år i drifta vil difor ikkje kunne skje utan reduksjon i samla årsverk i den fylkeskommunale organisasjonen. Ved samanslåing av to store organisasjonar ligg det alltid eit potensiale for å ta ut stordriftsfordelar, fjerna dobbeltarbeid, vidareføra beste praksis, implementera ny arbeidsmetodikk og nye IT-system. Dette potensialet må realiserast om ein skal lukkast i å styrkja fylkesøkonomien i valperioden, og som del av budsjettarbeidet er det etablert eit administrativt innsparingsprogram.

FrP meiner imidlertid at ein bør gå raskare fram i høve å redusera tal årsverk i organisasjonen, og har derfor lagt inn eit generelt nedtrekk i stillingar med 25 mill kr i 2022. Om ein legg til grunn at dette er halvårsverknad vil eit slikt nedtrekk gje 50 mill i reduserte kostnader i perioden 2023-25.

FrP legg til grunn at nedbemanningsprosessen vert gjennomført i eit solid 3-partssamarbeid mellom politikk, administrasjon og tilltisvalde. Erfaring frå liknande prosessar i offentleg sektor syner at ønska effekt i stor grad kan realiserast gjennom naturleg avgang, intern omplassering, stillingsbank, seniortiltak osv.

FrP vil vidare leggja følgjande prinsipp til grunn i arbeidet med å betra den fylkeskommunale økonomien;

- I størst mogeleg grad skjerma tenestetilbodet til den einskilde innbyggjar – ta kutt i administrasjon framfor den ytre tenesteproduksjonen

- Prioritere hovudoppgåvene fylkesveg, kollektiv og vidaregåande skule framfor andre oppgåver
4. Flytte integrering til opplæring, og ut av KULII
5. Evaluere soneinndeling i Hordaland
6. Vurdere tiltak for å gjere bybussane i Florø og Førde meir attraktive
7. Kartlegge skulehelsetilbodet på dei ulike skulane i Vestland
8. Greie ut moglegheita for å leige ut internatplassar, som til dømes Hjeltnes, om sommaren
9. Vurdere eigarskap av fylkesbygget
10. Ta initiativ overfor staten om reduserte billettprisar for hurtigbåt tilsvarande det som er gjort for ferjer
11. Støtte opp om Idrettsklynge Vest sin store suksess for barn og unge si fysiske og psykiske helse, og vidare jobbe for at endå fleire kommunar i Vestland får dra nytte av tilbodet for å sikre ei brei regional tilknyting
12. Nordhordlandsbåten ligg innanfor byvekstområdet og grunna trafikksituasjonen mot sentrum er båten eit viktig kollektivtiltak mellom Nordhordland og Bergen. Ved å gjere prisen på tilbodet meir konkurransedyktig, vil ein flytte fleire frå bil til båt, og dermed avlaste innfartsåren frå nord. Fylkestinget ber fylkesdirektør om å legge fram sak, med moglegheitene for å inkludera Nordhordlandsbåten i sone A.
13. Fylkestinget ser at det er stor utvikling innan områda kollektiv og ny mobilitet. Vestland fylke må vere framoverlent og offensiv på nye løysingar, slik at reisebehova blir stetta på ein effektiv måte. Dette er særleg viktig i desse tider der kollektivsektoren vert utfordra av inntektsbortfall grunna koronapandemien, og nye behov og endra åtferd innan mobilitet. Fylkestinget ber difor fylkesdirektøren snarast legge fram sak på korleis fylkeskommunen kan sikre ei auka satsing på utviklingsarbeid med fokus på nyskaping og innovasjon innan mobilitet og kollektiv.
14. Fylkestinget ber om ei sak på korleis ein best kan følgje opp Fellesnemda sitt vedtak i sak 18/1928-2 om tannhelsetenesta og TK Vest.

**Terje Søviknes (FRP)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Premissar

Fremskrittspartiet legg med dette fram alternativt Budsjett 2022 / Økonomiplan 2022-25 for Vestland fylkeskommune. Budsjettframlegget tek utgangspunkt framlegg frå fylkesdirektøren til Finansutvalet sitt møte 24.11.21. Der FrP har endringsframlegg vert kommentert nærare under.

2. Overordna perspektiv

Etter fylkessamanslåinga stod Vestland fylkeskommune overfor ei økonomisk utfordring som er tenkt løyst med eit nedtrekk i driftsbudsjettet på 100 mill kr pr år i valperioden. Dette målet ligg fast, sjølv om budsjettet for 2022 isolert sett har eit godt handlingsrom.

Utfordringsbilete er meir krevjande mot slutten av økonomiplanperioden 2022-25. Fylkesdirektøren har synleggjort ei utfordring i storleik 600 mill kr fram mot 2025. Hovudutfordringane er knytt fleire elevar i vidaregåande skule, oppstart bybanen BT4, auka kontraktskostnader innan kollektiv, auka kostnader for driftsavtalar fylkesveg og auka finanskostnader som følgje av høgare rente- og lånenivå.
FrP legg difor til grunn at ein bør væra varsom med tiltak som aukar dei varige driftskostnadane i økonomiplanperioden. Vi nyttar imidlertid delar av handlingsrommet i 2022 til eingongstiltak innan vidaregåande opplæring og samferdsle.

FrP legg til grunn at alle verkemiddel må vurderast for i sikra Vestland fylkeskommune ein sunn driftsøkonomi i framtida, men vil særleg peika på følgjande område;

- Endra arbeidsmetodikk, effektivisering, digitalisering
- Lovfesta oppgåver vs. ikkje lovpålagte oppgåver
- Tenestestruktur og harmonisering av tenester

- Utnytta inntektspotensialet i den fylkeskommunale verksemda
- Vurdera kostnadsnivå og realiseringstidspunkt for investeringsprosjekt
- Konkurranse i tenesteproduksjonen
- Effektiv innkjøpsstrategi
- Sal av eigedom og eigedelar fylkeskommunen ikkje nyttar i tenesteproduksjonen
- Gjennomgang av alle tilskotsordningar

Som tenesteprodusent er fylkeskommunen også ei arbeidsintensiv verksemd. Å kutta 100 mill kr pr år i drifta vil difor ikkje kunne skje utan reduksjon i samla årsverk i den fylkeskommunale organisasjonen. Ved samanslåing av to store organisasjonar ligg det alltid eit potensiale for å ta ut stordriftsfordelar, fjerna dobbeltarbeid, vidareføra beste praksis, implementera ny arbeidsmetodikk og nye IT-system. Dette potensialet må realiserast om ein skal lukkast i å styrkja fylkesøkonomien i valperioden, og som del av budsjettarbeidet er det etablert eit administrativt innsparingsprogram.

FrP meiner imidlertid at ein bør gå raskare fram i høve å redusera tal årsverk i organisasjonen, og har derfor lagt inn eit generelt nedtrekk i stillingar med 25 mill kr i 2022. Om ein legg til grunn at dette er halvårsverknad vil eit slikt nedtrekk gje 50 mill i reduserte kostnader i perioden 2023-25.

FrP legg til grunn at nedbemanningsprosessen vert gjennomført i eit solid 3-partssamarbeid mellom politikk, administrasjon og tilltisvalde. Erfaring frå liknande prosessar i offentleg sektor syner at ønska effekt i stor grad kan realiserast gjennom naturleg avgang, intern omplassering, stillingsbank, seniortiltak osv.

FrP vil vidare leggja følgjande prinsipp til grunn i arbeidet med å betra den fylkeskommunale økonomien;

- I størst mogeleg grad skjerma tenestetilbodet til den einskilde innbyggjar – ta kutt i administrasjon framfor den ytre tenesteproduksjonen
- Prioritere hovudoppgåvene fylkesveg, kollektiv og vidaregåande skule framfor andre oppgåver
- Utnytta inntektspotensialet i knytt til tenesteområda i fylkeskommunen – t.d. reklameinntekter knytt til kollektivsektoren

3. Driftsbudsjett

FrP sine omprioriteringar i driftsbudsjettet i høve budsjettframlegget frå fylkesdirektøren kjem fram av tabellen under. Nokre tiltak er kommentert nærare under tabellen.

| Område | 2022 | 2023-25 |
|---|---|---|
| **3.1 Politisk styring og kontrollorgan** | | |
| Reduksjon i politikargodtgjørelse 5% | -2 000 | -2 000 |
| **Endring ramme** | **-2 000** | **-2 000** |
| | | |
| **3.2 Organisasjon og økonomi** | | |
| **Endring ramme** | **0** | **0** |
| | | |
| **3.4 Opplæring og kompetanse** | | |
| Økt ramme Videregående opplæring - prioritere yrkesfag | 20 000 | 20 000 |
| Fagskolen Vestlandet | 4 000 | 4 000 |
| Elev- / lærlingeombud | 1 000 | 1 000 |
| Meningokokkvaksine | 2 000 | 2 000 |
| Samarbeid Dale Oen-stiftelsen (motvirke frafall i VGS) | 2 000 | 2 000 |
| Utstyr yrkesfag (evt. overført investeringsbudsjett) | 20 000 | |
| **Endring ramme** | **49 000** | **29 000** |
| | | |
| **3.5 Mobilitet og kollektiv** | | |
| Reklame i kollektivsektoren | -20 000 | -40 000 |
| Ny sonestruktur Sogn & Fjordane | 10 000 | 10 000 |
| Krokeide - Hufthamar 2 søndagsferger heile året | 2 000 | 2 000 |
| Ikke fjerne arbeidskjøring TT-ordningen | 8 000 | 8 000 |
| **Tilskot ferjesamband Valestrand-Breistein** | **1 000** | |
| **Endring ramme** | **1 000** | **-20 000** |
| | | |
| **3.6 Infrastruktur og veg** | | |
| Mindre punkturbetring fylkesvei - spleiselag kommunene | 50 000 | |
| Økt reasfaltering fylkesvei | 50 000 | |
| **Endring ramme** | **100 000** | **0** |
| | | |
| **3.7 Kultur, idrett og inkludering** | | |
| Satsing E-sport (tilskudd) | 1 000 | 1 000 |
| Tilskudd Sentralbadet scenekunsthus | -5 000 | -5 000 |
| Generelt nedtrekk kultursektoren | -15 000 | -15 000 |
| **Endring ramme** | **-19 000** | **-19 000** |
| | | |
| **3.9 Innovasjon og næringsutvikling** | | |
| Breibandsutbygging i distrikta | 10 000 | |
| Prosjekt Marin Satsing 2020-2030 | 10 000 | |
| **Endring ramme** | **20 000** | **0** |
| | | |
| **Generelt** | | |
| Reduksjon i administrative stillinger (fordeles på sektorene) | -25 000 | -50 000 |
| Redusert/økt avsetning til disposisjonsfond | -124 000 | 62 000 |
| **Endring generelt** | **-149 000** | **12 000** |
| | | |
| **Sum endring** | **0** | **0** |

På *3.1 Politisk styring og kontrollorgan* må politisk nivå ta sin del av kostnadsreduksjonen i VLFK, og politikargodtgjerslene vert difor regusert med 5% tilsvarande 2 mill kr.

På *4.3 Opplæring og kompetanse* ynskjer FrP å styrkja studietilbodet i vidaregåande skule, og har difor lagt inn 20 mill kr ekstra til vidaregande opplæring. Midlane skal nyttast til generell styrking av kvalitet, oppretting av klassar og studietilbod. Yrkesfag skal prioriterast særskilt.

I tillegg vert det også lagt inn ei eingongsløyving på 20 mill kr til utstyr i den vidaregåande skulen. Også her skal yrkesfag prioriterast, f.eks simulator til yrkessjåførutdanninga v/Sogndal Vidaregåande skule.

FrP legg også inn 2 mill kr til eit prosjekt saman med Dale Oen-stiftelsen for elevar som står i fare for å falla ut av vidaregåande skule.

Fagskulen vert styrkja med 4 mill kr pr år, og tilbodet om meningokokkvaksine vert vidareført.

*På 3.5 Mobilitet og kollektiv* legg FrP inn 10 mill kr til nytt takstregime i nordfylket.

Vi fremjar også opp at framlegget om å opne for reklame innan kollektivsektoren;

- Reklame på buss, båt og ferje – dette kan gje ekstra inntekter på fleire titalsmillionar kroner til kollektivsatsinga i fylket (sjå eige verbalframlegg). Dette tiltaket vil ikkje gje full effekt i 2022, men vi har lagt inn 20 mill kr første året for å synleggjera potensialet i dette tiltaket.

Vi opprettheld også transporttilbodet til arbeidstakarar som er tilsett i ASVO-verksemdene i ordninga med Varig Tilrettelagt Arbeid (VTA-plassar). Dette er eit tenestetilbod som er heilt avgjerande for livskvaliteten til desse innbyggjarane.

FrP legg også inn 1 mill kr som tilskot til ferjesambandet Valestrand-Breistein (HF Ole Bull).

På *3.6 Infrastruktur og veg* aukar FrP løyvinga til mindre punktutbetring på fylkesveg med 50 mill kr i 2022. Deler av løyvinga kan nyttast i ei spleiseordning der kommunane vert invitert inn til å delta med finansiering for å få fjerna flaskehalsar, byggja gang-/sykkelveg m.m på fylkesvegnettet.

FrP aukar også budsjettet for dekkelegging på fylkesveg med 50 mill kr i 2022 for å ta att deler av etterslepet på fylkesvegvedlikehald.

På *3.7 Kultur, idrett og inkludering* legg FrP inn eit generelt kutt på 15 mill kr. FrP legg opp til at ein ved fordeling av budsjettkuttet skal skjerma kulturhistoriske museum, arbeid med kulturarv/fartøyvern og tiltak for barn og unge.

FrP legg også inn ei løyving på 1 mill kr til vidare satsing på E-sport i Vestland fylke.

På *4.9 Innovasjon og næringsutvikling* legg FrP inn 10 mill kr som ei eingongsløyving til Prosjekt Marin satsing. Skal dette prosjektet lukkast må også Vestland fylkeskommune stilla opp med midlar i ulike spleiselag med akvakulturnæringa og andre samarbeidspartar.

I tillegg legg FrP inn kr 10 mill i 2022 til utbygging av breiband i distrikta.

3.1 Saldering

Netto aukar FrP driftsbudsjettet med kr 124 mill i 2022. Av tiltaka i 2022 er 141 mill knytt til eingongstiltak, som ikkje bind opp budsjettet for resten av økonomiplanperioden. I 2022 vert budsjettet saldert med å setja av 124 mill kr mindre til diposisjonfond.

I økonomiplanperioden vert avsetning til diposisjonfond auka med 62 mill kr pr år med FrPs budsjettframlegg.

Alle endringar som kjem som følgje av avtalen om Statsbudsjettet mellom AP/SP-regjeringa og SV må innarbeidast i budsjettet når endelege tal er kjent for Vestland fylkeskommune. Det same gjeld eventuelle ekstra kompensasjon frå staten knytt til koronapandemien i 2022.

4. Investeringsbudsjett

FrP legg til grunn at fylkestinget kjem attende til prioritering av alle nye større rassikrings-, tunnelsikrings- og utbyggingsprosjekt på fylkesveg (som ikkje er starta opp/er ferdig til oppstart i 2022) ved handsaming av handlingsprogrammet til Regional Transportplan i juni 2022.

5. Verbalforslag

Nedanfor følgjer verbalforslag som FrP ynskjer separat votering over under handsaminga av Budsjett 2021 / Økonomiplan 2021-23 i fylkestinget.

5.1 Delvis reklamefinansier kollektivtilbod
I den økonomiske situasjonen Vestland fylkeskommune er i må ein vurdera heile sitt inntektspotensiale, - også potensiale for inntekter frå reklame i buss-, båt- og ferjetilbodet. Tidlegare utgreiingar i Hordaland har vist at fylkeskommunen kan henta fleire titalsmillionar kroner i nye inntekter på eit slikt tiltak. Auka inntekter vil styrkja det samla kollektivtilbodet i fylket.

Framlegg til vedtak;

**Fylkestinget ber fylkesrådmannen fremja ei politisk sak om inntektspotensialet knytt til reklame i kollektivsektoren.**

**Knut Inge Andersen (FNB)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1: Investeringsbudsjett

• KULII: Finansiering av fellesmagasin 2023 (40 mill) – 2024 (40 mill) nasjonale kulturbygg ordning 1/3 av investering

2: Driftsbudsjett

• Etablere Bybanevogner AS som 100% VLFK-eigd selskap med forventa årleg leigeinntekt 30 mill 2022, 2023. Deretter sal av Bybanevogner AS , forventa salssum > 500 mill. som vert nytta til å redusere lånegjeld og gjeldsgrad til Vestland fylke.

• KULII : Ny søkbar kompensasjonsordning for høge straumutgifter 10 MNOK for 2022

• Kritisk gjennomgang medlemskap, innsparing 3 mill (halvårseffekt 2022)
• NÆRING: Gamle husdyrraser i Vestland (fjordfe, raudkolle, kystgeit) Ny støtteordning + 2 mill

* KULII: Geoparkar/regionalparkar + 1 MNOK

• OPPLÆRING: Auka satsing på miljøkoordinatorar 5 mill (årleg)
• OPPLÆRING: Ekstra midlar tiltak innen psykisk helsevern 5 mill. (eingongs)
• OPPLÆRING: Auka ramme til driftsfinansiering /utstyrskjøp innan yrkesopplæringsfag 15 mill. (eingongs)

• Biodiesel: 50 mill. øyremerka til vegvedlikehald og asfaltering»

**Jeanette Syversen (R)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

ALTERNATIVT DRIFTSBUDSJETT 2022 / ØKONOMIPLAN 2022-2025:

**Endringar til Fylkesutvalet si fleirtalsinnstilling 30.11 2021**

DRIFT:

| POST | TILTAK | AUKE | REDUKSJON |
|---|---|---|---|
| 1 | Redusert politikargodtgjersle | | kr 8 000 000,00 |
| 2 | Reiser og kurs | | kr 5 000 000,00 |
| 3 | Administrative stillingar leiarskiktet | | kr 30 000 000,00 |
| 4 | Kutt konsulenttenester | | kr 30 000 000,00 |
| 5 | Takstreduksjon buss og bane | kr 10 000 000,00 | |
| 6 | Gratis innfartsparkering | kr 6 000 000,00 | |
| 7 | Tilskot Menneske i LIMBO | kr 1 000 000,00 | |
| 8 | Tilskot Manger Folkehøgskule | kr 500 000,00 | |
| 9 | Ekstra ressurs miljøkoordinator | kr 7 000 000,00 | |
| 10 | Styrka psykologrådgjeving systemnivå | kr 4 000 000,00 | |
| 12 | 6-timarsdag reinhaldsseksjonen | kr 6 000 000,00 | |
| 13 | Intern kompetaneheving | kr 2 500 000,00 | |
| 14 | FRI - tilskot | kr 100 000,00 | |
| 15 | Tilskot Rusettervern Sogn og Fjordane (frivillig) | kr 300 000,00 | |
| 16 | Auka tilskot Robin Hood-huset | kr 100 000,00 | |
| 17 | Antirasistisk sone oppfølging | kr 1 500 000,00 | |
| 18 | Forprosjekt "Vestlandet sitt flytande kulturhus" | kr 100 000,00 | |
| 19 | A-krim førebyggjing | kr 1 000 000,00 | |
| 20 | Styrking bibliotekar / skulebibliotekrådgjevar | kr 900 000,00 | |
| 21 | Styrking av ramma opplæringssektoren | kr 15 000 000,00 | |
| 22 | Utstyr yrkesfag | kr 10 000 000,00 | |
| 23 | Auka tilskott lærlingeplassar | kr 5 000 000,00 | |
| 24 | Fagbrev jobb | kr 5 000 000,00 | |
| 25 | Fjord Norge AS | | kr 3 000 000,00 |
| | SUM BALANSE | kr 76 000 000,00 | kr 76 000 000,00 |

Verbalframlegg til budsjett 2022 i Vestland fylkesting frå Raudt Vestland:

1. Vestland fylkesting vedtek at det skal greiast ut kva som er dei moglege gevinstane ved å utvide reinhald i eigen regi til dei tannklinikkane som i dag nyttar anbod, både for området Stor -Bergen særskild og for heile Vestland. (identisk med fleirtalsvedtak i AMU)

2. Vestland fylkesting går inn for å greie ut eit pilotprosjekt for 6-timars arbeidsdag med full lønskompensasjon, innan reinhaldssektoren. Fylkestinget ber om at administrasjonen går i dialog med partane, om korleis dette kan gjennomførast, og kome attende med ei sak med sikte på oppstart seinast 1. januar 2023.

3. Vestland fylkesting meiner det er ein prioritet å ha gode system for oppfylging internt, ved alle byggeplassar der fylkeskommunen er byggherre. Fylkestinget vil difor be fylkesdirektøren om at det vert dedikert ressursar og tid slik at fagforeiningane knyta til bygg og anlegg (Fair Play Bygg), har ein kontaktperson i administrasjonen, som aktivt skal samarbeide for å førebyggja sosial dumping og arbeidslivskriminalitet eller andre brot på lov og avtaleverk der fylkeskommunen er byggherre.

4. Vestland fylkesting aksepterer ikkje aldersdiskriminering i tilsetjingsprosessane.

5. Vestland fylkesting anerkjenner det viktige arbeidet som vert gjort av dei tilsette ved Manger Folkehøgskule. Vestland fylkesting held fram å støtte skulen og går ikkje inn for å redusere tilskott resten av perioden 2022-23.

6. Vestland fylkesting ber fylkesdirektøren oppdatere rapporten «*Regionreforma; Oppgåve- og ressursoverføringar til Vestland fylkeskommune»* (datert oktober 2020) før årsmelding 2021 og årsrekneskap 2021 blir handsama i fylkestinget juni 2022.

7. Vestland fylkesting krev at den nye Regjeringa og det nye Stortinget må ta det økonomiske hovedansvaret for underdekninga på fylkesvegnettet. Dette området må bli vestleg styrka alt i revidert nasjonalbudsjett våren 2022.

8. Tilleggsframlegg til Fylkesutvalet sitt verbalforslag nr. 6 : Fylkesdirektøren blir og beden om å sikre framdrift i planprosessane på fylgjande ras- og trafikksikringsprosjekt – slik at desse prosjekta og kan vere med i prioriteringsdiskusjonen ved handsaming av handlingsprogrammet i Regional Transportplan 2022-2025:
   - Fv 609 Førde – Askvoll
   - Fv 615 Sandane – Storebru
   - Fv 6500 Arnafjorden – Vik
   - Fv 614 Svelgen – Indrehus
   - Fv 55 Bru over Esefjorden

9. Vestland fylkesting innfører gratis elev-PC ordning og aldersfri studentrabatt på kollektivtrafikk frå og med 2022. Dette blir finansiert av auka konsesjonskraftinntekter.

10. Vestland fylkestinget vil medverke til at fylkeskommunen sine tenester skal vere til gagn og ikkje til hinder for papirlause i fylket. Ideelle organisasjoner som til dømes «Menneske i Limbo» og Kirkens Bymisjon arbeidar med å betre livssituasjonen til «papirlause» menneske. Eit sterkare samarbeid mellom dei nemnde organisasjonane og fylkeskommunen kan medverke til styrke helsa og livskvaliteten til papirlause og deira born. Fylkestinget ber om ei sak før neste budsjetthandsaming, som kartlegg handlingsrom fylkeskommunen har på å imøtekome behova innafor dette feltet, og kva kostnader som er knytta til dette.

*Fylkesdirektør gjorde merksam på at ein ikkje kan ha talstorleikar i verbalpunkt. Etter forslag frå Sigrid Brattabø Handegard vart verbalpunkt 4, 5, 9 og 12 gjort om til vedtakspunkt.*

**Avrøysting**

Syversen sitt forslag (alternativt budsjett) fekk 2 røyster (R) og fall.
Syversen sitt forslag (verbalpunkt 1) fekk 4 røyster (R, UA) og fall.
Syversen sitt forslag (verbalpunkt 2) fekk 2 røyster (R) og fall.
Syversen sitt forslag (verbalpunkt 3) fekk 4 røyster (R, UA) og fall
Syversen sitt forslag (verbalpunkt 4) fekk 15 røyster (FNB, 8H (Lise-May Sæle, Silja Ekeland Bjørkly, Gunnar Moland, Noralv Distad, Hanne Eva Husebø Kristensen, Iril Schau Johansen, Svein Kolbein Halleraker), PP, R, UA og fall.
Syversen sitt forslag (verbalpunkt 5) fekk 4 røyster (R, UA) og fall.
Syversen sitt forslag (verbalpunkt 6) fekk 12 røyster (4SP (Hilde Horpen, Sigurd Erlend Reksnes, Samson Hamre, Sigrid Brattabø Handegard), SV, R, UA og fall.
Syversen sitt forslag (verbalpunkt 7) fekk 6 røyster (FNB, R, UA) og fall.
Syversen sitt forslag (verbalpunkt 8) fekk 6 røyster (FNB, R, UA) og fall.
Syversen sitt forslag (verbalpunkt 9) fekk 2 røyster (R) og fall.
Syversen sitt forslag (verbalpunkt 10) fekk 8 røyster (SV, R, UA) og fall.
Andersen sitt forslag fekk 4 røyster (FNB, UA) og fall.
Søviknes sitt forslag (unnateke pkt. 5) fekk 6 røyster (FRP) og fall.
Søviknes sitt forslag (pkt. 5) fekk 23 røyster (FNB, FRP, H, PP, UA) og fall.
Bjørkly sitt forslag (alternativt budsjett) fekk 12 røyster (H) og fall.
Bjørkly sitt forslag (verbalpunkt 1) fekk 22 røyster (1FNB (Knut Inge Andersen), FRP, H, PP, R) og fall.
Bjørkly sitt forslag (verbalpunkt 2) fekk 14 røyster (H, R) og fall.

Bjørkly sitt forslag (verbalpunkt 3) fekk 15 røyster (H, PP, R) og fall.
Bjørkly sitt forslag (verbalpunkt 4) fekk 12 røyster (H) og fall.
Bjørkly sitt forslag (verbalpunkt 5) fekk 19 røyster (H, FRP, PP) og fall.
Bjørkly sitt forslag (verbalpunkt 6) fekk 14 røyster (H, R) og fall.
Bjørkly sitt forslag (verbalpunkt 7) vart vedteke mot 6 røyster (FRP).
Bjørkly sitt forslag (verbalpunkt 8) fekk 12 røyster (H) og fall.
Bjørkly sitt forslag (verbalpunkt 9) fekk 23 røyster (FNB, FRP, H, Pp, UA) og fall.
Bjørkly sitt forslag (verbalpunkt 10) fekk 25 røyster (FNB, FRP, H, PP, R, UA) og fall.
Bjørkly sitt forslag (verbalpunkt 11) vart vedteke mot 10 røyster (FNB, FRP, UA).
Bjørkly sitt forslag (verbalpunkt 12) vart samrøystes vedteke.
Bjørkly sitt forslag (verbalpunkt 13) vart samrøystes vedteke.
Bjørkly sitt forslag (verbalpunkt 14) vart vedteke mot 7 røyster (1FNB (Nils Haugland), FRP).
Handegard sitt forslag (alternativt budsjett) vart vedteke mot 24 røyster (FNB, FRP, H, R, UA).
Handegard sitt forslag (verbalpunkt 1) vart vedteke mot 5 røyster (FNB, R, UA)
Handegard sitt forslag (verbalpunkt 2) vart vedteke mot 11 røyster (FNB, FRP, 1R (Nils Bjarte Sæle), UA)
Handegard sitt forslag (verbalpunkt 3) vart samrøystes vedteke.
Handegard sitt forslag (verbalpunkt 4) vart vedteke mot 24 røyster (FNB, FRP, H, PP, 1R (Nils Bjarte Sæle), UA)
Handegard sitt forslag (verbalpunkt 5) vert vedteke mot 11 røyster (FNB, FRP, 1R (Nils Bjarte Sæle), UA)
Handegard sitt forslag (verbalpunkt 6) vart samrøystes vedteke.
Handegard sitt forslag (verbalpunkt 7) vart vedteke mot 10 røyster (FNB, FRP, UA).
Handegard sitt forslag (verbalpunkt 8) vart samrøystes vedteke.
Handegard sitt forslag (verbalpunkt 9) vart vedteke mot 10 røyster (FNB, FRP, UA)
Handegard sitt forslag (verbalpunkt 10) vart vedteke mot (FNB, UA).
Handegard sitt forslag (verbalpunkt 11) vart vedteke mot 20 røyster (FRP, H, PP, 1R (Nils Bjarte Sæle).
Handegard sitt forslag (verbalpunkt 12) vart vedteke mot 24 røyster (FNB, FRP, H, PP, 1R (Nils Bjarte Sæle), UA)
Handegard sitt forslag (verbalpunkt 13) vart vedteke mot 4 røyster (FNB, UA).

**Vedtak**

Driftsbudsjett 2022

Punkt 1-3 som innstillinga til fylkesdirektøren med følgjande tillegg:

| **SAMMO** | årleg | eingong | reduksjon |
|---|---|---|---|
| | | | |
| Felles sonestruktur | 10 | | |
| Overgangsmidlar TT | | 5 | |
| Auka kostnad hurtigbåt | 12 | | |
| Ladeinfrastruktur | | 2 | |
| Fleksible kollektivtilbod i distrikta | 1 | | |
| Bru/kai | | 3 | |
| Veg, utstyr,miljø mm | | 10 | |
| Veg,punktutbetringar,hjartesoner, trygg skuleveg | 52,9 | 6 | |
| Dekkelegging | | 40 | |
| | | | |
| | | | |
| **Næring** | | | |
| | | | |
| Havbyen Bergen | | 1 | |
| Regionråda | 2 | | |
| Næringsfond for utsette kommunar | 4 | | |
| Fair play bygg | | 3 | |
| Tilskot breibandsutbygging | | 8 | |
| Marine grunnkart | | 4 | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Marin satsing | 2 | | |
| Lærdal villakssenter | 0,5 | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| **Kultur** | | | |
| | | | |
| Tilskot skisenter | 0,5 | | |
| KODE | 1 | | |
| Idrettsklynge Vest | 0,4 | | |
| Frivilleg kulturminnevern | 0,3 | | |
| Det vestnorske teater | 1,5 | | |
| E-sport | 0,5 | | |
| Konsumprisjustering tilskot | 1 | | |
| Tilskot Bakom | 0,5 | | |
| Regionalparkane | 0,7 | | |
| Regionale kulturbygg | | 14 | |
| Frivillegheitas år | | 0,5 | |
| Fjordsteam | | 1,2 | |
| Klimafestivalen 2022 | | 0,5 | |
| Kvarteret | | 0,15 | |
| Odda Litteraturhus | | 0,2 | |
| Fri | | 0,05 | |
| Bergen Finge Festival | | | 0,1 |
| Trykkeriet | | | 0,12 |
| Lydgalleriet | | | 0,1 |
| Stiftinga hardanger og Voss museum | | | 0,4 |
| | | | |
| **Opplæring** | årleg | eingong | |
| | | | |
| Tilskot toppidrett | 0,6 | | |
| Redusert nedtrekk- adm innsparing | | 2 | |
| Omstillingstiltak pedagigisk personale | | 1 | |
| Skulefrukost | 10 | | |
| Meningokokkvaksine | 2,1 | | |
| Rredusert nedtrekk ramme vgs | 4,3 | | |
| Fagskulen | 2 | | |
| Tilskot Manger folkehøgskule, avtale | | 0,1 | |
| Bind, tampongar | 1 | | |
| Betra psykisk helse | | 5 | |
| Elev-lærlingombod | 1 | | |
| Læremiddel/utstyr | | 5 | |
| | | | |
| Folkehelseundersøkjinga | | 1,5 | |
| Strategiske utviklingsmidlar | | 0,5 | |
| **Sum** | **111,8** | **113,7** | **- 0,72** |
| **Total** | | | • **224,78** |

Prioriteringane vert finansiert med redusert overføring til disposisjonsfondet med **kr 224,78mill**

Pk 3-6 som innstillinga

Nytt pk 7

Investeringsprogram fylkesveg 2022-2025
Fylkestinget syner til tidlegare signal i budsjettprosessen. Fylkestinget legg til grunn at alle store veg og rassikringsprosjekt som ikkje har godkjent reguleringsplan og oppstartsvedtak vert teken ut

av investeringsbudsjett 2022-2025 i denne handsaminga. Endeleg prioritering av prosjekt vil skje i samband med handsaming av handlingsprogrammet i Regional transportplan 2022-2025

Nytt pk 8

I samband med den pågåande organisasjonsgjennomgangen får fylkesdirektøren fullmakt med heimel i kommunelova § 13-1 sjette ledd;

- til å fastsetje talet på stillingar og stillingstype for kvar avdeling innanfor gjeldande budsjettramme
- til å gjere mindre endringar i organisering av oppgåveløysinga (administrasjonskartet).

Nytt punkt 9
Gode regionale kulturbygg medverkar til regional og kulturell utvikling og har potensiale til å skape ringverknadar i næringslivet. Fylkestinget meiner det er viktig å bygge ein sterk kulturell infrastruktur i Vestland fylke. I tråd med prioriteringane gjort i Utval for kultur, idrett og integrering, «PS 116/21 Kulturarenaer med regionale funksjonar» vedtar Fylkestinget å tildele 10 mill. til finansiering av Holvikejekta verne- og formidlingsbygg, og resterande 4 mill. til medfinansiering av Lindehuset.

Fylkestinget anerkjenner at det framleis er mange søknadar som ikkje har fått midlar og vil komma attende til dette ved handsaminga av rekneskapen 2021.

Fylkestinget er bekymra over den skeivdeling av statlege tilskot som finn stad særleg innan museumssektoren, men og overfor andre kulturverksemder. Fylkestinget ber om at tematikken vert fylgd aktivt opp med sikte på å oppnå ein meir rettferdig fordeling. Samtidig meinar fylkestinget at den statlege ordninga «Tilskudd til nasjonale kulturbygg» tvingar fylkeskommunen til å prioritere prosjekt Stortinget vel. Fylkestinget ber fylkesdirektøren legge fram sak til Hovudutval for kultur, idrett og integrering og Fylkesutvalet om uttale til Kulturdepartementet om utfordringa.

Eit godt døme på korleis det verkar er Gulatinget. Både fylke og kommune har prioritert tiltaket i investeringsbudsjettet, men det blir stadig utsett fordi staten løyver til andre prosjekt og fylket må følgje på med midlar for å løyse ut dei. Vi vil arbeide for at Gulatinget finn si løysing saman med markeringa av Landslova.

Nytt punkt 10
Fylkestinget meiner at KODE Kunstmuseer og komponisthjem, som Noregs nest største kunstmuseum, er av stor viktigheit for Vestland og Noreg. Vestland fylkesting erkjenner at KODE Kunstmuseer og komponisthjem er underfinansiert frå fylkeskommunen og staten. Fylkestinget ønskjer å styrke drifta til KODE og vil gjere dette i eit felles lyft med staten. Aukar staten sine driftstilskot til KODE med minst 40 millionar kroner, forpliktar Vestland fylkeskommune seg til å auke driftstilskotet ytterlegare med 4 millionar kroner.

Nytt punkt 11
TT-ordninga er svært viktig for mange med funksjonshemmingar som ikkje har høve til å nytta kollektiv transport til arbeid. Både for brukarane og familiane deira er dette eit avgjerande tilbod i kvardagen. Arbeidskøyring er ei kommunal oppgåve som av historiske årsaker har vore dekka av fylket for nokre kommunar. Fylket må likebehandle kommunane, så denne ordninga kan ikkje halde fram. Det vert derfor gjort avtalar med dei aktuelle kommunane om at dei tar over ansvaret. Fylkestinget set av midlar til ei overgangsordning for 2022 på inntil 50 prosent av kostnaden, men føreset at kommunane tek heile kostnaden frå 2023. I arbeidet med å få på plass ein avtale med aktuelle kommunar er det uaktuelt at brukarane vert kasteball mellom kommunar og fylke, og kjem det ikkje ein avtale på plass vil fylkeskommunen varsle at brukarane vil verte sikra tilbodet, men at kostnaden vert sendt til aktuelle kommune.

Nytt punkt 12
Fylkestinget har merka seg ungdomsutvalet sitt innspel, og sett av 1 mill. til innføring av gratis og tilgjengelege sanitærprodukt for jenter på dei vidaregåande skulane. Vi ber administrasjonen om å få framlag ei sak, der mellom anna Rogaland Fylkeskommune si ordning blir vurdert.

**Verbalpunkt**

1. Fylkeskommunen skal vera ein god samarbeidspart og utviklingsaktør. Det betyr bl.a. at ein del tenester skal vera desentrale. Ein skal vurdera om det er ytterlegare rom for å flytta fleire oppgåver og stillingar ut, dette for å vera tett på området ein skal tena.

2. Vestland fylkeskommune skal vera ein pådrivar og ein samarbeidspart for kommunane for å nå målet om netto utslepp og mål i Parisavtala. Fylkeskommunen ønskjer difor å hjelpe kommunane ved i større grad å tilby klimakompetanse til dei kommunane som vil oppdatere sine klimaplanar og innføre klimabudsjett.

3. Idrett og frivillig aktivitet er med å skapar trivelege lokalsamfunn og betre helse. Vestland er fylket med lengst ventetid på spelemidlar, ca. 5 år. Dette syner stor aktivitet, men så lang ventetid kan også bidra til å hemma frivilligheit og aktivitet. Fylkestinget imøteser difor ei sak der ein vurderer status og ulike virkemidlar som t.d. forskottering

4. Fylkestinget vil stø opp om den gode utviklinga innan yrkesfag og tal lærlingar. Fylkestinget styrker arbeidet gjennom budsjettet og vil spesielt peike på potensial for betre samhandling og fleire lærlingar innan andre offentlege aktørar som kommunen, sjukehus, universitet og høgskular etc. Fylkestinget ber om særleg merksemd på korleis ein skal få betre samhandling kring elevar/læringar som har nedsette funksjonsevner for å styrke deira sjansar til å kome inn i arbeidsmarknaden

5. For å møte krava i ny opplæringslov og for å nå måla i fullføringsreforma vert fylkesdirektøren bedt om å legge fram ei sak som viser korleis ein kan skape naudsynt handlingsrom i sektoren, og utarbeide ei liste over tiltak som kan avsluttast slik at det er rom for nye satsingar/tiltak i tråd med reforma. Dette må sjåast i samanheng med arbeidet med handlingsprogram for temaplanen fornye og forbetre - auka gjennomføring.

6. Elevar og lærlingar har rett på læremiddel på eige skriftspråk. Diverre opplever mange elevar og lærlingar som nyttar nynorsk at dei ikkje får tak i læremiddel på eige skriftspråk til same tid som bokmålselevar. I samband med innkjøp av læremiddel for skuleåret 2022/2023 ber fylkestinget fylkesdirektøren syte for at læremiddel, inkludert digitale læremiddel, læringsressursar og kontorstøttesystem ligge føre på både bokmål og nynorsk ved skulestart.

7. Vestland er det fylket i landet med flest rasfarlege vegar og det er derfor positivt at nasjonale myndigheiter ynskjer å lage en nasjonal gjennomføringsplan for ras- og skredsikring av alle riksveier og fylkesveier med høg og middels skredfaktor. Det er viktig at Vestland fylke har byggeklare rassikringsprosjekt og mellom dei høgt prioriterte prosjekta i dei tidlegare fylka er det spesielt to prosjekter kor ein ikkje er i gang med detaljreguleringsarbeid. Fylkesdirektøren bes derfor å sikre framdrift i planprosessane på skredsikringsprosjekta FV49 Tokagjelet og FV49 Nordrepollen- Austrepollen.

8. Innsparing på 50 mill. som følge av omsetningspåbod for biodrivstoff skal (jfr. vedtak i fylkesutvalet) i hovudsak nyttast til tiltak som gir kutt i klimagassutsleppa, som til dømes elektrifisering. Fylkestinget nyttar 12 mill. av denne innsparinga til framtidas hurtigbåt, 10 mill. til innføring av takst/sonestruktur i tidlegare Sogn og Fjordane, samt 2 mill. til ladeinfrastruktur for el-bilar. Resten vert sett på disposisjonsfond. Fylkestinget ber administrasjonen komme tilbake til Utval for samferdsle og mobilitet og Fylkesutvalet med sak om mogelegheit for omlegging av pågåande busskontraktar til nullutslepp, som til dømes Bergen Vest og Bergen Sør. I den samanheng vil fylkestinget presiserer behovet for å ha tilstrekkeleg kontrakts- og kompetansekapasitet for å kunne sikre tilstrekkeleg framdrift.

9. Fylkestinget vil ha større fokus på auka satsing på fleksible skyssordningar, både i utvikling av nye produkt og ved å vidareutvikle eksisterande tilbod. Særleg viktig vil det vere å styrke tiltak som motverkar avstandsulempene ungdom i distrikta har for å delta på fritidsaktivitetar mm utanom skuletid. Fylkestinget ber fylkesdirektøren legge fram ei sak for Hovudutval for Samferdsle og kommunikasjon om korleis ein best kan utvikle ordninga.»

10. Kartlegge skulehelsetilbodet på dei ulike skulane i Vestland

11. Støtte opp om Idrettsklynge Vest sin store suksess for barn og unge si fysiske og psykiske helse, og vidare jobbe for at endå fleire kommunar i Vestland får dra nytte av tilbodet for å sikre ei brei regional tilknyting

12. Nordhordlandsbåten ligg innanfor byvekstområdet og grunna trafikksituasjonen mot sentrum er båten eit viktig kollektivtiltak mellom Nordhordland og Bergen. Ved å gjere prisen på tilbodet meir konkurransedyktig, vil ein flytte fleire frå bil til båt, og dermed avlaste innfartsåra frå nord. Fylkestinget ber fylkesdirektør om å legge fram sak, med moglegheitene for å inkludera Nordhordlandsbåten i sone A.

13. Fylkestinget ser at det er stor utvikling innan områda kollektiv og ny mobilitet. Vestland fylke må vere framoverlent og offensiv på nye løysingar, slik at reisebehova blir stetta på ein effektiv måte. Dette er særleg viktig i desse tider der kollektivsektoren vert utfordra av inntektsbortfall grunna koronapandemien, og nye behov og endra åtferd innan mobilitet. Fylkestinget ber difor fylkesdirektøren snarast legge fram sak på korleis fylkeskommunen kan sikre ei auka satsing på utviklingsarbeid med fokus på nyskaping og innovasjon innan mobilitet og kollektiv.

14. Fylkestinget ber om ei sak på korleis ein best kan følgje opp Fellesnemda sitt vedtak i sak 18/1928-2 om tannhelsetenesta og TK Vest

## PS 110/21 Godkjenning av prosjektrekneskap

Forslag til innstilling

Rekneskapane for Arna vidaregåande skule – ombygging og Odda vidaregåande skule – ombygging/rehabilitering vert godkjende.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.11.2021**

**Avrøysting**

Fylkesdirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

**Innstilling til fylkestinget**

Rekneskapane for Arna vidaregåande skule – ombygging og Odda vidaregåande skule – ombygging/rehabilitering vert godkjende.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2021**

**Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

Rekneskapane for Arna vidaregåande skule – ombygging og Odda vidaregåande skule – ombygging/rehabilitering vert godkjende.

## PS 111/21 Evaluering av nærskulemodellen etter inntak til skuleåret 2021/22

Forslag til innstilling

Fylkestinget gjer følgande endringar i Lokal forskrift om inntak og formidling i Vestland fylkeskommune:

1. Omgrepet «nærskuleområde» vert endra til «inntaksområde» og den skjematiske fordelinga mellom skulane og inntaksområda vert kalla «inntaksmatrise».

2. Vestland fylkeskommune sin nærskulemodell på vg1 vil ha seks inntaksområde med tilhøyrande inntaksmatrise. Inntaksområda vert: 1) Sunnhordland, 2) Hardanger/Voss og Sogn, 3) Stor-Bergen, 4) Nordhordland og HAFS, 5) Sunnfjord og Sogn, 6) Nordfjord.

3. Utdanningsprogrammet naturbruk blir del av nærskulemodellen, og søkarar med vg1 naturbruk ved ein skule i sitt inntaksområde får nærskulepoeng til den skulen. Søkarar utan vg1 naturbruk i sitt inntaksområde får nærskulepoeng ved søking til alle skulane med naturbruk .

4. Utdanningsprogrammet idrettsfag takast ut av nærskulemodellen. Tilbodet vert då ikkje bunde opp til søkaren sitt inntaksområde, og ungdommane kan søke fritt til den skulen med idrettsfag som har den fordjupinga eller profilen dei ønsker.

5. Rett til oppflytting frå vg1 til vg2 ved same skule i eit studieførebuande utdanningsprogram vert fjerna, og søkarane konkurrerer på karakterpoeng.

**Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 21.10.2021**

**Ann-Kristin Kristoffersen, NHO,** sette fram slikt tilleggsforslag til nytt pkt. 6:

> «Yrkesopplæringsnemnda sluttar seg til fylkesdirektørens anbefalingar om justeringar av modellen etter inntak skuleåret 2021/2022.
> Nemnda meiner at Fylkesdirektørens forslag til endringar i nærskolemodellen er viktig og nødvendig for å sikre at modellen fungerer på best mogleg måte.
> Det er i fellesskapets interesse at modellen fungerer godt, og yrkesopplæringsnemnda oppmodar til at modellen jamnt evaluerast og får innarbeidd forbetringar.
>
> Det går fram i evalueringa at unge manglar kompetanse på å gjere gode utdanningsval. Dette er noko nemnda ved fleire høve har peika på, og det viser behov for å styrke rådgivingskompetanse i ungdomskolen, for å kunne gi betre informasjon. Styrking av rådgivingstenestene i ungdomsskolen vil gjera inntaksmodellen meir robust og velfungerande.
> Nemnda ber om å få vurdert om det er mogleg å gjera eit arbeid for å sikre betre interaksjon mellom rådgivningstenesten i ungdomsskolen, fylkeskommune og arbeidsliv. God informasjon ut til elevane samt god interaksjon er viktig for at elevane skal kunne ta val og beslutningar på eit best mogleg informasjonsgrunnlag.»

**Åsmund Berthelsen, OppKo,** sette fram slikt alternativt forslag:

> «Fylkestinget gjer fylgjande endringar i Lokal forskrift om inntak og formidling i Vestland fylkeskommune:

- 1. Utdanningsprogrammet naturbruk blir del av nærskulemodellen, og søkarar med vg 1 naturbruk ved ein skule i sitt inntaktsområde får nærskulepoeng til den skulen. Søkarar utan vg1 naturbruk i sitt inntaktsområde får nærskulepoeng ved søkjng til alle skulane med naturbruk
- 2. Utdanningsprogrammet idrettsfag vert teke ut av nærskulemodellen. Tilbodet vert då ikkje bune opp til søkaren i nærskuleområde, og ungdommane kan søkje fritt til den skulen med idrettsfag som har den fordjupinga eller profilen dei ønskjer.
-

> Nemnda ber om at fylgjande vert vurdert i den vidare handsaminga av saka:

- 1. Å gje elevar som uansett må bu på hybel ei særordning.
- 2. Ei nærare og grundigare vurdering av om stor-Bergen kan delast opp i fleire nærskuleområde, jmfr. vedtak i sak PS 107/2020, Lokal forskrift om inntak og formidling i fylkestinget pkt.4.»

**Avrøysting**

Kristoffersen sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Berthelsen sitt alternative forslag fekk ei røyst ( Berthelsen ) og fall.
Innstillinga vart vedteke mot ei røyst ( Berthelsen).

**Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda**

6. Omgrepet «nærskuleområde» vert endra til «inntaksområde» og den skjematiske fordelinga mellom skulane og inntaksområda vert kalla «inntaksmatrise».

7. Vestland fylkeskommune sin nærskulemodell på vg1 vil ha seks inntaksområde med tilhøyrande inntaksmatrise. Inntaksområda vert: 1) Sunnhordland, 2) Hardanger/Voss og Sogn, 3) Stor-Bergen, 4) Nordhordland og HAFS, 5) Sunnfjord og Sogn, 6) Nordfjord.

8. Utdanningsprogrammet naturbruk blir del av nærskulemodellen, og søkarar med vg1 naturbruk ved ein skule i sitt inntaksområde får nærskulepoeng til den skulen. Søkarar utan vg1 naturbruk i sitt inntaksområde får nærskulepoeng ved søking til alle skulane med naturbruk .

9. Utdanningsprogrammet idrettsfag takast ut av nærskulemodellen. Tilbodet vert då ikkje bunde opp til søkaren sitt inntaksområde, og ungdommane kan søke fritt til den skulen med idrettsfag som har den fordjupinga eller profilen dei ønsker.

10. Rett til oppflytting frå vg1 til vg2 ved same skule i eit studieførebuande utdanningsprogram vert fjerna, og søkarane konkurrerer på karakterpoeng.

11. Yrkesopplæringsnemnda sluttar seg til fylkesdirektørens anbefalingar om justeringar av modellen etter inntak skuleåret 2021/2022.
    Nemnda meiner at Fylkesdirektørens forslag til endringar i nærskolemodellen er viktig og nødvendig for å sikre at modellen fungerer på best mogleg måte.
    Det er i fellesskapets interesse at modellen fungerer godt, og yrkesopplæringsnemnda oppmodar til at modellen jamnt evaluerast og får innarbeidd forbetringar.

    Det går fram i evalueringa at unge manglar kompetanse på å gjere gode utdanningsval. Dette er noko nemnda ved fleire høve har peika på, og det viser behov for å styrke rådgivingskompetanse i ungdomskolen, for å kunne gi betre informasjon. Styrking av rådgivingstenestene i ungdomsskolen vil gjera inntaksmodellen meir robust og velfungerande.
    Nemnda ber om å få vurdert om det er mogleg å gjera eit arbeid for å sikre betre interaksjon mellom rådgivningstenesten i ungdomsskolen, fylkeskommune og arbeidsliv. God informasjon ut til elevane samt god interaksjon er viktig for at elevane skal kunne ta val og beslutningar på eit best mogleg informasjonsgrunnlag.

**Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 26.10.2021**

**Gunnar Bakke (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ
1. Fylkestinget går attende til ein modellen med fritt skulevalg for heile Vestland og ber administrasjonen fram ny sak om dette for inntaksåret 2022/23.»

**Karianne Torvanger (A)** sette på vegner av A, MDG, Sp, SV og Krf frem slikt forslag:

«Alternativ

1. Omgrepet «nærskuleområde» vert endra til «inntaksområde» og den skjematiske fordelinga mellom skulane og inntaksområda vert kalla «inntaksmatrise».

2. Fylkestinget viser til Hurdalsplattformen der det blir slått fast at fylkeskommunane sjølve skal avgjere modell for opptak til vidaregåande opplæring i eige fylke. Utvalet ønskjer difor å vidareføre dagens 8 inntaksområde med tilhøyrande matriser.

3. Fylkestinget viser til ynemda sitt vedtak og støtter opp om at nærskulemodellen jamnleg må evaluerast for å sikre at modellen fungerar på best mogleg måte. Utvalet ønskjer å opne for ei større evaluering av modellen og inndelinga i inntaksområde på eit seinare tidspunkt og er oppteken av at det då skal være ei brei høyring. Evalueringa må også vise konsekvensen av nærskulemodellen for dei elevane som uansett må flytte på hybel.

4. Utdanningsprogrammet naturbruk vert ikkje tatt inn i nærskulemodellen.

5. Utdanningprogramma idrettsfag og musikk, dans og drama vert tatt ut av nærskulemodellen. Tilboda vert då ikkje bunde opp til søkaren sitt inntaksområde og ungdommane kan fritt søke til den skulen som har den fordjupninga eller profilen dei ønsker.

6. Elevane skal fortsatt ha rett til oppflytting frå vg1 til vg2 ved same skule i eit studieførebuande utdanningsprogram.

7. Fylkestinget tek til etterretning at informasjonsformidlinga om nærskulemodellen ikkje har vore god nok og peikar på at god nok informasjon og kommunikasjon er viktig for å sikre at inntaksmodellen fungerar slik den skal. Fylkestinget ber om å få vurdert om det er mogleg å gjera eit arbeid for å sikre betre interaksjon mellom rådgievingstenesta i ungdomsskulen, fylkeskommunen og arbeidsliv for å sikre at at elevane skal kunne ta val og beslutningar på eit best mogleg informasjonsgrunnlag.»

**Svein Halleraker (H)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ
Fylkestinget tar saken til orientering.»

**Avrøysting**
Det var 13 representantar til stades.
Fylkesdirektøren sitt forslag til innstilling fekk 0 røyster og fall.
Halleraker sitt forslag fekk 3 røyster (H) og fall.
Bakke sitt forslag fekk 4 røyster (H, Frp) og fall.
Torvanger sitt forslag vart vedteke mot 4 røyster (H, Frp).

**Innstilling til fylkesutvalet**
1. Omgrepet «nærskuleområde» vert endra til «inntaksområde» og den skjematiske fordelinga mellom skulane og inntaksområda vert kalla «inntaksmatrise».

2. Fylkestinget viser til Hurdalsplattformen der det blir slått fast at fylkeskommunane sjølve skal avgjere modell for opptak til vidaregåande opplæring i eige fylke. Utvalet ønskjer difor å vidareføre dagens 8 inntaksområde med tilhøyrande matriser.

3. Fylkestinget viser til ynemda sitt vedtak og støtter opp om at nærskulemodellen jamnleg må evaluerast for å sikre at modellen fungerar på best mogleg måte. Utvalet ønskjer å opne for ei større evaluering av modellen og inndelinga i inntaksområde på eit seinare tidspunkt og er oppteken av at det då skal være ei brei høyring. Evalueringa må også vise konsekvensen av nærskulemodellen for dei elevane som uansett må flytte på hybel.

4. Utdanningsprogrammet naturbruk vert ikkje tatt inn i nærskulemodellen.

5. Utdanningprogramma idrettsfag og musikk, dans og drama vert tatt ut av nærskulemodellen. Tilboda vert då ikkje bunde opp til søkaren sitt inntaksområde og ungdommane kan fritt søke til den skulen som har den fordjupninga eller profilen dei ønsker.

6. Elevane skal fortsatt ha rett til oppflytting frå vg1 til vg2 ved same skule i eit studieførebuande utdanningsprogram.

7. Fylkestinget tek til etterretning at informasjonsformidlinga om nærskulemodellen ikkje har vore god nok og peikar på at god nok informasjon og kommunikasjon er viktig for å sikre at inntaksmodellen fungerar slik den skal. Fylkestinget ber om å få vurdert om det er mogleg å gjera eit arbeid for å sikre betre interaksjon mellom rådgievingstenesta i ungdomsskulen, fylkeskommunen og arbeidsliv for å sikre at at elevane skal kunne ta val og beslutningar på eit best mogleg informasjonsgrunnlag.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 09.11.2021**

**Sigbjørn Framnes (FRP)** sette på vegner av FRP, H fram slikt forslag:

«Alternativ

1. Fylkestinget går attende til ein modellen med fritt skulevalg for heile Vestland og ber administrasjonen fram ny sak om dette for inntaksåret 2022/23.»

**Avrøysting**

Framnes sitt forslag fekk 7 røyster (FRP, FNB, H, UA) og fall.
Innstillinga vart vedteke mot 7 røyster (FRP, FNB, H, UA).

**Innstilling til fylkestinget**

1. Omgrepet «nærskuleområde» vert endra til «inntaksområde» og den skjematiske fordelinga mellom skulane og inntaksområda vert kalla «inntaksmatrise».

2. Fylkestinget viser til Hurdalsplattformen der det blir slått fast at fylkeskommunane sjølve skal avgjere modell for opptak til vidaregåande opplæring i eige fylke. Utvalet ønskjer difor å vidareføre dagens 8 inntaksområde med tilhøyrande matriser.

3. Fylkestinget viser til ynemda sitt vedtak og støtter opp om at nærskulemodellen jamnleg må evaluerast for å sikre at modellen fungerar på best mogleg måte. Utvalet ønskjer å opne for ei større evaluering av modellen og inndelinga i inntaksområde på eit seinare tidspunkt og er oppteken av at det då skal være ei brei høyring. Evalueringa må også vise konsekvensen av nærskulemodellen for dei elevane som uansett må flytte på hybel.

4. Utdanningsprogrammet naturbruk vert ikkje tatt inn i nærskulemodellen.

5. Utdanningprogramma idrettsfag og musikk, dans og drama vert tatt ut av nærskulemodellen. Tilboda vert då ikkje bunde opp til søkaren sitt inntaksområde og ungdommane kan fritt søke til den skulen som har den fordjupninga eller profilen dei ønsker.

6. Elevane skal fortsatt ha rett til oppflytting frå vg1 til vg2 ved same skule i eit studieførebuande utdanningsprogram.

7. Fylkestinget tek til etterretning at informasjonsformidlinga om nærskulemodellen ikkje har vore god nok og peikar på at god nok informasjon og kommunikasjon er viktig for å sikre at inntaksmodellen fungerar slik den skal. Fylkestinget ber om å få vurdert om det er mogleg å gjera eit arbeid for å sikre betre interaksjon mellom rådgievingstenesta i ungdomsskulen, fylkeskommunen og arbeidsliv for å sikre at at elevane skal kunne ta val og beslutningar på eit best mogleg informasjonsgrunnlag.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2021**

**Terje Søviknes (FRP)** sette på vegner av FRP, H fram slikt forslag:

«Alternativ:

Vestland fylkeskommune går attende til ein modell med fritt skuleval i heile Vestland, og ber kommunedirektøren om å leggja fram sak om dette for

**Åsmund Berthelsen (SV)** sette på vegner av A, MDG, SP, SV, V og KRF fram slikt forslag:

«Tillegg:

1. Tillegg i pkt.6 i innstillinga:
Retten til oppflytting skal så langt det let seg gjere også gjelde elevar som er på utveksling (jmfr. forslag til endring i §5 i lokal forskrift) og fylkestinget ber administrasjonen finne gode løysingar for dei elevane det gjeld.

2. Tillegg inn som pkt. 7 i innstillinga

Endring i §5 i inntaksforskrifta:

Inntaksforskrifta §5 Oppflytting Vg 2 og Vg3 studieførebuande utdanningsprogram vert endra med at setningen «Føresetnaden er at det vert søkt om inntak påfølgjande år.» vert stroken i pkt (1) og i pkt (2)
Det vert lagt til eit nytt punkt (3) med slik formulering:
Retten til oppflytting skal så langt det let seg gjere også gjelde elevar som er på utveksling på vg2.

3. Pkt 7 i innstillinga vert endra til pkt 8

**Avrøysting**
*Det var 63 representantar til stades*

Søviknes sitt forslag fekk 19 røyster (FRP, H, PP) og fall.
Innstillinga vart vedteken mot 19 røyster (FRP, H, PP).
Berthelsen sitt forslag vart vedteke mot 19 røyster (FRP, H, PP).

**Vedtak**

1. Omgrepet «nærskuleområde» vert endra til «inntaksområde» og den skjematiske fordelinga mellom skulane og inntaksområda vert kalla «inntaksmatrise».

2. Fylkestinget viser til Hurdalsplattformen der det blir slått fast at fylkeskommunane sjølve skal avgjere modell for opptak til vidaregåande opplæring i eige fylke. Utvalet ønskjer difor å vidareføre dagens 8 inntaksområde med tilhøyrande matriser.

3. Fylkestinget viser til ynemda sitt vedtak og støtter opp om at nærskulemodellen jamnleg må evaluerast for å sikre at modellen fungerar på best mogleg måte. Utvalet ønskjer å opne for ei større evaluering av modellen og inndelinga i inntaksområde på eit seinare tidspunkt og er oppteken av at det då skal være ei brei høyring. Evalueringa må også vise konsekvensen av nærskulemodellen for dei elevane som uansett må flytte på hybel.

4. Utdanningsprogrammet naturbruk vert ikkje tatt inn i nærskulemodellen.

5. Utdanningsprogramma idrettsfag og musikk, dans og drama vert tatt ut av nærskulemodellen. Tilboda vert då ikkje bunde opp til søkaren sitt inntaksområde og ungdommane kan fritt søke til den skulen som har den fordjupinga eller profilen dei ønsker.

6. Elevane skal fortsett ha rett til oppflytting frå vg1 til vg2 ved same skule i eit studieførebuande utdanningsprogram. Retten til oppflytting skal så langt det let seg gjere også gjelde elevar som er på utveksling (jmfr. forslag til endring i §5 i lokal forskrift) og fylkestinget ber administrasjonen finne gode løysingar for dei elevane det gjeld.

7. Endring i §5 i inntaksforskrifta:
Inntaksforskrifta §5 Oppflytting Vg 2 og Vg3 studieførebuande utdanningsprogram vert endra med at setninga «Føresetnaden er at det vert søkt om inntak påfølgjande år.» vert stroken i pkt (1) og i pkt (2)
Det vert lagt til eit nytt punkt (3) med slik formulering:
Retten til oppflytting skal så langt det let seg gjere også gjelde elevar som er på utveksling på vg2.

8. Fylkestinget tek til etterretning at informasjonsformidlinga om nærskulemodellen ikkje har vore god nok og peikar på at god nok informasjon og kommunikasjon er viktig for å sikre at inntaksmodellen fungerer slik den skal. Fylkestinget ber om å få vurdert om det er mogleg å gjera eit arbeid for å sikre betre interaksjon mellom rådgjevingstenesta i ungdomsskulen, fylkeskommunen og arbeidsliv for å sikre at elevane skal kunne ta val og beslutningar på eit best mogleg informasjonsgrunnlag.

## PS 112/21 Seriøsitetskrav i Vestland fylkeskommune - Oppfølging av vedtak

Forslag til innstilling

1. Vestland innfører Oslo-modellen slik den vart vedteken i Hordaland fylkeskommune for alle bygg og anleggsprosjekt i regi av Vestland fylkeskommune. Kontraktskrava blir også innført i avdeling for infrastruktur og veg sine kontraktar seinast hausten 2021.

2. For å stetta bruken av dei mindre, lokale entreprenørane, kan INV avvike frå kravet knytt til fagarbeidarar innan fylkesvegområdet i spesielle tilfelle.

**Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 08.09.2021**

**Symphorien Pombe, SV,** sette fram slikt forslag på vegner av SV og A:

> «Forslag til innstilling:
> 1. Vestland fylkeskommune vidarefører Oslo-modellen for alle bygg- og anleggsprosjekt i eigen regi, slik den var vedteken i Hordaland fylkeskommune.
>
> 2. Krav om tariffløn bør innførast, slik det er gjort i Oslomodellen. Kravet kan operasjonaliserast gjennom at innleigde frå bemanningsbyrå skal vere fast tilsett. Dette skal dokumenterast overfor byggherre med den einskilde innleigde sin tilsettingskontrakt.
>
> 3. Krav om faglærde handverkarar bør vere hovudregel for alle bygg- og anleggsprosjekt i Vestland fylkeskommune. Ein bør innan utvalde fagområde auke kravet til faglærde til 80%.
>
> 4. Verksemder som er leverandørar til Vestland fylkeskommune sine bygg- og anleggsprosjekt skal ha 10% lærlingar. Dette er eit krav utan unntak.
>
> 5. Det skal berre vere eitt ledd underleverandør i vertikal kjede.
>
> 6. Hovudregel for Vestland fylkeskommune sine innkjøp er at leverandørane skal følgje landsdekkande norsk tariffavtale.
>
> **Forslag til vedtak:**
>
> Før saka vert lagt fram for fylkesutvalet og fylkestinget, skal fylkeskommunedirektøren greie ut konsekvensane av innstillinga, jfr kommuneloven § 13-1.»

**Knut Inge Andersen, FNB,** sette fram slikt tilleggsforslag:

> «Nytt pkt 3:
> Menneske med nedsett funksjonsevne må få betre mogelegheiter og forpliktande rettar til å delta i arbeidslivet. Vestland vil difor være eit føregangsfylke med å gradvis byggje inn mekanismar basert på dei internasjonale CRPD -måla i seriøsitetskrava.»

**Rita Tonning, R,** sette fram slikt tilleggsforslag:

> «Tillegg til punkt 1 i innstilling:
> Vestland fylke går inn for at hovedregelen ved slike fylkeskommunale innkjøp og oppdrag er at det blir stilt krav om at det ligg føre landsdekkende norsk tariffavtale.»

**Avrøysting**

Pombe sitt forslag til punkt 1 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 4 røyster (H, FrP og PP) for fylkeskommunedirektøren sitt forslag som falt.
Pombe sitt forslag til punkt 2 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 4 røyster (H, FrP og PP) for fylkeskommunedirektøren sitt forslag som falt.
Pombe sitt forslag til punkt 3 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 4 røyster (H, FrP og PP).
Pombe sitt forslag til punkt 4 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 6 røyster (Sp, H, FrP og PP).
Pombe sitt forslag til punkt 5 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 6 røyster (Sp, H, Frp og PP).
Tonning sitt tilleggsforslag fekk ei røyst ( R ) og falt.
Pombe sitt forslag til punkt 6 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 6 røyster (H, U, FNB, FrP og PP).

Pombe sitt forslag til vedtak vart vedteke mot 2 røyster (FrP og PP).
Andersen sitt tilleggsforslag vart vedteke mot 3 røyster ( H og FrP).

**Innstilling til fylkesutvalet**
1. Vestland fylkeskommune vidarefører Oslo-modellen for alle bygg- og anleggsprosjekt i eigen regi, slik den var vedteken i Hordaland fylkeskommune.

2. Krav om tariffløn bør innførast, slik det er gjort i Oslomodellen. Kravet kan operasjonaliserast gjennom at innleigde frå bemanningsbyrå skal vere fast tilsett. Dette skal dokumenterast overfor byggherre med den einskilde innleigde sin tilsettingskontrakt.
3. Krav om faglærde handverkarar bør vere hovudregel for alle bygg- og anleggsprosjekt i Vestland fylkeskommune. Ein bør innan utvalde fagområde auke kravet til faglærde til 80%. Menneske med nedsett funksjonsevne må få betre mogelegheiter og forpliktande rettar til å delta i arbeidslivet. Vestland vil difor være eit føregangsfylke med å gradvis byggje inn mekanismar basert på dei internasjonale CRPD -måla i seriøsitetskrava.
4. Verksemder som er leverandørar til Vestland fylkeskommune sine bygg- og anleggsprosjekt skal ha 10% lærlingar. Dette er eit krav utan unntak.
5. Det skal berre vere eitt ledd underleverandør i vertikal kjede.
6. Hovudregel for Vestland fylkeskommune sine innkjøp er at leverandørane skal følgje landsdekkande norsk tariffavtale.

**Forslag til vedtak:**
Før saka vert lagt fram for fylkesutvalet og fylkestinget, skal fylkeskommunedirektøren greie ut konsekvensane av innstillinga, jfr kommuneloven § 13-1.»

**Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 08.09.2021**

**Marthe Hammer (SV)** sette på vegner av SV, A. og MDG fram slikt forslag til innstilling:

«Alternativ punkt 2:

Under punkt 3: Krav om faglærte håndverkere
Krav om faglærde handverkarar bør vere hovudregel for alle bygg- og anleggsprosjekt i Vestland fylkeskommune. Ein bør innan utvalde fagområde auke kravet til faglærde til 80%.

Nytt punkt 3:

Under punkt 2: Krav om tariffløn mellom oppdrag
Krav om tarifflønn bør innførast, slik det er gjort i Oslomodellen. Kravet kan operasjonaliserast gjennom at innleigde frå bemanningsbyrå skal vere fast tilsett. Dette skal dokumenterast overfor byggherre med den einskilde innleigde sin tilsettingskontrakt.

Nytt punkt 4:

Under punkt 4. Lærlinger
Verksemder som er leverandørar til Vestland fylkeskommune sine bygg- og anleggsprosjekt skal ha 10% lærlingar. Dette er eit krav utan unntak.

Nytt punkt 5:

Under punkt 5. Begrensning i antall ledd underleverandører:
Det skal berre vere eitt ledd underleverandør i vertikal kjede.

Nytt punkt 6:

Hovudregel for Vestland fylkeskommune sine innkjøp er at leverandørane skal følgje landsdekkande norsk tariffavtale.»

**Marthe Hammer (SV)** sette på vegner av SV, MDG, A, Sp og Krf fram slikt forslag til vedtak:

«Før saka vert lagt fram for fylkesutvalet og fylkestinget, skal fylkeskommunedirektøren greie ut konsekvensane av innstillinga og forslag i møtet, jfr kommuneloven § 13-1.»

**Avrøysting**

Innstillinga punkt 1 vart samrøystes vedteke.
Hammer sitt forslag til alternativ punkt 2 fekk 6 røyster (SV, A og MDG) og fall.
Innstillinga punkt 2 vart vedteke mot 6 røyster (SV, A og MDG).
Hammer sitt forslag til nytt punkt 3 vart vedteke mot 6 røyster (H, Frp og UA).
Hammer sitt forslag til nytt punkt 4 fekk 7 røyster (SV, A, MDG og Krf) og fall.
Hammer sitt forslag til nytt punkt 5 fekk 7 røyster (SV, A, MDG og Krf) og fall.
Hammer sitt forslag til nytt punkt 6 vart vedteke mot 6 røyster (H, Frp og UA).
Hammer sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Innstilling til fylkesutvalet**

1. Vestland innfører Oslo-modellen slik den vart vedteken i Hordaland fylkeskommune for alle bygg og anleggsprosjekt i regi av Vestland fylkeskommune. Kontraktskrava blir også innført i avdeling for infrastruktur og veg sine kontraktar seinast hausten 2021.

2. For å stetta bruken av dei mindre, lokale entreprenørane, kan INV avvike frå kravet knytt til fagarbeidarar innan fylkesvegområdet i spesielle tilfelle.

3. Under punkt 2: Krav om tarifflønn mellom oppdrag
Krav om tarifflønn bør innførast, slik det er gjort i Oslomodellen. Kravet kan operasjonaliserast gjennom at innleigde frå bemanningsbyrå skal vere fast tilsett. Dette skal dokumenterast overfor byggherre med den einskilde innleigde sin tilsettingskontrakt.

4. Hovudregel for Vestland fylkeskommune sine innkjøp er at leverandørane skal følgje landsdekkande norsk tariffavtale.

**Vedtak**

Før saka vert lagt fram for fylkesutvalet og fylkestinget, skal fylkeskommunedirektøren greie ut konsekvensane av innstillinga og forslag i møtet, jfr kommuneloven § 13-1.

**Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 08.09.2021**

**Jeanette Onarheim Syversen (R)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg til innstillinga punkt 1
Vestland går inn for at hovedregelen ved slike fylkeskommunale innkjøp og oppdrag, er at det blir stilt krav om at det ligg føre landsdekkande norsk tariffavtale.»

**Åsmund Berthelsen (SV)** sette fram på vegner av A, MDG, SP, SV og Krf slikt forslag (1):

«Tillegg
1.Krav om tarfifflønn mellom oppdrag
Krav om tariffløn bør innførast, slik det er gjort i Oslomodellen. Kravet kan operasjonaliserast gjennom at innleigde frå bemanningsbyrå skal vere fast tilsett. Dette skal dokumenterast overfor byggherre med den einskilde innleigde sin tilsettingskontrakt.

2.Krav om faglærte handverkarar
Krav om faglærde handverkarar bør vere hovudregel for alle bygg- og anleggsprosjekt i Vestland fylkeskommune. Ein bør innan utvalde fagområde auke kravet til faglærde til 80%.

3.Hovudregel for Vestland fylkeskommune sine innkjøp er at leverandørane skal følgje landsdekkande norsk tariffavtale.

Forslag til vedtak:

> Før saka vert lagt fram for fylkesutvalet og fylkestinget, skal fylkeskommunedirektøren greie ut konsekvensane av innstillinga, jfr kommuneloven § 13-1.»

**Åsmund Berthelsen (SV)** sette fram på vegner av A, MDG, SV og Krf slikt forslag (2):

> «Tillegg
> Lærlingar
> Verksemder som er leverandørar til Vestland fylkeskommune sine bygg- og anleggsprosjekt skal ha 10% lærlingar, og ha lærlingar på dei aktuelle prosjekta. Dette er eit krav utan unntak.
>
> Begrensning i antall ledd underleverandører
> Det skal berre vere eitt ledd underleverandør i vertikal kjede.»

**Avrøysting**
Fylkeskommunedirektøren sitt forslag til innstilling punkt 1 vart samrøystes vedteke.
Syversen sitt forslag fekk 1 røyst (R) og fall.
Fylkeskommunedirektøren sitt forslag til innstilling punkt 2 fekk 14 røyster mot 1 (SV) og vart vedteke.
Berthelsen sitt forslag (1) fekk 10 røyster mot 5 (H, FNB, Frp) og vart vedteke.
Berthelsen sitt forslag (2) fekk 8 røyster mot 7 (Sp, H, FNB, Frp) og vart vedteke.

**Innstilling til fylkesutvalet**
1. Vestland innfører Oslo-modellen slik den vart vedteken i Hordaland fylkeskommune for alle bygg og anleggsprosjekt i regi av Vestland fylkeskommune. Kontraktskrava blir også innført i avdeling for infrastruktur og veg sine kontraktar seinast hausten 2021.

2. For å stetta bruken av dei mindre, lokale entreprenørane, kan INV avvike frå kravet knytt til fagarbeidarar innan fylkesvegområdet i spesielle tilfelle.

3. Krav om tarfiffløn mellom oppdrag
Krav om tariffløn bør innførast, slik det er gjort i Oslomodellen. Kravet kan operasjonaliserast gjennom at innleigde frå bemanningsbyrå skal vere fast tilsett. Dette skal dokumenterast overfor byggherre med den einskilde innleigde sin tilsettingskontrakt.

4. Krav om faglærde handverkarar
Krav om faglærde handverkarar bør vere hovudregel for alle bygg- og anleggsprosjekt i Vestland fylkeskommune. Ein bør innan utvalde fagområde auke kravet til faglærde til 80%.

5. Hovudregel for Vestland fylkeskommune sine innkjøp er at leverandørane skal følgje landsdekkande norsk tariffavtale.

6. Lærlingar
Verksemder som er leverandørar til Vestland fylkeskommune sine bygg- og anleggsprosjekt skal ha 10% lærlingar, og ha lærlingar på dei aktuelle prosjekta. Dette er eit krav utan unntak.

7. Begrensing i antal ledd underleverandørar
Det skal berre vere eitt ledd underleverandør i vertikal kjede

**Vedtak**
Før saka vert lagt fram for fylkesutvalet og fylkestinget, skal fylkeskommunedirektøren greie ut konsekvensane av innstillinga, jfr. kommunelova § 13-1.

**Saksprotokoll i hovudutval for næring - 08.09.2021**

**Kine Bratli Dale (A)** sette på vegner av A, MDG, SP, SV, V, KRF, U fram slikt forslag:

> «Alternativ
>
> **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Vestland fylkeskommune vidarefører Oslo-modellen for alle bygg- og anleggsprosjekt i eigen regi, slik den var vedteken i Hordaland fylkeskommune.

2. Krav om tariffløn bør innførast, slik det er gjort i Oslomodellen. Kravet kan operasjonaliserast gjennom at innleigde frå bemanningsbyrå skal vere fast tilsett. Dette skal dokumenterast overfor byggherre med den einskilde innleigde sin tilsettingskontrakt.

3. Krav om faglærde handverkarar bør vere hovudregel for alle bygg- og anleggsprosjekt i Vestland fylkeskommune. Ein bør innan utvalde fagområde auke kravet til faglærde til 80%.

4. Verksemder som er leverandørar til Vestland fylkeskommune sine bygg- og anleggsprosjekt skal ha 10% lærlingar. Dette er eit krav utan unntak.

5. Det skal berre vere eitt ledd underleverandør i vertikal kjede.

6. Hovudregel for Vestland fylkeskommune sine innkjøp er at leverandørane skal følgje landsdekkande norsk tariffavtale.

**Forslag til vedtak**:

Før saka vert lagt fram for fylkesutvalet og fylkestinget, skal fylkeskommunedirektøren greie ut konsekvensane av innstillinga, jfr kommuneloven § 13-1.»

**Avrøysting**

Dale sitt forslag punkt 1 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 5 røyster (H, FRP) for fylkeskommunedirektøren sitt forslag punkt 1.
Dale sitt forslag punkt 2 vart vedteke mot 5 røyster (FRP, H).
Dale sitt forslag punkt 3 vart vedteke mot 6 røyster (FRP, H, 1 SP (Sigrid Brattabø Handegard)).
Dale sitt forslag punkt 4 vart vedteke mot 7 røyster (SP, H, FRP).
Dale sitt forslag punkt 5 vart vedteke mot 7 røyster (SP, H, FRP).
Dale sitt forslag punkt 6 vart vedteke mot 5 røyster (H, FRP).
Fylkeskommunedirektøren sitt forslag punkt 2 vart vedteke mot 5 røyster (U, SV, A).
Dale sitt forslag til vedtak vart vedteke mot 2 røyster (FRP).

**Innstilling til fylkesutvalet**

1. Vestland fylkeskommune vidarefører Oslo-modellen for alle bygg- og anleggsprosjekt i eigen regi, slik den var vedteken i Hordaland fylkeskommune.

2. Krav om tariffløn bør innførast, slik det er gjort i Oslomodellen. Kravet kan operasjonaliserast gjennom at innleigde frå bemanningsbyrå skal vere fast tilsett. Dette skal dokumenterast overfor byggherre med den einskilde innleigde sin tilsettingskontrakt.

3. Krav om faglærde handverkarar bør vere hovudregel for alle bygg- og anleggsprosjekt i Vestland fylkeskommune. Ein bør innan utvalde fagområde auke kravet til faglærde til 80%.

4. Verksemder som er leverandørar til Vestland fylkeskommune sine bygg- og anleggsprosjekt skal ha 10% lærlingar. Dette er eit krav utan unntak.

5. Det skal berre vere eitt ledd underleverandør i vertikal kjede.

6. Hovudregel for Vestland fylkeskommune sine innkjøp er at leverandørane skal følgje landsdekkande norsk tariffavtale.
7. For å stetta bruken av dei mindre, lokale entreprenørane, kan INV avvike frå kravet knytt til fagarbeidarar innan fylkesvegområdet i spesielle tilfelle.

**Vedtak**:

Før saka vert lagt fram for fylkesutvalet og fylkestinget, skal fylkeskommunedirektøren greie ut konsekvensane av innstillinga, jfr. kommunelova § 13-1.

**Knut Inge Andersen (FNB)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg

Menneske med nedsett funksjonsevne må få betre mogelegheiter og forpliktande rettar til å delta i arbeidslivet. Vestland vil difor være eit føregangsfylke med å gradvis byggje inn mekanismar basert på dei internasjonale CRPD -måla i seriøsitetskrava.»

**Marthe Hammer (SV)** sette på vegner av SV, A, MDG, SP, V, KRF fram slikt forslag til utsetjing:

«Til utsetjing

Fylkesutvalet ynskjer å innføre følgjande seriøsitetsbestemmelsar for innkjøp og kontraktar i Vestland Fylkeskommune, og ber administrasjonen utgreie kva konsekvensar følgjande kan gje, men også på kva måte ein kan imøtekomme desse krava, spesielt gjeld dette punkt 5 om tal ledd underleverandørar.

1. Vestland innfører Oslo-modellen slik den vart vedteken i Hordaland fylkeskommune for alle bygg og anleggsprosjekt i regi av Vestland fylkeskommune. Kontraktskrava blir også innført i avdeling for infrastruktur og veg sine kontraktar seinast hausten 2021.

2. Under punktet «Krav om tarifflønn mellom oppdrag» Krav om tariffløn bør innførast, slik det er gjort i Oslomodellen. Kravet kan operasjonaliserast gjennom at innleigde frå bemanningsbyrå skal vere fast tilsett. Dette skal dokumenterast overfor byggherre med den einskilde innleigde sin tilsettingskontrakt.

3. Under punktet «Krav om faglærte håndverkere» Krav om minimum 50% faglærde handverkarar bør vere hovudregel for alle bygg- og anleggsprosjekt i Vestland fylkeskommune. Ein bør innan utvalde fagområde auke kravet til faglærde til 80%, gjennom at andel faglærde ut over 50% vektast i tildelinga. For å stetta bruken av dei mindre, lokale entreprenørane, kan ein på driftskontraktar på fylkesveg avvike frå kravet i spesielle tilfelle. Ein oversikt over desse avvika vert lagt fram for SAMO hausten 2022.

4. I tråd med oslomodellen og saksframlegget punkt 4: «lærlinger» , vil Vestland ein krevje minimum 10% lærlingar på kontraktane i områder med behov for lærlingar. Innslagspunktet for lærlingekravet vil vere på 1,1 mill, dvs. statleg terskelverdi (for kommunar er innslagspunktet 1,75 mill) og 3 mnd kontraktsvarigheit.

5. Under punkt 5 «Begrensning i tal ledd underleverandører Som hovudregel vert det tillatt inntil eitt ledd under hovedleverandør i kvart fag. Det kan gis dispensasjon for ytterligare eitt ledd når det er spesielle årsaker, og dette er tatt opp med oppdragsgiver og skriftleg godkjent på førehand. Det skal stillast samme formalkrav i alle ledd av kjeden.

6. Vestland fylkesting går inn for at hovudregelen ved fylkeskommunale innkjøp er at det blir stilt krav om at det ligg føre landsdekkande norsk tariffavtale. (Ordlyd i tråd med vedtak i Hordaland fylkesting)».

**Terje Søviknes (FRP)** sette på vegner av FRP, H fram slikt forslag til utsetjing:

«Til utsetjing

Saka vert utsett, ref. notat av 14.09.21 frå fylkeskommunedirektøren vedr. forsvarleg utgreiing etter Kommunelova §13-1 4.ledd.»

**Avrøysting til utsetjing av saka**

Søviknes sitt forslag fekk 6 røyster (FRP, H, FNB) og fall.
Hammer sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster (FRP).

**Vedtak**

Saka vert utsett.

Fylkesutvalet ynskjer å innføre følgjande seriøsitetsbestemmelsar for innkjøp og kontraktar i Vestland Fylkeskommune, og ber administrasjonen utgreie kva konsekvensar følgjande kan gje, men også på kva måte ein kan imøtekomme desse krava, spesielt gjeld dette punkt 5 om tal ledd underleverandørar.

1. Vestland innfører Oslo-modellen slik den vart vedteken i Hordaland fylkeskommune for alle bygg og anleggsprosjekt i regi av Vestland fylkeskommune. Kontraktskrava blir også innført i avdeling for infrastruktur og veg sine kontraktar seinast hausten 2021.

2. Under punktet «Krav om tarifflønn mellom oppdrag» Krav om tariffløn bør innførast, slik det er gjort i Oslomodellen. Kravet kan operasjonaliserast gjennom at innleigde frå bemanningsbyrå skal vere fast tilsett. Dette skal dokumenterast overfor byggherre med den einskilde innleigde sin tilsettingskontrakt.

3. Under punktet «Krav om faglærte håndverkere» Krav om minimum 50% faglærde handverkarar bør vere hovudregel for alle bygg- og anleggsprosjekt i Vestland fylkeskommune. Ein bør innan utvalde fagområde auke kravet til faglærde til 80%, gjennom at andel faglærde ut over 50% vektast i tildelinga. For å stetta bruken av dei mindre, lokale entreprenørane, kan ein på driftskontraktar på fylkesveg avvike frå kravet i spesielle tilfelle. Ein oversikt over desse avvika vert lagt fram for SAMO hausten 2022.

4. I tråd med oslomodellen og saksframlegget punkt 4: «lærlinger» , vil Vestland ein krevje minimum 10% lærlingar på kontraktane i områder med behov for lærlingar. Innslagspunktet for lærlingekravet vil vere på 1,1 mill, dvs. statleg terskelverdi (for kommunar er innslagspunktet 1,75 mill) og 3 mnd kontraktsvarigheit.

5. Under punkt 5 «Begrensning i tal ledd underleverandører Som hovudregel vert det tillatt inntil eitt ledd under hovedleverandør i kvart fag. Det kan gis dispensasjon for ytterligare eitt ledd når det er spesielle årsaker, og dette er tatt opp med oppdragsgiver og skriftleg godkjent på førehand. Det skal stillast samme formalkrav i alle ledd av kjeden.

6. Vestland fylkesting går inn for at hovudregelen ved fylkeskommunale innkjøp er at det blir stilt krav om at det ligg føre landsdekkande norsk tariffavtale. (Ordlyd i tråd med vedtak i Hordaland fylkesting).

**Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2021**

**Fylkesordførar Jon Askeland (SP)** sette fram slikt forslag til utsetjing:

> «Saka vert utsett»

**Avrøysting**

Askeland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Saka vert utsett.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.11.2021**

**Marthe Hammer (SV)** sette på vegner av SV, A, MDG, SP, V, KRF fram slikt forslag:

> «Alternativ
>
> 1. Vestland innfører Oslo-modellen slik den vart vedteken i Hordaland fylkeskommune for alle bygg og anleggsprosjekt i regi av Vestland fylkeskommune. Kontraktskrava blir også innført i avdeling for infrastruktur og veg sine kontraktar seinast hausten 2021.
>
> 2. Under punktet «krav mellom tarifflønn mellom oppdrag». I den grad entreprenør eller UE nyttar innleigde frå bemanningsbransjen, skal vedkommande vere fast tilsett i

bemanningsbedrifta i tråd med Arbeidsmiljøloven §14-9. Det skal dokumenterast at vedkommande er tilsett i ein stillingsbrøk som passar med den einskilde si arbeidstid i det aktuelle prosjektet. Dersom arbeidet vert utført i ein arbeidstidsordning utover 7,5 timer per dag/37 timer per uke, skal det dokumenterast at det ligg føre skriftleg avtale og arbeidsplan etter Arbeidsmiljøloven §§ 10-5 og 14-6.j).

3. Under punktet «Krav om faglærte håndverkere». Krav om minimum 50% faglærde handverkarar bør vere hovudregel for alle bygg- og anleggsprosjekt i Vestland fylkeskommune. Bonusordningar vert vurdert etablert for å sikre insitament for leverandørane til å auke talet på samla faglærd arbeidskraft. For å stetta bruken av dei mindre, lokale entreprenørane, kan ein på driftskontraktar på fylkesveg avvike frå kravet i spesielle tilfelle. Ein oversikt over desse avvika vert lagt fram for hovudutval for samferdsel og mobilitet hausten 2022.

4: I tråd med Oslo-modellen og saksframlegget punkt «lærlingar» , vil Vestland ein krevje minimum 10% lærlingar på kontraktane i områder med behov for lærlingar. Innslagspunktet for lærlingekravet vil vere på 1,1 mill, dvs. statleg terskelverdi (for kommunar er innslagspunktet 1,75 mill) og 3 mnd kontraktsvarigheit.

5. Under punkt 5 «Begrensning i tal ledd underleverandører». Fylkestinget meiner at det er ei målsetting å avgrense talet på underleverandørar i vertikal kjede, da fleire ledd med underleverandørar gjer det vanskelegare å sikre at lønns- og arbeidsvilkår er i tråd med lov og bestemmingar, samt vanskelegare å kontrollere. I påvente av nasjonalt arbeid om norgesmodell, vert gjeldande formulering på tal underleverandørar vidareført.

6. Vestland fylkesting går inn for at hovudregelen ved fylkeskommunale innkjøp er at det blir stilt krav om at det ligg føre landsdekkande norsk tariffavtale. (Ordlyd i tråd med vedtak i Hordaland fylkesting).

**Knut Inge Andersen (FNB)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg

Menneske med nedsett funksjonsevne må få betre mogelegheiter og forpliktande rettar til å delta i arbeidslivet. Vestland vil difor være eit føregangsfylke med å gradvis byggje inn mekanismar basert på dei internasjonale CRPD -måla i seriøsitetskrava.»

**Terje Søviknes (FRP)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ – fylkesdirektøren si innstilling

1. Vestland innfører Oslo-modellen slik den vart vedteken i Hordaland fylkeskommune for alle bygg og anleggsprosjekt i regi av Vestland fylkeskommune. Kontraktskrava blir også innført i avdeling for infrastruktur og veg sine kontraktar seinast hausten 2021.
2. For å stetta bruken av dei mindre, lokale entreprenørane, kan INV avvike frå kravet knytt til fagarbeidarar innan fylkesvegområdet i spesielle tilfelle.

**Avrøysting**

Søviknes sitt forslag fekk 6 røyster (FRP, H, 1FNB (Nils Haugland)) og fall.
Hammer sitt forslag vart vedteke mot 6 røyster (FRP, H, 1FNB (Nils Haugland)).
Andersen sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster (FRP).

**Innstilling til fylkestinget**

1. Vestland innfører Oslo-modellen slik den vart vedteken i Hordaland fylkeskommune for alle bygg og anleggsprosjekt i regi av Vestland fylkeskommune. Kontraktskrava blir også innført i avdeling for infrastruktur og veg sine kontraktar seinast hausten 2021.

2. Under punktet «krav mellom tarifflønn mellom oppdrag». I den grad entreprenør eller UE nyttar innleigde frå bemanningsbransjen, skal vedkommande vere fast tilsett i bemanningsbedrifta i tråd med Arbeidsmiljøloven §14-9. Det skal dokumenterast at vedkommande er tilsett i ein stillingsbrøk som passar med den einskilde si arbeidstid i det aktuelle prosjektet. Dersom arbeidet vert utført i

ein arbeidstidsordning utover 7,5 timer per dag/37 timer per uke, skal det dokumenterast at det ligg føre skriftleg avtale og arbeidsplan etter Arbeidsmiljøloven §§ 10-5 og 14-6.j).

3. Under punktet «Krav om faglærte håndverkere». Krav om minimum 50% faglærde handverkarar bør vere hovudregel for alle bygg- og anleggsprosjekt i Vestland fylkeskommune. Bonusordningar vert vurdert etablert for å sikre insitament for leverandørane til å auke talet på samla faglærd arbeidskraft. For å stetta bruken av dei mindre, lokale entreprenørane, kan ein på driftskontraktar på fylkesveg avvike frå kravet i spesielle tilfelle. Ein oversikt over desse avvika vert lagt fram for hovudutval for samferdsel og mobilitet hausten 2022.

4: I tråd med Oslo-modellen og saksframlegget punkt «lærlinger» , vil Vestland ein krevje minimum 10% lærlingar på kontraktane i områder med behov for lærlingar. Innslagspunktet for lærlingekravet vil vere på 1,1 mill, dvs. statleg terskelverdi (for kommunar er innslagspunktet 1,75 mill) og 3 mnd kontraktsvarigheit.

5. Under punkt 5 «Begrensning i tal ledd underleverandører». Fylkestinget meiner at det er ei målsetting å avgrense talet på underleverandørar i vertikal kjede, da fleire ledd med underleverandørar gjer det vanskelegare å sikre at lønns- og arbeidsvilkår er i tråd med lov og bestemmingar, samt vanskelegare å kontrollere. I påvente av nasjonalt arbeid om norgesmodell, vert gjeldande formulering på tal underleverandørar vidareført.

6. Vestland fylkesting går inn for at hovudregelen ved fylkeskommunale innkjøp er at det blir stilt krav om at det ligg føre landsdekkande norsk tariffavtale. (Ordlyd i tråd med vedtak i Hordaland fylkesting).

7. Menneske med nedsett funksjonsevne må få betre mogelegheiter og forpliktande rettar til å delta i arbeidslivet. Vestland vil difor være eit føregangsfylke med å gradvis byggje inn mekanismar basert på dei internasjonale CRPD -måla i seriøsitetskrava

**Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2021**

**Frank Willy Djuvik (FRP)** sette fram slikt forslag:

> «Alternativ: Fylkesdirektøren opprinnelege framlegg:
>
> 1. Vestland innfører Oslo-modellen slik den vart vedteken i Hordaland fylkeskommune for alle bygg og anleggsprosjekt i regi av Vestland fylkeskommune. Kontraktskrava blir også innført i avdeling
> for infrastruktur og veg sine kontraktar seinast hausten 2021.
>
> 2. For å stetta bruken av dei mindre, lokale entreprenørane, kan INV avvike frå kravet knytt til fagarbeidarar innan fylkesvegområdet i spesielle tilfelle»

**Kine Bratli Dale (A)** sette på vegner av A, MDG, SP, SV, V, KRF fram slikt forslag:

> «Alternativ:
>
> Endringsforslag punkt 2:
> "Krav om fast ansettelse og forutsigbar arbeidstid". I den grad entreprenøren eller underentreprenøren nyttar innleigde frå bemanningsføretak, skal dei innleigde under gjennomføringa av oppdraget vere tilsett i bemanningsføretaket i tråd med arbeidsmiljølova § 14-9. Det skal dokumenterast at dei innleigde i all hovudsak er tilsett i ein stillingsbrøk som svarar til den einskilde si arbeidsti i det aktuelle prosjektet. I fall arbeidet vert utført i ei arbeidstidsordning utover 7,5 timar per dag/37 timar per veke, skal det dokumenterast at det ligg føre skriftleg avtale og arbeidsplan i samsvar med arbeidsmiljølova §§ 10-5 og 14-6 j).
>
> Endringsforslag punkt 3:
> «Under punktet «Krav om faglærte håndverkere». Krav om minimum 50% faglærde handverkarar bør vere hovudregel for alle bygg- og anleggsprosjekt i Vestland fylkeskommune. Bonusordningar vert vurdert etablert for å sikre insitament for leverandørane til å auke talet på samla faglærd arbeidskraft. For å støtta bruken av dei

mindre lokale entreprenørane, kan ein på driftskontraktar og mindre prosjekt på fylkesveg avvike frå kravet. Ein oversikt over desse kontraktane vert årleg lagt fram for fagutvalet.

**Geir Kjell Andersland (V)** sette fram slikt forslag:

«Endring punkt 6 (parentes)

6. Vestland fylkesting går inn for at hovudregelen ved fylkeskommunale innkjøp er at det blir stilt krav om at det ligg føre landsdekkande norsk tariffavtale (slik det har vore praktisert i Hordaland).

**Avrøysting**

Djuvik sitt forslag (punkt 2) fekk 21 røyster (FNB, FRP, H, PP) og fall.
Innstillinga sitt punkt 1 vart samrøystes vedteke
Innstillinga sitt punkt 4, 5 og 7 vart vedteke mot 20 røyster (1FNB (Nils Haugland), FRP, H, PP).
Innstillinga punkt 6 med Andersland sitt forslag vart vedteke mot 20 røyster (1FNB (Nils Haugland), FRP, H, PP).
Dale sitt forslag vart vedteke mot 19 røyster (FRP, H, PP).

**Vedtak**

1. Vestland innfører Oslo-modellen slik den vart vedteken i Hordaland fylkeskommune for alle bygg og anleggsprosjekt i regi av Vestland fylkeskommune. Kontraktskrava blir også innført i avdeling for infrastruktur og veg sine kontraktar seinast hausten 2021.

2. Krav om fast ansettelse og forutsigbar arbeidstid". I den grad entreprenøren eller underentreprenøren nyttar innleigde frå bemanningsføretak, skal dei innleigde under gjennomføringa av oppdraget vere tilsett i bemanningsføretaket i tråd med arbeidsmiljølova § 14-9. Det skal dokumenterast at dei innleigde i all hovudsak er tilsett i ein stillingsbrøk som svarar til den einskilde si arbeidsti i det aktuelle prosjektet. I fall arbeidet vert utført i ei arbeidstidsordning utover 7,5 timar per dag/37 timar per veke, skal det dokumenterast at det ligg føre skriftleg avtale og arbeidsplan i samsvar med arbeidsmiljølova §§ 10-5 og 14-6 j)

3. Under punktet «Krav om faglærte håndverkere». Krav om minimum 50% faglærde handverkarar bør vere hovudregel for alle bygg- og anleggsprosjekt i Vestland fylkeskommune. Bonusordningar vert vurdert etablert for å sikre insitament for leverandørane til å auke talet på samla faglærd arbeidskraft. For å støtta bruken av dei mindre lokale entreprenørane, kan ein på driftskontraktar og mindre prosjekt på fylkesveg avvike frå kravet. Ein oversikt over desse kontraktane vert årleg lagt fram for fagutvalet.

4: I tråd med Oslo-modellen og saksframlegget punkt «lærlinger» , vil Vestland ein krevje minimum 10% lærlingar på kontraktane i områder med behov for lærlingar. Innslagspunktet for lærlingekravet vil vere på 1,1 mill, dvs. statleg terskelverdi (for kommunar er innslagspunktet 1,75 mill) og 3 mnd kontraktsvarigheit.

5. Under punkt 5 «Begrensning i tal ledd underleverandører». Fylkestinget meiner at det er ei målsetting å avgrense talet på underleverandørar i vertikal kjede, da fleire ledd med underleverandørar gjer det vanskelegare å sikre at lønns- og arbeidsvilkår er i tråd med lov og bestemmingar, samt vanskelegare å kontrollere. I påvente av nasjonalt arbeid om norgesmodell, vert gjeldande formulering på tal underleverandørar vidareført.

6. Vestland fylkesting går inn for at hovudregelen ved fylkeskommunale innkjøp er at det blir stilt krav om at det ligg føre landsdekkande norsk tariffavtale. (slik det har vore praktisert i Hordaland).

7. Menneske med nedsett funksjonsevne må få betre mogelegheiter og forpliktande rettar til å delta i arbeidslivet. Vestland vil difor være eit føregangsfylke med å gradvis byggje inn mekanismar basert på dei internasjonale CRPD -måla i seriøsitetskrava.

## PS 113/21 Kvalitetsmelding for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune - Del 1 og 2

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek til vitande Kvalitetsmelding for vidaregåande opplæring for Vestland fylkeskommune, del 1 og 2.

**Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 16.11.2021**

**Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

**Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda**

Fylkestinget tek til vitande Kvalitetsmelding for vidaregåande opplæring for Vestland fylkeskommune, del 1 og 2.

**Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 23.11.2021**

**Avrøysting**
Fylkesdirektøren sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

**Innstilling til fylkesutvalet**
Fylkestinget tek til vitande Kvalitetsmelding for vidaregåande opplæring for Vestland fylkeskommune, del 1 og 2.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.11.2021**

**Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

**Innstilling til fylkestinget**

Fylkestinget tek til vitande Kvalitetsmelding for vidaregåande opplæring for Vestland fylkeskommune, del 1 og 2.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2021**

**Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

Fylkestinget tek til vitande Kvalitetsmelding for vidaregåande opplæring for Vestland fylkeskommune, del 1 og 2.

## PS 114/21 Eigarstyring av Fagskulen Vestland og delegeringsreglement

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget utøver eigarstyring gjennom oppnemning av styre, fastsetjing av vedtekter og budsjett, samt gjennom målstyring i samband med regional kompetansepolitikk.

2. Forslag til reviderte vedtekter for styret for Fagskulen Vestland vert vedteke slik det kjem fram av saka.

3. Den fylkeskommunale fagskulen skal vere organisert som ein del av opplærings- og kompetansesektoren.

**Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 21.10.2021**

**Kine Bratli Dale, Nærna,** sette fram slikt tilleggsforslag:

> «Y-nemda viser til vedtektenes § 1-3 punkt 4 b under styresammensetning.
> Nemda ønsker å presisere viktigheten av at styrerepresentanten har god dialog med næringslivet og innsikt i hva som rører seg i de ulike bransjene i fylket. Nemda vil derfor anbefale at det er fylkesdirektør for næring som trer inn i styret.
>
> Y-nemda viser til vedtektenes § 1-3 punkt 4 c under styresammensetning. Nemda ønsker å presisere viktigheten av at representantene fra arbeids- og næringsliv representerer bredden i næringslivet og ikke enkelt bedrifter. Nemda vil derfor anbefale at man viderefører ordningen fra prosjektstyret der relevant arbeids- og næringsliv er representert ved partene i arbeidslivet (LO og NHO).»

**Sølvi Sørebø, KS,** sette fram slikt tilleggsforslag til Dale sitt forslag, siste setning:

> «Tillegg i siste setning: Og KS».

**Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.
Dale sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Sørebø sitt forslag fekk ei røyst ( Sørebø ) og fall.

**Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda**

1. Fylkestinget utøver eigarstyring gjennom oppnemning av styre, fastsetjing av vedtekter og budsjett, samt gjennom målstyring i samband med regional kompetansepolitikk.

2. Forslag til reviderte vedtekter for styret for Fagskulen Vestland vert vedteke slik det kjem fram av saka.

3. Den fylkeskommunale fagskulen skal vere organisert som ein del av opplærings- og kompetansesektoren.

4.Y-nemda viser til vedtektenes § 1-3 punkt 4 b under styresammensetning.
Nemda ønsker å presisere viktigheten av at styrerepresentanten har god dialog med næringslivet og innsikt i hva som rører seg i de ulike bransjene i fylket. Nemda vil derfor anbefale at det er fylkesdirektør for næring som trer inn i styret.

5. Y-nemda viser til vedtektenes § 1-3 punkt 4 c under styresammensetning. Nemda ønsker å presisere viktigheten av at representantene fra arbeids- og næringsliv representerer bredden i næringslivet og ikke enkelt bedrifter. Nemda vil derfor anbefale at man viderefører ordningen fra prosjektstyret der relevant arbeids- og næringsliv er representert ved partene i arbeidslivet (LO og NHO).

**Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 26.10.2021**

**Sigurd Reksnes (Sp)** sette på vegner av A, MDG, Sp, SV, Krf fram slikt forslag:

> «1. Fylkestinget utøver eigarstyring gjennom oppnemning av styre, fastsetjing av vedtekter og budsjett, samt gjennom målstyring i samband med regional kompetansepolitikk.
>
> 2. Forslag til reviderte vedtekter for styret for Fagskulen Vestland vert vedteke slik det kjem fram av saka og med endringane foreslått av prosjektstyret for Fagskulen Vestland:
>
> §1-2 fjerde ledd bokstav b endra slik:
> Ein representant frå fylkesadministrasjonen representert ved avdelingsdirektør for innovasjon og næring med ein varamedlem.

§ 1-2 fjerde ledd bokstav c vert endra slik:
To representantar frå partane i arbeidslivet ved LO og NHO med ein varamedlem etter framlegg frå fylkesdirektøren.

§ 2-2 niande ledd vert føreslått endra slik:
Styret skal utarbeide og leggje fram ei årsmelding for fylkesutvalet kvart år. Årsmeldinga skal gå vidare som melding til fylkestinget seinast innan juni. Styreleiar skal i samband med
årsmeldinga orientere fylkestinget om utviklinga ved fagskulen.

§ 2-1 andre ledd tredje leddsetning vert endra slik:
Styret har det fulle faglege oppfølgingsansvaret for rektor og fagskulen. Fylkesdirektøren gjev naudsynt administrative støtte i personalforvaltninga for styret og rektor, og ivaretek det administrative personalansvaret for rektor. Personalforvaltninga ved fagskulen skal vere i tråd med fylkeskommunen sin personalpolitikk.

3. Den fylkeskommunale fagskulen skal vere organisert som ein sjølvstendig del av opplærings- og kompetansesektoren

4. Vedtektene vert sendt til NOKUT for uttale før saka vert handsama i fylkesutvalet og fylkestinget.»

**Avrøysting**
Fylkesdirektøren sitt forslag til innstilling fekk 1 røys (FNB) og fall.
Reksnes sitt forslag vart vedteke mot 1 røyst (FNB).

**Innstilling til fylkesutvalet**
1. Fylkestinget utøver eigarstyring gjennom oppnemning av styre, fastsetjing av vedtekter og budsjett, samt gjennom målstyring i samband med regional kompetansepolitikk.

2. Forslag til reviderte vedtekter for styret for Fagskulen Vestland vert vedteke slik det kjem fram av saka og med endringane foreslått av prosjektstyret for Fagskulen Vestland:

§1-2 fjerde ledd bokstav b endra slik:
Ein representant frå fylkesadministrasjonen representert ved avdelingsdirektør for innovasjon og næring med ein varamedlem.

§ 1-2 fjerde ledd bokstav c vert endra slik:
To representantar frå partane i arbeidslivet ved LO og NHO med ein varamedlem etter framlegg frå fylkesdirektøren.

§ 2-2 niande ledd vert føreslått endra slik:
Styret skal utarbeide og leggje fram ei årsmelding for fylkesutvalet kvart år. Årsmeldinga skal gå vidare som melding til fylkestinget seinast innan juni. Styreleiar skal i samband med årsmeldinga orientere fylkestinget om utviklinga ved fagskulen.

§ 2-1 andre ledd tredje leddsetning vert endra slik:
Styret har det fulle faglege oppfølgingsansvaret for rektor og fagskulen. Fylkesdirektøren gjev naudsynt administrative støtte i personalforvaltninga for styret og rektor, og ivaretek det administrative personalansvaret for rektor. Personalforvaltninga ved fagskulen skal vere i tråd med fylkeskommunen sin personalpolitikk.

3. Den fylkeskommunale fagskulen skal vere organisert som ein sjølvstendig del av opplærings- og kompetansesektoren

4. Vedtektene vert sendt til NOKUT for uttale før saka vert handsama i fylkesutvalet og fylkestinget.

**Saksprotokoll i Hovudutval for næring - 26.10.2021**

**Marianne Sæhle** reiste spørsmål kring eiga habilitet, då ho er nestleiar i styret for fagskulen i Hordaland. Sæhle gjekk frå under vurderinga. Hovudutval i næring vedtok samrøystes at ho ikkje var inhabil. Sæhle tiltredde sakshandsaminga.

**Kine Bratli Dale (Ap)** sette fram slikt forslag på vegner av Ap, FrP, H, MDG, Sp, Sv, V, KrF og U:

> «Tilleggsforslag:
>
> Fylkestinget viser til vedtektene § 1-3 punkt 4 b under styresamansetjing. Utvalet ønskjer å presisere viktigheita av at styrerepresentanten har god dialog med næringslivet og innsikt i kva som rører seg i de ulike bransjane i fylket. Utvalet vil derfor foreslå at det er fylkesdirektør for næring som trer inn i styret. Dette er også i trå med prosjektstyret si uttale.
>
> Fylkestinget viser til vedtektene § 1-3 punkt 4 c under styresamansetjing. Utvalet ønskjer å presisere viktigheita av at representantane frå arbeids- og næringsliv representerer bredda i næringslivet og ikkje enkelt bedrifter. Utvalet vil derfor foreslå at man vidarefører ordninga frå prosjektstyret der relevant arbeids- og næringsliv er representert ved partane i arbeidslivet. Dette er også i tråd med prosjektstyret si uttale.»

**Avrøysting**
Innstillinga vart samrøystes vedteke.
Bratli Dale sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Innstilling**
1. Fylkestinget utøver eigarstyring gjennom oppnemning av styre, fastsetjing av vedtekter og budsjett, samt gjennom målstyring i samband med regional kompetansepolitikk.

2. Forslag til reviderte vedtekter for styret for Fagskulen Vestland vert vedteke slik det kjem fram av saka.

3. Den fylkeskommunale fagskulen skal vere organisert som ein del av opplærings- og kompetansesektoren.

4. Fylkestinget viser til vedtektene § 1-3 punkt 4 b under styresamansetjing. Utvalet ønskjer å presisere viktigheita av at styrerepresentanten har god dialog med næringslivet og innsikt i kva som rører seg i de ulike bransjane i fylket. Utvalet vil derfor foreslå at det er fylkesdirektør for næring som trer inn i styret. Dette er også i trå med prosjektstyret si uttale.

5. Fylkestinget viser til vedtektene § 1-3 punkt 4 c under styresamansetjing. Utvalet ønskjer å presisere viktigheita av at representantane frå arbeids- og næringsliv representerer bredda i næringslivet og ikkje enkelt bedrifter. Utvalet vil derfor foreslå at man vidarefører ordninga frå prosjektstyret der relevant arbeids- og næringsliv er representert ved partane i arbeidslivet. Dette er også i tråd med prosjektstyret si uttale

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 09.11.2021**

**Fylkesordførar Jon Askeland (SP)** la innstillinga frå hovudutval for opplæring og kompetanse til grunn for behandling av saka.

**Kine Bratli Dale (A)** sette fram slikt forslag:

> «Tillegg
>
> Styresamansetjing
>
> Fylkestinget viser til vedtektenes § 1-3 punkt 4 b under styresamansetjing. Fylkestinget ynskjer å presisere viktigheita av at styrerepresentanten har god dialog med næringslivet og innsikt i kva som rører seg i dei ulike bransjane i fylket. Fylkestinget vil difor foreslå at det er avdelingsdirektør for næring som trer inn i styret.
>
3. Fylkesdirektør vert gitt fullmakt til å bidra til å sluttføre prosess fram mot at samarbeidsavtalen om Havbyen Bergen vert vedtatt av dei respektive partane. Dette inkluderer fullmakt til å gjera mindre endringar og revisjonar av avtalen.

4.Fykeskommunal finansiering vert handsama i samband med budsjett 2022/økonomiplan 2022 – 2025. Fylkestinget løyver kr. 1 000 000,- i budsjett 2022 og vil løyve kr 1.000.000.- årleg i 2023 og 2024 for finansiering av drift og administrasjon av prosjektet.

5. Vestland fylkeskommune si finansiering føreset at andre partnarar bidreg finansielt i samsvar med sluttrapport frå forprosjekt.

6. Rapport for prosjektet vert lagt fram for fylkestinget årleg. Prosjektdeltaking vert evaluert haust 2022 med omsyn til om ein lukkast med å hente inn eksterne økonomiske bidrag og/eller eigeninnsats frå næringsliv og organisasjonar.

### Saksprotokoll i Hovudutval for næring - 26.10.2021

**Tom Hiis Bergh (V)** stilte spørsmål kring eiga habilitet, då han er tilsett i næringsavdelinga i Bergen kommune. Hiis Bergh gjekk frå under vurderinga. Hovudutval for næring vedtok samrøystes at Hiis Bergh var habil. Hiis Bergh tiltredde sakshandsaminga.

**Avrøysting**
Innstillinga vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**
1. Fylkestinget vedtek eit treårig partnarskap med Bergen kommune om Havbyen Bergen som vist i saksframlegget

2. Vestland fylkeskommune og Bergen kommune skal ha ein representant kvar i styret av Havbyen Bergen. Styret skal leiast av fylkesordførar. Næringsbyråd i Bergen kommune skal vera nestleiar.

3. Fylkesdirektør vert gitt fullmakt til å bidra til å sluttføre prosess fram mot at samarbeidsavtalen om Havbyen Bergen vert vedtatt av dei respektive partane. Dette inkluderer fullmakt til å gjera mindre endringar og revisjonar av avtalen.

4.Fykeskommunal finansiering vert handsama i samband med budsjett 2022/økonomiplan 2022 – 2025. Fylkestinget løyver kr. 1 000 000,- i budsjett 2022 og vil løyve kr 1.000.000.- årleg i 2023 og 2024 for finansiering av drift og administrasjon av prosjektet.

5. Vestland fylkeskommune si finansiering føreset at andre partnarar bidreg finansielt i samsvar med sluttrapport frå forprosjekt.

6. Rapport for prosjektet vert lagt fram for fylkestinget årleg. Prosjektdeltaking vert evaluert haust 2022 med omsyn til om ein lukkast med å hente inn eksterne økonomiske bidrag og/eller eigeninnsats frå næringsliv og organisasjonar.

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 09.11.2021

**Natalia Golis (MDG)** stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er kjæraste med administrerande direktør i Stiftinga Akvariet i Bergen. Golis gjekk frå under vurderinga om ho var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Golis var habil. Golis tiltredde saksbehandlinga.

**Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

**Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget vedtek eit treårig partnarskap med Bergen kommune om Havbyen Bergen som vist i saksframlegget

2. Vestland fylkeskommune og Bergen kommune skal ha ein representant kvar i styret av Havbyen Bergen. Styret skal leiast av fylkesordførar. Næringsbyråd i Bergen kommune skal vera nestleiar.

3. Fylkesdirektør vert gitt fullmakt til å bidra til å sluttføre prosess fram mot at samarbeidsavtalen om Havbyen Bergen vert vedtatt av dei respektive partane. Dette inkluderer fullmakt til å gjera mindre endringar og revisjonar av avtalen.

4.Fykeskommunal finansiering vert handsama i samband med budsjett 2022/økonomiplan 2022 – 2025. Fylkestinget løyver kr. 1 000 000,- i budsjett 2022 og vil løyve kr 1.000.000.- årleg i 2023 og 2024 for finansiering av drift og administrasjon av prosjektet.

5. Vestland fylkeskommune si finansiering føreset at andre partnarar bidreg finansielt i samsvar med sluttrapport frå forprosjekt.

6. Rapport for prosjektet vert lagt fram for fylkestinget årleg. Prosjektdeltaking vert evaluert haust 2022 med omsyn til om ein lukkast med å hente inn eksterne økonomiske bidrag og/eller eigeninnsats frå næringsliv og organisasjonar.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2021**

**Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

1. Fylkestinget vedtek eit treårig partnarskap med Bergen kommune om Havbyen Bergen som vist i saksframlegget

2. Vestland fylkeskommune og Bergen kommune skal ha ein representant kvar i styret av Havbyen Bergen. Styret skal leiast av fylkesordførar. Næringsbyråd i Bergen kommune skal vera nestleiar.

3. Fylkesdirektør vert gitt fullmakt til å bidra til å sluttføre prosess fram mot at samarbeidsavtalen om Havbyen Bergen vert vedtatt av dei respektive partane. Dette inkluderer fullmakt til å gjera mindre endringar og revisjonar av avtalen.

4.Fykeskommunal finansiering vert handsama i samband med budsjett 2022/økonomiplan 2022 – 2025. Fylkestinget løyver kr. 1 000 000,- i budsjett 2022 og vil løyve kr 1.000.000.- årleg i 2023 og 2024 for finansiering av drift og administrasjon av prosjektet.

5. Vestland fylkeskommune si finansiering føreset at andre partnarar bidreg finansielt i samsvar med sluttrapport frå forprosjekt.

6. Rapport for prosjektet vert lagt fram for fylkestinget årleg. Prosjektdeltaking vert evaluert haust 2022 med omsyn til om ein lukkast med å hente inn eksterne økonomiske bidrag og/eller eigeninnsats frå næringsliv og organisasjonar.

## PS 122/21 Berekraftig verdiskaping - handlingsprogram 2022-2025 for regional plan for innovasjon og næringsutvikling næringsutvikling

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget i Vestland vedtek Berekraftig verdiskaping - handlingsprogram 2022-2025 for regional plan for innovasjon og næringsutvikling

2. Fylkestinget gir fylkesdirektøren fullmakt til å gjere tekstlege endringar i handlingsprogrammet i tråd med rammene i denne saka. Dette skal skje i samråd med fylkesordførar.

3. Fylkestinget ber hovudutval for næring ta ansvar for å følgje opp handlingsprogrammet, mellom anna gjennom vedtak av årsplanar

4. Fylkestinget legg til grunn at partnarskapen innan innovasjon og næringsutvikling innrettar ressursbruken sin for å nå vedtekne mål i handlingsprogrammet. Samla ressursbruk bør bli synleggjort og konkretisert gjennom årsplanane.

5. Konsekvensar for økonomi og ressursdisponering i fylkeskommunen vert å ta stilling til i samband med årsplanar, årleg budsjett og økonomiplan

**Saksprotokoll i hovudutval for næring - 17.11.2021**

**Noralv Distad (H)** sette på vegner av H fram følgjene forslag:

> «Tillegg punkt 1:
>
> Fylkestinget i Vestland vedtek Berekraftig verdiskaping - handlingsprogram 2022-2025 for regional plan for innovasjon og næringsutvikling med slik endring i punkt 2 Grøn næringsutvikling:
> • Delmål 1, strategi 1: Sikre at fornybar energi, produsert i Vestland, vert distribuert og nytta til elektrifisering og dei store omstillingsprosjekta i regionen.
> • Delmål 1, strategi 7: Utvikle hubar for grøn omstilling sentrert rundt eksisterande industri og trafikknutepunkt.
> • Delmål 2, strategi 4: Auke konkurransekrafta i reiselivet gjennom berekraftig attraktivitet.»

**Tor André Ljosland (KrF)** sette på vegner av A, MDG, Sp, SV, V og KrF fram følgjene forslag:

> «Tillegg punkt 1:
>
> Endring av delmål 1 i punkt 2 Grøn næringsutvikling, dette skal vi gjere:
> Dekarbonisering av industri og oppskalering av nye grøne verdikjeder vil krevje stor overføringskapasitet på kraftnettet. For å lukkast må vi bygge ut naudsynt nettkapasitet så raskt som mogleg. Konkrete løysingsforslag og plan for nettutbygging må utarbeidast. Meir effektiv utnytting av kraftressursane må også bli vurdert. I det ligg mellom anna å kartlegge ressursgrunnlaget i nye område og vurdere fordelar og ulemper med å bygge ut ny vasskraft der det leggas høg vekt i vurderingane på naturmangfald, miljøvern og dei samla miljøkonsekvensane.»

**Jan Henrik Nygård (V)** sette på vegner av MDG og V fram følgjene merknad:

> «Kompetanseutvikling i næringslivet delmål 2 strategi nr.4
>
> Ta inn Byggenæringa i tillegg til utdanningsinstitusjonane. Dette for å sikre at ein får ekstra fokus på ulike kombinasjonar innan mindre bransjar.»

**Avrøysting**
Innstillinga vart samrøystes vedteke.
Tor André sitt forslag til tillegg i punkt 1 vart samrøystes vedteke.
Distad sitt forslag til tillegg i punkt 1 vart samrøystes vedteke.
Nygård sin merknad vart samrøystes vedteke.

**Innstilling**
1. Fylkestinget i Vestland vedtek Berekraftig verdiskaping - handlingsprogram 2022-2025 for regional plan for innovasjon og næringsutvikling med følgjande endringar i punkt 2 Grøn næringsutvikling:

- Delmål 1, strategi 1: Sikre at fornybar energi, produsert i Vestland, vert distribuert og nytta til elektrifisering og dei store omstillingsprosjekta i regionen.
- Delmål 1, strategi 7: Utvikle hubar for grøn omstilling sentrert rundt eksisterande industri og trafikknutepunkt.
- Delmål 2, strategi 4: Auke konkurransekrafta i reiselivet gjennom berekraftig attraktivitet
- Delmål 1, dette skal vi gjere: Dekarbonisering av industri og oppskalering av nye grøne verdikjeder vil krevje stor overføringskapasitet på kraftnettet. For å lukkast må vi bygge ut naudsynt nettkapasitet så raskt som mogleg. Konkrete løysingsforslag og plan for nettutbygging må utarbeidast. Meir effektiv utnytting av kraftressursane må også bli

vurdert. I det ligg mellom anna å kartlegge ressursgrunnlaget i nye område og vurdere fordelar og ulemper med å bygge ut ny vasskraft der det leggjast høg vekt i vurderingane på naturmangfald, miljøvern og dei samla miljøkonsekvensane

2. Fylkestinget gir fylkesdirektøren fullmakt til å gjere tekstlege endringar i handlingsprogrammet i tråd med rammene i denne saka. Dette skal skje i samråd med fylkesordførar.

3. Fylkestinget ber hovudutval for næring ta ansvar for å følgje opp handlingsprogrammet, mellom anna gjennom vedtak av årsplanar

4. Fylkestinget legg til grunn at partnarskapen innan innovasjon og næringsutvikling innrettar ressursbruken sin for å nå vedtekne mål i handlingsprogrammet. Samla ressursbruk bør bli synleggjort og konkretisert gjennom årsplanane.

5. Konsekvensar for økonomi og ressursdisponering i fylkeskommunen vert å ta stilling til i samband med årsplanar, årleg budsjett og økonomiplan

**Merknad frå Venstre og Miljøpartiet Dei Grøne**
Kompetanseutvikling i næringslivet delmål 2 strategi nr.4

Ta inn Byggenæringa i tillegg til utdanningsinstitusjonane. Dette for å sikre at ein får ekstra fokus på ulike kombinasjonar innan mindre bransjar.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.11.2021**

**Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

**Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget i Vestland vedtek Berekraftig verdiskaping - handlingsprogram 2022-2025 for regional plan for innovasjon og næringsutvikling med følgjande endringar i punkt 2, Grøn næringsutvikling:

- Delmål 1, strategi 1: Sikre at fornybar energi, produsert i Vestland, vert distribuert og nytta til elektrifisering og dei store omstillingsprosjekta i regionen.
- Delmål 1, strategi 7: Utvikle hubar for grøn omstilling sentrert rundt eksisterande industri og trafikknutepunkt.
- Delmål 2, strategi 4: Auke konkurransekrafta i reiselivet gjennom berekraftig attraktivitet
- Delmål 1, dette skal vi gjere: Dekarbonisering av industri og oppskalering av nye grøne verdikjeder vil krevje stor overføringskapasitet på kraftnettet. For å lukkast må vi bygge ut naudsynt nettkapasitet så raskt som mogleg. Konkrete løysingsforslag og plan for nettutbygging må utarbeidast. Meir effektiv utnytting av kraftressursane må også bli vurdert. I det ligg mellom anna å kartlegge ressursgrunnlaget i nye område og vurdere fordelar og ulemper med å bygge ut ny vasskraft der det leggjast høg vekt i vurderingane på naturmangfald, miljøvern og dei samla miljøkonsekvensane

2. Fylkestinget gir fylkesdirektøren fullmakt til å gjere tekstlege endringar i handlingsprogrammet i tråd med rammene i denne saka. Dette skal skje i samråd med fylkesordførar.

3. Fylkestinget ber hovudutval for næring ta ansvar for å følgje opp handlingsprogrammet, mellom anna gjennom vedtak av årsplanar

4. Fylkestinget legg til grunn at partnarskapen innan innovasjon og næringsutvikling innrettar ressursbruken sin for å nå vedtekne mål i handlingsprogrammet. Samla ressursbruk bør bli synleggjort og konkretisert gjennom årsplanane.

5. Konsekvensar for økonomi og ressursdisponering i fylkeskommunen vert å ta stilling til i samband med årsplanar, årleg budsjett og økonomiplan

**Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2021**

**Tor André Ljosland (KRF)** sette på vegner av A, MDG, SP, SV, V og KRF fram slikt forslag:

> «Tillegg - til delmål 2, punkt 5 under «kompetanseutvikling i arbeidslivet:
>
> Tillegg: "menneske med nedsett funksjonsevne" slik at punktet blir:
>
> Utvikle nye samarbeidsmodellar mellom NAV, utdanningsinstitusjonar, arbeidslivet og karrieretenestene med særleg fokus på innvandrarar, flyktningar, menneske med nedsett funksjonsevne og ungdommar som har falle ut av vidaregåande opplæring og arbeidslivet. Arbeidet skal bygge på erfaringar frå forsøk og modellar i fylket»

**Avrøysting**

Innstillinga med Ljosland sitt forslag vart samrøystes vedteken

**Vedtak**

1. Fylkestinget i Vestland vedtek Berekraftig verdiskaping - handlingsprogram 2022-2025 for regional plan for innovasjon og næringsutvikling med følgjande endringar i punkt 2, Grøn næringsutvikling:

- Delmål 1, strategi 1: Sikre at fornybar energi, produsert i Vestland, vert distribuert og nytta til elektrifisering og dei store omstillingsprosjekta i regionen.
- Delmål 1, strategi 7: Utvikle hubar for grøn omstilling sentrert rundt eksisterande industri og trafikknutepunkt.
- Delmål 2, strategi 4: Auke konkurransekrafta i reiselivet gjennom berekraftig attraktivitet
- Delmål 1, dette skal vi gjere: Dekarbonisering av industri og oppskalering av nye grøne verdikjeder vil krevje stor overføringskapasitet på kraftnettet. For å lukkast må vi bygge ut naudsynt nettkapasitet så raskt som mogleg. Konkrete løysingsforslag og plan for nettutbygging må utarbeidast. Meir effektiv utnytting av kraftressursane må også bli vurdert. I det ligg mellom anna å kartlegge ressursgrunnlaget i nye område og vurdere fordelar og ulemper med å bygge ut ny vasskraft der det leggjast høg vekt i vurderingane på naturmangfald, miljøvern og dei samla miljøkonsekvensane

2. Fylkestinget gir fylkesdirektøren fullmakt til å gjere tekstlege endringar i handlingsprogrammet i tråd med rammene i denne saka. Dette skal skje i samråd med fylkesordførar.

3. Fylkestinget ber hovudutval for næring ta ansvar for å følgje opp handlingsprogrammet, mellom anna gjennom vedtak av årsplanar

4. Fylkestinget legg til grunn at partnarskapen innan innovasjon og næringsutvikling innrettar ressursbruken sin for å nå vedtekne mål i handlingsprogrammet. Samla ressursbruk bør bli synleggjort og konkretisert gjennom årsplanane.

5. Konsekvensar for økonomi og ressursdisponering i fylkeskommunen vert å ta stilling til i samband med årsplanar, årleg budsjett og økonomiplan

6. Tillegg - til delmål 2, punkt 5 under «kompetanseutvikling i arbeidslivet:

Tillegg: "menneske med nedsett funksjonsevne" slik at punktet blir:

Utvikle nye samarbeidsmodellar mellom NAV, utdanningsinstitusjonar, arbeidslivet og karrieretenestene med særleg fokus på innvandrarar, flyktningar, menneske med nedsett funksjonsevne og ungdommar som har falle ut av vidaregåande opplæring og arbeidslivet. Arbeidet skal bygge på erfaringar frå forsøk og modellar i fylket.

## PS 123/21 Magnus Lagabøtejubileum 2024 - Landslova 750 år

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune vedtek at det vert skipa eit jubileum for Landslova 750 år i 2024, med fokus på lovskapingsprosessen frå Kristenretten til Landslova og med aktualisering til notida.

2. Forslag til tiltak i jubileet og organisasjonsmodell skissert i forprosjektrapport for Magnus Lagabøtejubileum (vedlagt) vert lagt til grunn.

3. Vestland fylkeskommune inviterer inn partnarar og set ned jubileumskomite med fylkesordføraren som leiar.

4. Partnarane deltek med eigne ressursar og det vert føresett at budsjett og finansiering vert følgt opp i samarbeid mellom stat, fylkeskommune, kommunar, partnarar og eventuelle private gjevarar. Partnarar må ta formell stilling til deltaking i eigne organ.

5. Finansieringsbehov vert handsama som del av det årlege arbeidet med økonomiplan og budsjett.

**Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 12.10.2021**

**Stian Davies, A,** sette på vegner av A, V, SP, SV og MDG fram slikt tilleggsforslag til nytt punkt 6:

> **«Nytt pkt. 6**
>
> 6. Vestland fylkeskommune mener dette er et jubileum av stor nasjonal verdi, ettersom det var Norges første riksdekkende lov og en av få i Europa av sitt slag. Magnus Lagabøtes landslov av 1274 var et viktig nasjonalt dokument som en av forløperne til Grunnloven av 1814. Loven ble ferdigstilt i Bergen. Derfor oppfordrer Vestland fylkeskommune til at staten kan ta store deler av kostnaden knyttet til en jubileumsutstilling, til forskningskonferansen og andre utgifter tilknyttet landslovsjubileet.»

**Avrøysting**

Fylkesdirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.
Davies sitt tilleggsforslag til nytt punkt 6 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

**Innstilling til fylkesutvalet**

1. Vestland fylkeskommune vedtek at det vert skipa eit jubileum for Landslova 750 år i 2024, med fokus på lovskapingsprosessen frå Kristenretten til Landslova og med aktualisering til notida.
2. Forslag til tiltak i jubileet og organisasjonsmodell skissert i forprosjektrapport for Magnus Lagabøtejubileum (vedlagt) vert lagt til grunn.
3. Vestland fylkeskommune inviterer inn partnarar og set ned jubileumskomite med fylkesordføraren som leiar.
4. Partnarane deltek med eigne ressursar og det vert føresett at budsjett og finansiering vert følgt opp i samarbeid mellom stat, fylkeskommune, kommunar, partnarar og eventuelle private gjevarar. Partnarar må ta formell stilling til deltaking i eigne organ.
5. Finansieringsbehov vert handsama som del av det årlege arbeidet med økonomiplan og budsjett.
6. Vestland fylkeskommune mener dette er et jubileum av stor nasjonal verdi, ettersom det var Norges første riksdekkende lov og en av få i Europa av sitt slag. Magnus Lagabøtes

landslov av 1274 var et viktig nasjonalt dokument som en av forløperne til Grunnloven av 1814. Loven ble ferdigstilt i Bergen. Derfor oppfordrer Vestland fylkeskommune til at staten kan ta store deler av kostnaden knyttet til en jubileumsutstilling, til forskningskonferansen og andre utgifter tilknyttet landslovsjubileet.»

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.10.2021**

**Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

**Innstilling til fylkestinget**

1. Vestland fylkeskommune vedtek at det vert skipa eit jubileum for Landslova 750 år i 2024, med fokus på lovskapingsprosessen frå Kristenretten til Landslova og med aktualisering til notida.

2. Forslag til tiltak i jubileet og organisasjonsmodell skissert i forprosjektrapport for Magnus Lagabøtejubileum (vedlagt) vert lagt til grunn.

3. Vestland fylkeskommune inviterer inn partnarar og set ned jubileumskomite med fylkesordføraren som leiar.

4. Partnarane deltek med eigne ressursar og det vert føresett at budsjett og finansiering vert følgt opp i samarbeid mellom stat, fylkeskommune, kommunar, partnarar og eventuelle private gjevarar. Partnarar må ta formell stilling til deltaking i eigne organ.

5. Finansieringsbehov vert handsama som del av det årlege arbeidet med økonomiplan og budsjett.

6. Vestland fylkeskommune meiner dette er eit jubileum av stor nasjonal verdi, ettersom det var Noreg si første riksdekkande lov og ei av få i Europa av sitt slag. Magnus Lagabøtes landslov av 1274 var eit viktig nasjonalt dokument som ein av forløparane til Grunnloven av 1814. Lova vart ferdigstilt i Bergen. Difor oppfordrar Vestland fylkeskommune til at staten kan ta store deler av kostnaden knytt til ei jubileumsutstilling, til forskingskonferansen og andre utgifter knytt til landslovsjubileet.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2021**

**Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

1. Vestland fylkeskommune vedtek at det vert skipa eit jubileum for Landslova 750 år i 2024, med fokus på lovskapingsprosessen frå Kristenretten til Landslova og med aktualisering til notida.

2. Forslag til tiltak i jubileet og organisasjonsmodell skissert i forprosjektrapport for Magnus Lagabøtejubileum (vedlagt) vert lagt til grunn.

3. Vestland fylkeskommune inviterer inn partnarar og set ned jubileumskomite med fylkesordføraren som leiar.

4. Partnarane deltek med eigne ressursar og det vert føresett at budsjett og finansiering vert følgt opp i samarbeid mellom stat, fylkeskommune, kommunar, partnarar og eventuelle private gjevarar. Partnarar må ta formell stilling til deltaking i eigne organ.

5. Finansieringsbehov vert handsama som del av det årlege arbeidet med økonomiplan og budsjett.

7. Vestland fylkeskommune meiner dette er eit jubileum av stor nasjonal verdi, ettersom det var Noreg si første riksdekkande lov og ei av få i Europa av sitt slag. Magnus Lagabøtes landslov av 1274 var eit viktig nasjonalt dokument som ein av forløparane til Grunnloven av 1814. Lova vart ferdigstilt i Bergen. Difor oppfordrar Vestland fylkeskommune til at staten kan ta store deler av kostnaden knytt til ei jubileumsutstilling, til forskingskonferansen og andre utgifter knytt til landslovsjubileet.

## PS 124/21 Fellesmagasin for musea - utgreiing av alternativ for organisering og eigarskap

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget ser det som tenleg at musea sjølve tek ansvar for bygging og drift av nytt fellesmagasin for musea i Hordaland.
2. Fylkeskommunen v/eigedomsavdelinga vil kunne bidra med bestillerkompetanse i prosjektgjennomføringa.
3. Delfinansiering av investeringskostnadane til fellesmagasinet vert vurdert i samband med økonomiplan og budsjett for 2022. Finansiering føreset ein tredeling av kostnadene mellom stat, fylkeskommune og kommunar.

**Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 26.10.2021**

**Kjell Håland, A,** sette fram slikt alternativt forslag på vegner av A, V, og SV:

> «Alternativt helhetlig forslag
> 1. Fylkestinget ser det som mest tenleg at fylkeskommunen tek ansvar for bygging, og står som eigar av fellesmagasinet. Bygningsdrift og generelt vedlikehald blir kjøpt av ekstern profesjonell bygningsdriftar av musea i Hordaland, eller gjerast på anna måte av musea i Hordaland/Museumssenteret i Hordaland gjennom driftsavtale.
> 2. Delfinansiering av investeringskostnadane til fellesmagasinet vert vurdert i samband med økonomiplan og budsjett for 2022. Finansiering føreset ein tredeling av kostnadene mellom stat, fylkeskommune og kommunar.
> 3. Fylkestinget ber fylkesdirektør arbeide med å sjå på løysingar som reduserer totalpris på prosjektet, mellom anna ved å vurdere samarbeid med magasinet i Angedalen og/eller magasinet til KODE.»

**Terje Kollbotn, R**, sette fram slikt alternativt forslag:

> «Fellesmagasin i fylkeskommunal regi
> 1.Fylkestinget ser det som mest tenleg at fylkeskommunen tar eigar- og utbyggingsansvar for nytt fellesmagasin for musea. Dette skal skje i tett samarbeid med musea og i samhandling mellom musea. 2. Bygningsdrift og generelt vedlikehald i regi av fylkeskommunen eller i regi av musea i Hordaland / Museumssenteret i Hordaland blir nærare avklara i prosjekteringsfasen.»

**Knut Inge Andersen, FNB,** sette fram slikt tilleggsforslag:

> «Tilleggspunkt til innstillinga frå administrasjonen
> 4. Hovudutval for kultur, idrett og integrering nyttar ordninga Museumsløft i 2022 for å få fram musea sin tilrådde løysingsmodellar for etablering av fellesmagasin. Dei som vert tildelt midlar under ordninga pliktar å samarbeide om ein felles sluttrapport. 5. Vestland fylkeskommune vil innleiingsvis kunne ta ein koordinerande rolle under aktivitetar som ligg under pkt 4).»

**Bjarte Vatnøy, FrP**, sette fram slikt tilleggsforslag:

> «122/21 Felles magasin

Tillegg til vedtak: For å sikre gode løsninger som sikrer kulturskatter innen rimelig tid, må man sjå på om det kan finnes eit eller fleire eksisterende bygg i markedet som kan brukes, og med mindre ombygginger/oppgraderinger kan nyttast. Dette kan spare prosjektet felles magasin for musea for tid, og kommuner og fylke for store summer økonomisk. Her må man vurdere følgande kriterier : 1. 33 % økonomi, 33 % tid og 33 % tilpasningsmuligheter. 2. Avklare med kommunene hvor stor økonomisk deltakervilje man har til totalsum.»

**Kjell Håland, A,** sette på vegner av A, V, MDG, SP, SV, R og PP fram slikt **nytt** alternative forslag:

«Nytt alternativt helhetlig forslag
1. Fylkestinget ser det som mest tenleg at fylkeskommunen tek ansvar for bygging, og står som eigar av fellesmagasinet. Bygningsdrift og generelt vedlikehald avgjøres etter tett dialog med musea om moglege løysingar. I heile prosjektperioden skal det vere tett samarbeid med musea, og samhandling mellom musea.
2. Delfinansiering av investeringskostnadane til fellesmagasinet vert vurdert i samband med økonomiplan og budsjett for 2022. Finansiering føreset ein tredeling av kostnadene mellom stat, fylkeskommune og kommunar.
3. Fylkestinget ber fylkesdirektør arbeide med å sjå på løysingar som reduserer totalpris på prosjektet, mellom anna ved å vurdere samarbeid med magasinet i Angedalen og/eller magasinet til KODE. Bruk av anna eksisterande bygningsmasse må og vurderast.»

**Kjell Håland, A,** sette fram slikt forslag:

«Alternativt helhetlig forslag
1. Fylkestinget ser det som mest tenleg at fylkeskommunen tek ansvar for bygging, og står som eigar av fellesmagasinet. Bygningsdrift og generelt vedlikehald blir kjøpt av ekstern profesjonell bygningsdriftar av musea i Hordaland, eller gjerast på anna måte av musea i Hordaland/Museumssenteret i Hordaland gjennom driftsavtale.
2. Delfinansiering av investeringskostnadane til fellesmagasinet vert vurdert i samband med økonomiplan og budsjett for 2022. Finansiering føreset ein tredeling av kostnadene mellom stat, fylkeskommune og kommunar.
3. Fylkestinget ber fylkesdirektør arbeide med å sjå på løysingar som reduserer totalpris på prosjektet, mellom anna ved å vurdere samarbeid med magasinet i Angedalen og/eller magasinet til KODE.
Vert trekt.»

**Terje Kollbotn, R,** sette fram slikt forslag:

«Fellesmagasin i fylkeskommunal regi
1.Fylkestinget ser det som mest tenleg at fylkeskommunen tar eigar- og utbyggingsansvar for nytt fellesmagasin for musea. Dette skal skje i tett samarbeid med musea og i samhandling mellom musea. 2. Bygningsdrift og generelt vedlikehald i regi av fylkeskommunen eller i regi av musea i Hordaland / Museumssenteret i Hordaland blir nærare avklara i prosjekteringsfasen.
Vert trekt.»

**Avrøysting**

Fylkesdirektøren sitt forslag fekk 5 røyster (H, FrP, FNB og UA) og fall.
Andersen sitt tilleggsforslag fekk 3 røyster (FNB, FrP og UA) og fall.
Vatnøy sitt tilleggsforslag fekk 3 røyster (FrP, FNB og UA) og fall.
Håland sitt «nytt alternativt helhetlig forslag» fekk 9 røyster (A, V, R, SP, SV, MDG og PP) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

**Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget ser det som mest tenleg at fylkeskommunen tek ansvar for bygging, og står som eigar av fellesmagasinet. Bygningsdrift og generelt vedlikehald avgjøres etter tett dialog med musea om moglege løysingar. I heile prosjektperioden skal det vere tett samarbeid med musea, og samhandling mellom musea.

2. Delfinansiering av investeringskostnadane til fellesmagasinet vert vurdert i samband med økonomiplan og budsjett for 2022. Finansiering føreset ein tredeling av kostnadene mellom stat, fylkeskommune og kommunar.
3. Fylkestinget ber fylkesdirektør arbeide med å sjå på løysingar som reduserer totalpris på prosjektet, mellom anna ved å vurdere samarbeid med magasinet i Angedalen og/eller magasinet til KODE. Bruk av anna eksisterande bygningsmasse må og vurderast.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 09.11.2021**

**Nina Bognøy (A)** stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er styreleiar i stiftinga Lyngheisenteret. Bognøy gjekk frå under vurderinga om ho var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Bognøy ikkje var inhabil. Bognøy tiltredde saksbehandlinga.

**Kine Bratli Dale (A)** sette på vegner av A, MDG, SP, SV, V, KRF fram slikt forslag:

> «Alternativ
>
> 1. Fylkestinget ønskjer at det skal byggjast eit nytt fellesmagasin i Vestland som løyser fleire av behova til særleg musea i gamle Hordaland. Fylkestinget er oppteken av at kostnadane til prosjektet er basert på nøkterne krav til innhald og utforming, samtidig som dei viktigaste magasinbehova vert ivareteken. Det er ikkje eit behov for eit signalbygg eller eit pilotprosjekt, men eit bygg som har dei sentrale funksjonane til eit godt museumsmagasin.
>
> 2. Fylkestinget ber fylkesdirektør utgreie moglege løysingar for å redusere estimert totalpris på prosjektet. Alternativa bør mellom anna vere redusert størrelse på prosjektet, bruk av eksisterande industribygg og samarbeid med andre magasin i Vestland som til dømes magasinet i Angedalen og/eller magasinet til KODE. I utgreiinga må estimerte kostnadar til alternativa kome til syne. Utgreiinga må gjerast i samarbeid med musea.
>
> 3. Fylkestinget tek endeleg avgjerd på eigarskap og byggansvar når utgreiinga er ferdigstilt og behandla politisk.»

**Sigbjørn Framnes (FRP)** sette fram slikt forslag:

> «Tillegg
>
> For å sikre gode løysingar som sikrar kulturskattar innan rimeleg tid, må ein sjå på om ein kan finne eit eller fleire eksisterande bygg i marknaden som kan brukast, og med mindre ombyggingar/oppgraderingar kan nyttast. Dette kan spare prosjektet felles magasin for musea for tid, og kommunar og fylke for store summer økonomisk. Her må ein vurdere følgjande kriterar:
> 1. 33 % økonomi, 33 % tid og 33 % tilpassingsmoglegheiter
> 2. Avklare med kommunane kor stor økonomisk deltakarvilje ein har til totalsum.

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** sette på vegner av H, FRP fram slikt forslag:

> «Alternativ – fylkesdirektøren sitt forslag til innstilling
>
> 1. Fylkestinget ser det som tenleg at musea sjølve tek ansvar for bygging og drift av nytt fellesmagasin for musea i Hordaland.
> 2. Fylkeskommunen v/eigedomsavdelinga vil kunne bidra med bestillerkompetanse i prosjektgjennomføringa.
> 3. Delfinansiering av investeringskostnadane til fellesmagasinet vert vurdert i samband med økonomiplan og budsjett for 2022. Finansiering føreset ein tredeling av kostnadene mellom stat, fylkeskommune og kommunar.»

**Avrøysting**

Ekeland Bjørkly sitt forslag fekk 6 røyster (H, FRP, UA) og fall.
Bratli Dale sitt forslag vart vedteke mot 7 røyster (FNB, FRP, H, UA).
Innstillinga fekk 2 røyster (FNB, UA) og fall.

Framnes sitt forslag fekk 3 røyster (FRP, UA) og fall.

**Innstilling til fylkestinget**
1. Fylkestinget ønskjer at det skal byggjast eit nytt fellesmagasin i Vestland som løyser fleire av behova til særleg musea i gamle Hordaland. Fylkestinget er oppteken av at kostnadane til prosjektet er basert på nøkterne krav til innhald og utforming, samtidig som dei viktigaste magasinbehova vert ivareteken. Det er ikkje eit behov for eit signalbygg eller eit pilotprosjekt, men eit bygg som har dei sentrale funksjonane til eit godt museumsmagasin.

2. Fylkestinget ber fylkesdirektør utgreie moglege løysingar for å redusere estimert totalpris på prosjektet. Alternativa bør mellom anna vere redusert størrelse på prosjektet, bruk av eksisterande industribygg og samarbeid med andre magasin i Vestland som til dømes magasinet i Angedalen og/eller magasinet til KODE. I utgreiinga må estimerte kostnadar til alternativa kome til syne. Utgreiinga må gjerast i samarbeid med musea.

3. Fylkestinget tek endeleg avgjerd på eigarskap og byggansvar når utgreiinga er ferdigstilt og behandla politisk.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2021**

Representanten **Nina Bognøy (A)** har stilt spørsmål om ho er inhabil fordi styreleiar i stiftinga Lyngheisenteret. Fylkestinget vedtok samrøystes at representanten er habil.

Representanten **Frank Willy Djuvik (FRP)** har stilt spørsmål om han er inhabil fordi han er styremedlem i stiftinga Museumssenteret Hordaland. Fylkestinget vedtok samrøystes at representanten er habil.

Representanten **Anita Garlid Johannessen (FRP)** har stilt spørsmål om ho er inhabil fordi styremedlem i stiftinga Museum Vest. Fylkestinget vedtok samrøystes at representanten er habil.

**Lise-May Sæle (H)** sette fram slikt forslag:

> «Alternativ – fylkesdirektøren si innstilling
> 1. Fylkestinget ser det som tenleg at musea sjølve tek ansvar for bygging og drift av nytt fellesmagasin for musea i Hordaland.
> 2. Fylkeskommunen v/eigedomsavdelinga vil kunne bidra med bestillerkompetanse i prosjektgjennomføringa.
> 3. Delfinansiering av investeringskostnadane til fellesmagasinet vert vurdert i samband med økonomiplan og budsjett for 2022. Finansiering føreset ein tredeling av kostnadene mellom stat, fylkeskommune og kommunar.»

**Bjarte Vatnøy (FRP)** sette fram slikt forslag:

> «Tillegg – til fylkesdirektøren si innstilling
>
> «Nytt punkt 4.
> Leige av lokaler blir vurdert, gjerne med desentraliserte løsninger. Dette vil være økonomisk og tidsmessig gunstig, da man har muligeten til å leige lokaler etter faktisk behov, man trenger ikkje ta høgde for eventuelle fremtids behov.»
>
> «Nytt punkt 5.
>
> Dersom man ikkje lykkes i å leige lokaler i markedet, skal man sjå på ei løysing med eit eller fleire eksisterende bygg som ligger for salg. Dette kan spare prosjektet både økonomisk og tidsmessig. Sjølv med ombygginger vil man rask kunne tilegne seg eigedommer som kan taes i bruk»

**Knut Inge Andersen (FNB)** sette fram slikt forslag:

> «Alternativ

1. Fylkestinget ser det som mest tenleg at fylkeskommunen tek ansvar for bygging, og står som eigar av fellesmagasinet. Bygningsdrift og generelt vedlikehald blir kjøpt av ekstern profesjonell bygningsdriftar av musea i Hordaland, eller gjerast på anna måte av musea i Hordaland/Museumssenteret i Hordaland gjennom driftsavtale.
2. Delfinansiering av investeringskostnadane til fellesmagasinet vert vurdert i samband med økonomiplan og budsjett for 2023. Finansiering føreset ein tredeling av kostnadene mellom stat, fylkeskommune og kommunar.
3. Fylkestinget ber fylkesdirektør arbeide med å sjå på løysingar som reduserer totalpris på prosjektet, mellom anna ved å vurdere samarbeid med magasinet i Angedalen og/eller magasinet til KODE.»

**Avrøysting**
*Det var 61 representantar til stades*

Sæle sitt forslag fekk 18 røyster (FRP, H, 1SP (Erlend Haugen Herstad)) og fall.
Vatnøy sitt forslag fekk 6 røyster (FRP, 1 UA (Hege Nygård Dale)) og fall.
Andersen sitt forslag fekk 6 røyster (FNB, R, UA) og fall.
Innstillinga vart vedteken mot 17 røyster (FRP, H).

**Vedtak**

1. Fylkestinget ønskjer at det skal byggjast eit nytt fellesmagasin i Vestland som løyser fleire av behova til særleg musea i gamle Hordaland. Fylkestinget er oppteken av at kostnadane til prosjektet er basert på nøkterne krav til innhald og utforming, samtidig som dei viktigaste magasinbehova vert ivareteken. Det er ikkje eit behov for eit signalbygg eller eit pilotprosjekt, men eit bygg som har dei sentrale funksjonane til eit godt museumsmagasin.

2. Fylkestinget ber fylkesdirektør utgreie moglege løysingar for å redusere estimert totalpris på prosjektet. Alternativa bør mellom anna vere redusert størrelse på prosjektet, bruk av eksisterande industribygg og samarbeid med andre magasin i Vestland som til dømes magasinet i Angedalen og/eller magasinet til KODE. I utgreiinga må estimerte kostnadar til alternativa kome til syne. Utgreiinga må gjerast i samarbeid med musea.

3. Fylkestinget tek endeleg avgjerd på eigarskap og bygganssvar når utgreiinga er ferdigstilt og behandla politisk.

## PS 125/21 Fylkeskommunale medlemskap i organisasjoner for avdeling for Kultur, idrett og inkludering.

Forslag til vedtak

1. Fylkestinget ber om at fylkesdirektøren legg fram sak der alle fylkeskommunale medlemskap vert presenterte.

2. Fylkestinget ber fylkesdirektøren greie ut kva konsekvensar dei ulike medlemskapa har for å få utført det fylkeskommunale samfunnsoppdraget.

3. Fylkestinget ber fylkesdirektøren å utarbeida kriteria som skal nyttast i vurderinga av gamle og nye medlemskap.

**Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.11.2021**

**Avrøysting**

Fylkesdirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

**Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget ber om at fylkesdirektøren legg fram sak der alle fylkeskommunale medlemskap vert presenterte.

2. Fylkestinget ber fylkesdirektøren greie ut kva konsekvensar dei ulike medlemskapa har for å få utført det fylkeskommunale samfunnsoppdraget.

3. Fylkestinget ber fylkesdirektøren å utarbeida kriteria som skal nyttast i vurderinga av gamle og nye medlemskap.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.11.2021**

**Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

**Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget ber om at fylkesdirektøren legg fram sak der alle fylkeskommunale medlemskap vert presenterte.

2. Fylkestinget ber fylkesdirektøren greie ut kva konsekvensar dei ulike medlemskapa har for å få utført det fylkeskommunale samfunnsoppdraget.

3. Fylkestinget ber fylkesdirektøren å utarbeida kriteria som skal nyttast i vurderinga av gamle og nye medlemskap.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2021**

**Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

1. Fylkestinget ber om at fylkesdirektøren legg fram sak der alle fylkeskommunale medlemskap vert presenterte.

2. Fylkestinget ber fylkesdirektøren greie ut kva konsekvensar dei ulike medlemskapa har for å få utført det fylkeskommunale samfunnsoppdraget.

3. Fylkestinget ber fylkesdirektøren å utarbeida kriteria som skal nyttast i vurderinga av gamle og nye medlemskap.

## PS 126/21 Oppgradering og kontorkonsept for fylkeshuset i Leikanger

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek eit aktivitetsbasert kontorkonsept for fylkeshuset i Leikanger slik det går fram av tilrådinga frå brukargruppa.
2. Fylkestinget vedtar å starte rehabiliteringa og ombygginga av fylkeshuset innanfor kostnadsramma på 204,9 mill. kr. inkl. mva. som er innarbeidd som ein del av investeringsprogrammet i saka Budsjett 22/økonomiplan 2022-2025

**Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 29.11.2021**

**Avrøysting**

Fylkesdirektøren si innstilling vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

1. Fylkestinget vedtek eit aktivitetsbasert kontorkonsept for fylkeshuset i Leikanger slik det går fram av tilrådinga frå brukargruppa.
2. Fylkestinget vedtar å starte rehabiliteringa og ombygginga av fylkeshuset innanfor kostnadsramma på 204,9 mill. kr. inkl. mva. som er innarbeidd som ein del av investeringsprogrammet i saka Budsjett 22/økonomiplan 2022-2025.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.11.2021**

**Avrøysting**

Innstillinga vart vedteke mot 2 røyster (FRP).

**Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget vedtek eit aktivitetsbasert kontorkonsept for fylkeshuset i Leikanger slik det går fram av tilrådinga frå brukargruppa.

2. Fylkestinget vedtar å starte rehabiliteringa og ombygginga av fylkeshuset innanfor kostnadsramma på 204,9 mill. kr. inkl. mva. som er innarbeidd som ein del av investeringsprogrammet i saka Budsjett 22/økonomiplan 2022-2025.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2021**

**Senea Sabanovic (A)** stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho har kontorplass på fylkeshuset i Leikanger. Fylkestinget vedtok samrøystes at Sabanovic var habil.

**Sigbjørn Framnes (FRP)** sette fram slikt forslag:

> «Alternativ
>
> Fylkestinget ber fylkesdirektøren om å greie ut sal av fylkeshuset i Leikanger, med attendeleige av heile eller deler av bygget, som alternativ til oppgradering i fylkeskommunal regi med investeringar på 204,9 mill kr. Dette gjev fylkeskommunen større fleksibilitet i framtida.»

**Avrøysting**
*Det var 61 representantar til stades*

Framnes sitt forslag fekk 5 røyster (FRP) og fall.
Innstillinga vart vedteken mot 5 røyster (FRP).

**Vedtak**

1. Fylkestinget vedtek eit aktivitetsbasert kontorkonsept for fylkeshuset i Leikanger slik det går fram av tilrådinga frå brukargruppa.

2. Fylkestinget vedtar å starte rehabiliteringa og ombygginga av fylkeshuset innanfor kostnadsramma på 204,9 mill. kr. inkl. mva. som er innarbeidd som ein del av investeringsprogrammet i saka Budsjett 22/økonomiplan 2022-2025.

## PS 127/21 Kvinnheradpakken - Nytt garantivedtak

Forslag til innstilling

Under føresetnad av godkjenning av Kommunal- og moderniseringsdepartementet, garanterer Vestland fylkeskommune ved sjølvskuldnarkausjon for eit maksimalt låneopptak for bompengeselskapet, avgrensa til 170 mill. 2021- kr for heile Kvinnheradpakken, med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle renter og omkostningar. Det samla garantibeløpet vert følgjeleg 187 mill. 2021-kr. Garantisten har rett til å sikre garantien med retten til å krevje inn bompengar

Garantien gjeld frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Vestland fylkeskommune i byggjeperioden, og gjennom innkrevjingsperioden på 15 år frå oppstart på innkrevjinga i dei nye bomstasjonane. I tillegg skal garantien gjelde inntil to år, jf. garantiføresegna § 3. Samla garantitid vert, inkludert byggjeperioden, på inntil 17 år frå fyrste opptrekk på

finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen. Garantien gjeld inntil bompengeselskapet si gjeld er nedbetalt, og vert redusert i takt med nedbetalinga av lån.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.11.2021**

**Avrøysting**

Fylkesdirektøren sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 4 røyster (FRP, FNB)

**Innstilling til fylkestinget**

Under føresetnad av godkjenning av Kommunal- og moderniseringsdepartementet, garanterer Vestland fylkeskommune ved sjølvskuldnarkausjon for eit maksimalt låneopptak for bompengeselskapet, avgrensa til 170 mill. 2021- kr for heile Kvinnheradpakken, med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle renter og omkostningar. Det samla garantibeløpet vert følgjeleg 187 mill. 2021-kr. Garantisten har rett til å sikre garantien med retten til å krevje inn bompengar.

Garantien gjeld frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Vestland fylkeskommune i byggjeperioden, og gjennom innkrevjingsperioden på 15 år frå oppstart på innkrevjinga i dei nye bomstasjonane. I tillegg skal garantien gjelde inntil to år, jf. garantiføresegna § 3. Samla garantitid vert, inkludert byggjeperioden, på inntil 17 år frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen. Garantien gjeld inntil bompengeselskapet si gjeld er nedbetalt, og vert redusert i takt med nedbetalinga av lån.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2021**

**Avrøysting**

Innstillinga vart vedteken mot 13 røyster (FNB, FRP, PP, R, UA).

**Vedtak**

Under føresetnad av godkjenning av Kommunal- og moderniseringsdepartementet, garanterer Vestland fylkeskommune ved sjølvskuldnarkausjon for eit maksimalt låneopptak for bompengeselskapet, avgrensa til 170 mill. 2021- kr for heile Kvinnheradpakken, med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle renter og omkostningar. Det samla garantibeløpet vert følgjeleg 187 mill. 2021-kr. Garantisten har rett til å sikre garantien med retten til å krevje inn bompengar.

Garantien gjeld frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Vestland fylkeskommune i byggjeperioden, og gjennom innkrevjingsperioden på 15 år frå oppstart på innkrevjinga i dei nye bomstasjonane. I tillegg skal garantien gjelde inntil to år, jf. garantiføresegna § 3. Samla garantitid vert, inkludert byggjeperioden, på inntil 17 år frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen. Garantien gjeld inntil bompengeselskapet si gjeld er nedbetalt, og vert redusert i takt med nedbetalinga av lån.

## PS 128/21 Nytt garantivedtak for E134 Røldal-Seljestad

Forslag til innstilling

1. Under føresetnad av Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin godkjenning, garanterer Vestland fylkeskommune ved sjølvskuldnarkausjon for eit maksimalt låneopptak for bompengeselskapet, avgrensa til 931 mill. kr for prosjektet E134 Røldal - Seljestad med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle renter og omkostningar. I tillegg legg vi til grunn 10 % for å ta høgde for anna usikkerheit. Det samla garantibeløpet vert følgjeleg 1 130 mill. kr.

2. Garantien gjeld frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen i byggjeperioden, og gjennom innkrevjingsperioden på 15 år frå oppstart på

innkrevjinga i dei nye bomstasjonane. Innkrevjingsperioden kan i særskilte tilfelle forlengast med inntil fem år. I tillegg skal garantien gjelde inntil to år, jf. garantiføresegna § 3. Samla garantitid vert, inkludert byggjeperioden, på inntil 23 år frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen. Garantisten sine utlegg kan dekkast gjennom ein auke av gjennomsnittstaksten med inntil 20 pst. og ein forlenging av bompengeperioden med inntil 5 år. Garantien gjeld inntil bompengeselskapet si gjeld er nedbetalt og vert redusert i takt med nedbetalinga av lån. Garantisten har rett til å sikre garantiane med 1. prioritets pant i bompengeselskapets rett til å krevje inn bompengar.

**Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 16.11.2021**

**Arve Helle (A)** reiste spørsmål kring eiga habilitet, då han er styremedlem i E 134 Haukelivegen AS. Utvalet vedtok samrøystes at Helle var inhabil, jf. fvl. § 6 (1) bokstav e) nr.2. Helle deltok ikkje i saksbehandlinga.

**Frank Willy Pedersen Djuvik (Frp)** sette fram slikt forslag:

> «Vestland fylkeskommune syner til vedtak i Stortinget hausten 2020, der Stortinget ber regjeringa om å legge fram sak om at Staten skal overta garantiansvaret for bompengeprosjekt på riks- og europavegar, og ber om at dette vert følgd opp på noverande og framtidige lånegarantiar.»

**Avrøysting**

Det var 14 medlemer til stades.
Innstillinga vart vedteke mot 3 røyster (Frp og UA).
Djuvik sitt forslag vart vedteke mot ei røyst (SV).

**Innstilling til fylkesutvalet**

1. Under føresetnad av Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin godkjenning, garanterer Vestland fylkeskommune ved sjølvskuldnarkausjon for eit maksimalt låneopptak for bompengeselskapet, avgrensa til 931 mill. kr for prosjektet E134 Røldal - Seljestad med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle renter og omkostningar. I tillegg legg vi til grunn 10 % for å ta høgde for anna usikkerheit. Det samla garantibeløpet vert følgjeleg 1 130 mill. kr.

2. Garantien gjeld frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen i byggjeperioden, og gjennom innkrevjingsperioden på 15 år frå oppstart på innkrevjinga i dei nye bomstasjonane. Innkrevjingsperioden kan i særskilte tilfelle forlengast med inntil fem år. I tillegg skal garantien gjelde inntil to år, jf. garantiføresegna § 3. Samla garantitid vert, inkludert byggjeperioden, på inntil 23 år frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen. Garantisten sine utlegg kan dekkast gjennom ein auke av gjennomsnittstaksten med inntil 20 pst. og ein forlenging av bompengeperioden med inntil 5 år. Garantien gjeld inntil bompengeselskapet si gjeld er nedbetalt og vert redusert i takt med nedbetalinga av lån. Garantisten har rett til å sikre garantiane med 1. prioritets pant i bompengeselskapets rett til å krevje inn bompengar.

3. Vestland fylkeskommune syner til vedtak i Stortinget hausten 2020, der Stortinget ber regjeringa om å legge fram sak om at Staten skal overta garantiansvaret for bompengeprosjekt på riks- og europavegar, og ber om at dette vert følgd opp på noverande og framtidige lånegarantiar.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.11.2021**

**Representanten Arve Helle (A)** stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er styremedlem i E134 Haukelivegen AS. Helle gjekk frå under vurdering av spørsmål om han var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Helle var inhabil etter forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e. Helle gjekk frå under behandling av saka.

Det var 16 representantar til stades.

Fylkesdirektøren la fram forslag til endra ordlyd slik at innstillinga vert i samsvar med dei nye reglane om noteopplysingar m.a. for garantiar som vert innført med det første. Endringa er ein liten justering i punkt 1 som ikkje endrar realiteten, men gjer at vedtaket kjem i samsvar med forskrifta. Fylkesutvalet slutta seg samrøystes til endringa.

**Knut Inge Andersen (FNB)** sette fram slikt forslag:

> «Alternativ
>
> Vestland fylkeskommune syner til vedtak i Stortinget hausten 2020, der Stortinget ber regjeringa om å legge fram sak om at Staten skal overta garantiansvaret for bompengeprosjekt på riks- og europavegar. Vestland fylke stiller ikkje lenger nye garantivedtak for riks- og europavegprosjekt.»

**Avrøysting**

Andersen sitt forslag fekk 2 røyster (FNB, UA) og fall.
Innstillinga punkt 1-2 vart vedteke mot 4 røyster (FNB, FRP, UA).
Innstillinga punkt 3 vart vedteke mot 2 røyster (FNB, UA).

**Innstilling til fylkestinget**

1. Under føresetnad av Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin godkjenning, garanterer Vestland fylkeskommune ved sjølvskuldnarkausjon for eit maksimalt låneopptak for bompengeselskapet, avgrensa til 1 025 mill. kr for prosjektet E134 Røldal - Seljestad med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle renter og omkostningar.

2. Garantien gjeld frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen i byggjeperioden, og gjennom innkrevjingsperioden på 15 år frå oppstart på innkrevjinga i dei nye bomstasjonane. Innkrevjingsperioden kan i særskilte tilfelle forlengast med inntil fem år. I tillegg skal garantien gjelde inntil to år, jf. garantiføresegna § 3. Samla garantitid vert, inkludert byggjeperioden, på inntil 23 år frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen. Garantisten sine utlegg kan dekkast gjennom ein auke av gjennomsnittstaksten med inntil 20 pst. og ein forlenging av bompengeperioden med inntil 5 år. Garantien gjeld inntil bompengeselskapet si gjeld er nedbetalt og vert redusert i takt med nedbetalinga av lån. Garantisten har rett til å sikre garantiane med 1. prioritets pant i bompengeselskapets rett til å krevje inn bompengar.

3. Vestland fylkeskommune syner til vedtak i Stortinget hausten 2020, der Stortinget ber regjeringa om å legge fram sak om at Staten skal overta garantiansvaret for bompengeprosjekt på riks- og europavegar, og ber om at dette vert følgd opp på noverande og framtidige lånegarantiar.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2021**

**Representanten Arve Helle (A)** stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er styremedlem i E134 Haukelivegen AS. Helle gjekk frå under vurdering av spørsmål om han var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Helle var inhabil etter forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e. Helle gjekk frå under behandling av saka.

**Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim (SP)** stilte spørsmål om ho var inhabil fordi hennar bror er styremedlem i E134 Haukelivegen AS. Fylkestinget vedtok samrøystes at Bergsvåg Ekrheim var habil. Bergsvåg Ekrheim tiltredde saksbehandlinga.

**Knut Inge Andersen (FNB)** sette fram slikt forslag:

> «Alternativ
>
> 1. Vestland fylkeskommune syner til vedtak i Stortinget hausten 2020, der Stortinget ber regjeringa om å legge fram sak om at Staten skal overta garantiansvaret for bompengeprosjekt på riks- og europavegar.
> 2. Vestland fylkeskommune har allereie eit samla garantiansvar på etablerte bompengeprosjekt på omlag 18 mrd kroner og har såleis ikkje høve til å stille garantiansvar for fleire av Staten sine eigne vegar.

**Avrøysting**
*Det var 60 representantar til stades*

Andersen sitt forslag fekk 4 røyster (FNB, UA) og fall.
Innstillinga punkt 1-2 vart vedteken mot 11 røyster (FNB, FRP, UA, R)
Innstillinga punkt 3 vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

1. Under føresetnad av Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin godkjenning, garanterer Vestland fylkeskommune ved sjølvskuldnarkausjon for eit maksimalt låneopptak for bompengeselskapet, avgrensa til 1 025 mill. kr for prosjektet E134 Røldal - Seljestad med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle renter og omkostningar.

2. Garantien gjeld frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen i byggjeperioden, og gjennom innkrevjingsperioden på 15 år frå oppstart på innkrevjinga i dei nye bomstasjonane. Innkrevjingsperioden kan i særskilte tilfelle forlengast med inntil fem år. I tillegg skal garantien gjelde inntil to år, jf. garantiføresegna § 3. Samla garantitid vert, inkludert byggjeperioden, på inntil 23 år frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen. Garantisten sine utlegg kan dekkast gjennom ein auke av gjennomsnittstaksten med inntil 20 pst. og ein forlenging av bompengeperioden med inntil 5 år. Garantien gjeld inntil bompengeselskapet si gjeld er nedbetalt og vert redusert i takt med nedbetalinga av lån. Garantisten har rett til å sikre garantiane med 1. prioritets pant i bompengeselskapets rett til å krevje inn bompengar.

3. Vestland fylkeskommune syner til vedtak i Stortinget hausten 2020, der Stortinget ber regjeringa om å legge fram sak om at Staten skal overta garantiansvaret for bompengeprosjekt på riks- og europavegar, og ber om at dette vert følgd opp på noverande og framtidige lånegarantiar.

## PS 129/21 Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune 2021 - 2024

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune 2021 – 2024 slik det kjem fram i saka.

2. Føremålet med planen er å styrke betydninga av velfungerande skulebibliotek som pedagogisk ressurs og gi elevar, lærlingar og tilsette i Vestland eit likeverdig bibliotektilbod.

3. Fylkestinget gir fylkesdirektøren fullmakt til å organisere gjennomføring av planen.

4. Fylkestinget ber fylkesdirektøren om rapportering om framdrift i planarbeidet.

**Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.11.2021**

**Avrøysting**

Fylkesdirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

**Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget vedtek Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune 2021 – 2024 slik det kjem fram i saka.

2. Føremålet med planen er å styrke betydninga av velfungerande skulebibliotek som pedagogisk ressurs og gi elevar, lærlingar og tilsette i Vestland eit likeverdig bibliotektilbod.

3. Fylkestinget gir fylkesdirektøren fullmakt til å organisere gjennomføring av planen.

4. Fylkestinget ber fylkesdirektøren om rapportering om framdrift i planarbeidet.

**Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 23.11.2021**

**Avrøysting**
Fylkesdirektøren sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

**Innstilling til fylkesutvalet**
1. Fylkestinget vedtek Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune 2021 – 2024 slik det kjem fram i saka.

2. Føremålet med planen er å styrke betydninga av velfungerande skulebibliotek som pedagogisk ressurs og gi elevar, lærlingar og tilsette i Vestland eit likeverdig bibliotektilbod.

3. Fylkestinget gir fylkesdirektøren fullmakt til å organisere gjennomføring av planen.

4. Fylkestinget ber fylkesdirektøren om rapportering om framdrift i planarbeidet.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.11.2021**

**Fylkesordførar Jon Askeland (SP)** la til grunn innstillinga frå hovudutval for opplæring og kompetanse ved behandling av saka.

**Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

**Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget vedtek Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune 2021 – 2024 slik det kjem fram i saka.

2. Føremålet med planen er å styrke betydninga av velfungerande skulebibliotek som pedagogisk ressurs og gi elevar, lærlingar og tilsette i Vestland eit likeverdig bibliotektilbod.

3. Fylkestinget gir fylkesdirektøren fullmakt til å organisere gjennomføring av planen.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2021**

*Ved ein inkurie har ikkje punkt fire blitt med i innstillinga til fylkestinget. Dette vert retta opp i behandlinga av saka i fylkestinget.*

**Avrøysting**
*Det var 62 representantar til stades*

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

1. Fylkestinget vedtek Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune 2021 – 2024 slik det kjem fram i saka.

2. Føremålet med planen er å styrke betydninga av velfungerande skulebibliotek som pedagogisk ressurs og gi elevar, lærlingar og tilsette i Vestland eit likeverdig bibliotektilbod.

3. Fylkestinget gir fylkesdirektøren fullmakt til å organisere gjennomføring av planen.

4. Fylkestinget ber fylkesdirektøren om rapportering om framdrift i planarbeidet.

## PS 130/21 Nytt fylkesarkiv
Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek å utvida arkivkapasiteten til fylkeskommunen med arkivbygg i Leikanger.
2. Før byggestart, må partane i Kommunearkivordninga i Vestland KO forplikta seg i avtale for minimum 80 % av tidlegare innmeldt arkivbehov, eller tilsvarande volum frå andre eksterne leigetakarar.
3. Arkivbygget har ei kostnadsramme på 59 mill. kr. inkl. mva. og vert innarbeidd som ein del av investeringsprogrammet i budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025

**Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.11.2021**

**June Vibecke K. Indrevik, H,** sette på vegne av H fram slikt forslag til utsetjing:

> «Utsette saka til neste møte
> Sak 146/21 vert utsett til utvalets møte den 26.november der vi ber om at administrasjonen knytter dialog med Interkommunalt arkiv Hordaland IKS(IKHA) for å gjennomgå saka si realitet.»

**Avrøysting** ( til utsetjing)

Indrevik sitt utsetjingsforslag fekk 6 røyster (H, FNB, PP, R og UA) og fall.

**Vedtak**

Saka vert ikkje utsett til neste møte.

**Avrøysting**

Fylkesdirektøren sitt forslag fekk 10 røyster og vart vedteke mot 5 røyster ( H, FNB, R og UA).

**Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget vedtek å utvida arkivkapasiteten til fylkeskommunen med arkivbygg i Leikanger.
2. Før byggestart, må partane i Kommunearkivordninga i Vestland KO forplikta seg i avtale for minimum 80 % av tidlegare innmeldt arkivbehov, eller tilsvarande volum frå andre eksterne leigetakarar.
3. Arkivbygget har ei kostnadsramme på 59 mill. kr. inkl. mva. og vert innarbeidd som ein del av investeringsprogrammet i budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.11.2021**

**Knut Inge Andersen (FNB)** sette fram slikt forslag:

> «Alternativ punkt 2
>
> 2. Før byggestart, må partane i Kommunearkivordninga i Vestland KO forplikta seg i avtale for minimum 80 % av tidlegare innmeldt arkivbehov, eller tilsvarande volum frå andre eksterne leigetakarar slik at forventa leigeinntekter er sikra.»

**Avrøysting**

Innstillinga punkt 1 og 3 vart samrøystes vedteke.
Andersen sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Det vart ikkje røysta over punkt 2 i innstillinga.

**Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget vedtek å utvida arkivkapasiteten til fylkeskommunen med arkivbygg i Leikanger.

2. Før byggestart, må partane i Kommunearkivordninga i Vestland KO forplikta seg i avtale for minimum 80 % av tidlegare innmeldt arkivbehov, eller tilsvarande volum frå andre eksterne leigetakarar slik at forventa leigeinntekter er sikra

3.Arkivbygget har ei kostnadsramme på 59 mill. kr. inkl. mva. og vert innarbeidd som ein del av investeringsprogrammet i budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2021**

**Bjarte Vatnøy (FRP)** sette fram slikt forslag:

> «Alternativ
>
> Fylkestinget ber fylkesdirektøren vurdere leige av areal til utvida arkivkapasitet som alternativ til utbygging i eigenregi med investeringar på 59 mill kr. Dette gjev fylkeskommunen større fleksibilitet i framtida.»

**Avrøysting**
*Det var 62 representantar til stades*

Vatnøy sitt forslag fekk 6 røyster (FRP) og fall.
Innstillinga vart vedteken mot 6 røyster (FRP).

**Vedtak**

1. Fylkestinget vedtek å utvida arkivkapasiteten til fylkeskommunen med arkivbygg i Leikanger.

2. Før byggestart, må partane i Kommunearkivordninga i Vestland KO forplikta seg i avtale for minimum 80 % av tidlegare innmeldt arkivbehov, eller tilsvarande volum frå andre eksterne leigetakarar slik at forventa leigeinntekter er sikra

3.Arkivbygget har ei kostnadsramme på 59 mill. kr. inkl. mva. og vert innarbeidd som ein del av investeringsprogrammet i budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025.

## PS 131/21 Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2021

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune vedtek Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2021, Del I, slik han føreligg.

2. Fylkestinget tek til vitande status når det gjeld avviklinga av eigarskapen i Sarsia Development AS, HFK Tomt Knarvik AS og Lutelandet Utvikling AS.

3. Fylkestinget ber fylkesdirektøren starte prosess for avvikling av fylkeskommunen sin eigarskap i Atheno AS, Framtidsfylket AS, Gulen og Masfjorden Utvikling AS og Skyttel AS.

4. Vestland fylkeskommune vidarefører eigarskapen i følgjande selskap: Grieghallen IKS, TH Eigedom IKS, Vigo IKS, Kommunekraft AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Valen kraftverk AS, Fjord Invest Såkorn AS, Fjord Norge AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken Vestland AS, Njøs Frukt- og bærsenter AS, Sogn og Fjordane Fondet AS, Beredt AS, Gløde AS, Hardanger AKS AS, In Via AS, Kveik AS, Opero Holding AS, Origod AS, Sogneprodukt AS, Bybanen AS, E134 Haukelivegen AS, Ferde AS, HFK Bussanlegg AS, Sunnhordland Lufthavn AS, Bergen Vitensenter AS, Campus Verftet AS, Opplæringsfartøy AS, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, Carte Blanche AS, Den Nationale Scene AS, Det Vestnorske Teateret AS, Idrettsklynge Vest AS, Moster Amfi- og kyrkjehistoriske senter AS, Moster 2024 AS, Norsk Fjordhestsenter AS, Teater Vestland AS og Vestnorsk filmsenter AS.

5. Vestland fylkeskommune vidarefører deltakinga eller medlemskapet i følgjande interkommunale råd, kommunale oppgåvefellesskap og samvirkeføretak: Nasjonal digital læringsarena (NDLA),

Vestlandsrådet, Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefellesskap, Kommunearkivinstitusjonenes digitale ressurssenter SA, Biblioteksentralen SA og Sinjarheim SA.

**Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 16.11.2021**

**Arve Helle (A)** reiste spørsmål kring eiga habilitet, då han er styreleiar i Lutelandet Utvikling AS og styremedlem i E 134 Haukelivegen AS. Utvalet vedtok samrøystes at Helle var habil til å delta i saksbehandlinga.

**Trym Aafløy (UA)** reiste spørsmål kring eiga habilitet, då han er styremedlem i Skyttel AS. Utvalet vedtok samrøystes at Aafløy var ugild til å ta del i saksbehandlinga kva gjeld avvikling av Skyttel AS, jf. fvl. § 6 (1) bokstav e) nr. 2. Aafløy deltok ikkje i saksbehandling kva gjeld avvikling av selskapet Skyttel AS.

**Trude Brosvik (Krf)** sette på vegner av Krf, A, MDG, Sp og SV fram slikt forslag:

> «Saka vert teken til orientering.»

**Avrøysting**

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Innstilling til fylkesutvalet**

Saka vert teken til orientering.

**Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.11.2021**

Utvalsleiar bad medlemmane vere merksame på innhaldet i eigarskapsmeldinga vedtakspunkt 3. Selskapa omhandla i vedtakspunkt 3 hadde partsstatus i saka. Ingen av medlemmene i hovudutvalet var medlem i styre omhandla i punkt 3, og var såleis ikkje inhabile.

**Avrøysting**

Fylkesdirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

**Innstilling til fylkesutvalet**

1. Vestland fylkeskommune vedtek Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2021, Del I, slik han føreligg.

2. Fylkestinget tek til vitande status når det gjeld avviklinga av eigarskapen i Sarsia Development AS, HFK Tomt Knarvik AS og Lutelandet Utvikling AS.

3. Fylkestinget ber fylkesdirektøren starte prosess for avvikling av fylkeskommunen sin eigarskap i Atheno AS, Framtidsfylket AS, Gulen og Masfjorden Utvikling AS og Skyttel AS.

4. Vestland fylkeskommune vidarefører eigarskapen i følgjande selskap: Grieghallen IKS, TH Eigedom IKS, Vigo IKS, Kommunekraft AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Valen kraftverk AS, Fjord Invest Såkorn AS, Fjord Norge AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken Vestland AS, Njøs Frukt- og bærsenter AS, Sogn og Fjordane Fondet AS, Beredt AS, Gløde AS, Hardanger AKS AS, In Via AS, Kveik AS, Opero Holding AS, Origod AS, Sogneprodukt AS, Bybanen AS, E134 Haukelivegen AS, Ferde AS, HFK Bussanlegg AS, Sunnhordland Lufthavn AS, Bergen Vitensenter AS, Campus Verftet AS, Opplæringsfartøy AS, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, Carte Blanche AS, Den Nationale Scene AS, Det Vestnorske Teateret AS, Idrettsklynge Vest AS, Moster Amfi- og kyrkjehistoriske senter AS, Moster 2024 AS, Norsk Fjordhestsenter AS, Teater Vestland AS og Vestnorsk filmsenter AS.

5. Vestland fylkeskommune vidarefører deltakinga eller medlemskapet i følgjande interkommunale råd, kommunale oppgåvefellesskap og samvirkeføretak: Nasjonal digital læringsarena (NDLA), Vestlandsrådet, Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt

oppgåvefellesskap, Kommunearkivinstitusjonenes digitale ressurssenter SA, Biblioteksentralen SA og Sinjarheim SA.

**Saksprotokoll i hovudutval for næring - 17.11.2021**

**Sigrid Brattabø Handegard (Sp)** reiste spørsmål kring eiga habilitet då ho er styremedlem i Lutelandet Utvikling AS.

**Jan Henrik Nygård (V)** reiste spørsmål kring eigen habilitet då han er styremedlem i Kunnskapsparken Vestland AS.

**Helge Stormoen (FrP)** reiste spørsmål kring eigen habilitet då han er styremedlem i Beredt AS.

**Anne Gine Hestetun (A)** reiste spørsmål kring eiga habilitet då ho er styremedlem i Ferde AS.

**Jana Midelfart-Hoff (H)** reiste spørsmål kring eiga habilitet då ho er vararepresentant til styret i Beredt AS.

**Karl Vågstøl (H)** reiste spørsmål kring eigen habilitet då han er styremedlem i Gulen og Masfjorden Utvikling AS.

**Noralv Distad (H)** reiste spørsmål kring eigen habilitet då han er styremedlem i Sogn og Fjordane Holding AS og Fjord Norge AS.

Medlemene trådde frå då utvalet behandla spørsmåla om habilitet.

Utvalet vedtok samrøystes at Vågstøl var inhabil til å behandle punkt 3 i saka, jf. forvaltningslova § 6 (1) bokstav e nr. 2. Han trådde frå under behandlinga av dette punktet.

Utvalet vedtok samrøystes at Handegard, Nygård, Stormoen, Hestetun og Midelfart-Hoff og Distad var habile til å behandle saka.

**Tor André Ljosland (KrF)** sette fram følgjene forslag:

> «Alternativ punkt 3
>
> 3. Fylkestinget ber fylkesdirektøren starte prosess for avvikling av fylkeskommunen sin eigarskap i Gulen og Masfjorden Utvikling og Skyttel AS.

**Avrøysting**
Innstillinga til punkt 1, 2, 4 og 5 vart samrøystes vedteke.
Tor André Ljosland sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster for innstillinga (Frp).

**Innstilling**
1. Vestland fylkeskommune vedtek Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2021, Del I, slik han føreligg.

2. Fylkestinget tek til vitande status når det gjeld avviklinga av eigarskapen i Sarsia Development AS, HFK Tomt Knarvik AS og Lutelandet Utvikling AS.

3. Fylkestinget ber fylkesdirektøren starte prosess for avvikling av fylkeskommunen sin eigarskap i Gulen og Masfjorden Utvikling og Skyttel AS.

4. Vestland fylkeskommune vidarefører eigarskapen i følgjande selskap: Grieghallen IKS, TH Eigedom IKS, Vigo IKS, Kommunekraft AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Valen kraftverk AS, Fjord Invest Såkorn AS, Fjord Norge AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken Vestland AS, Njøs Frukt- og bærsenter AS, Sogn og Fjordane Fondet AS, Beredt AS, Gløde AS, Hardanger AKS AS, In Via AS, Kveik AS, Opero Holding AS, Origod AS, Sogneprodukt AS, Bybanen AS, E134 Haukelivegen AS, Ferde AS, HFK Bussanlegg AS, Sunnhordland Lufthavn AS, Bergen Vitensenter AS, Campus Verftet AS, Opplæringsfartøy AS, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, Carte Blanche AS, Den Nationale Scene AS, Det Vestnorske Teateret AS, Idrettsklynge Vest AS, Moster Amfi- og kyrkjehistoriske senter AS, Moster 2024 AS, Norsk Fjordhestsenter AS, Teater Vestland AS og Vestnorsk filmsenter AS.

5. Vestland fylkeskommune vidarefører deltakinga eller medlemskapet i følgjande interkommunale råd, kommunale oppgåvefellesskap og samvirkeføretak: Nasjonal digital læringsarena (NDLA), Vestlandsrådet, Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefellesskap, Kommunearkivinstitusjonenes digitale ressurssenter SA, Biblioteksentralen SA og Sinjarheim SA.

**Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 23.11.2021**

**Åsmund Berthelsen (SV)** sette på vegner av A, MDG, Sp, SV og Krf fram slikt forslag:

> «Alternativ:
> Saka vert tatt til orientering.»

**Avrøysting**
Fylkesdirektøren sitt forslag til innstilling fekk 4 røyster (Frp, H) og fall.
Berthelsen sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster (H (2H Halleraker, Øvre-Flo)).

**Innstilling til fylkesutvalet**
Saka vert tatt til orientering.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.11.2021**

**Fylkesordførar Jon Askeland (SP)** la til grunn innstillinga frå hovudutval for næring ved behandling av saka.

**Sigrid Brattabø Handegard (SP)** og **Arve Helle (A)** stilte spørsmål om dei var inhabil fordi Brattabø Handegard er styremedlem i Lutelandet Utvikling AS og Helle er styremedlem i E134 Haukelivegen AS og styreleiar i Lutelandet Utvikling AS. Brattabø Handegard og Helle gjekk frå under vurderinga om dei var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at dei var habile. Brattabø Handegard og Helle tiltredde saksbehandlinga.

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** og **Rasmus Laupsa Rasmussen (A)** stilte spørsmål om dei var inhabil fordi Ekeland Bjørkly er styremedlem i Bybanen AS og Laupsa Rasmussen er varamedlem i Bybanen AS. Ekeland Bjørkly og Rasmussen gjekk frå under vurderinga av om dei var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Ekeland og Bjørkly var inhabil etter forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e til å ta del i den delen av saka som omhandla Bybanen AS.

**Knut Inge Andersen (FNB)** sette fram slikt forslag:

> «Tillegg
>
> **Bybanevogner**
>
> 1. Vestland fylke vil ved utgangen av 2022 ha investert i og eige bybanevognmateriell for omlag 900 MNOK. Å eige bybanevogner er ikkje ei naturleg kjerneoppgåve for Vestland fylke, særleg dersom dette ikkje genererer inntekter.
> 2. Vestland fylkeskommune skil ut eit 100% VLFK-eigd selskskap 'Bybanevogner AS' for å synleggjere investeringane i materiell og få fram utgifter/inntekter forbunde med bybanevognene fylket eig.
> 3. Vestland fylkeskommune skal snarast oppnå forsvarleg økonomi for 'Bybanevogner AS' ved at selskapet leiger ut vognmateriellet sitt til Bybanen AS til marknadspris, minimum sjølvkost.
> 4. Vestland fylkeskommune vil når som helst kunne selje 'Bybanevogner AS' på marknadsvilkår til Bybanen AS eller kommersielle aktørar.

**Avrøysting**

Det var 17 representantar til stades.
Andersen sitt forslag punkt 1 fekk 1 røyst (FNB) og fall.
Det var 15 representantar til stades.
Andersen sitt forslag punkt 2-4 fekk 1 røyst (FNB) og fall.
Det var 17 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

**Innstilling til fylkestinget**

1. Vestland fylkeskommune vedtek Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2021, Del I, slik han føreligg.

2. Fylkestinget tek til vitande status når det gjeld avviklinga av eigarskapen i Sarsia Development AS, HFK Tomt Knarvik AS og Lutelandet Utvikling AS.

3. Fylkestinget ber fylkesdirektøren starte prosess for avvikling av fylkeskommunen sin eigarskap i Gulen og Masfjorden Utvikling og Skyttel AS.

4. Vestland fylkeskommune vidarefører eigarskapen i følgjande selskap: Grieghallen IKS, TH Eigedom IKS, Vigo IKS, Kommunekraft AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Valen kraftverk AS, Fjord Invest Såkorn AS, Fjord Norge AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken Vestland AS, Njøs Frukt- og bærsenter AS, Sogn og Fjordane Fondet AS, Beredt AS, Gløde AS, Hardanger AKS AS, In Via AS, Kveik AS, Opero Holding AS, Origod AS, Sogneprodukt AS, Bybanen AS, E134 Haukelivegen AS, Ferde AS, HFK Bussanlegg AS, Sunnhordland Lufthavn AS, Bergen Vitensenter AS, Campus Verftet AS, Opplæringsfartøy AS, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, Carte Blanche AS, Den Nationale Scene AS, Det Vestnorske Teateret AS, Idrettsklynge Vest AS, Moster Amfi- og kyrkjehistoriske senter AS, Moster 2024 AS, Norsk Fjordhestsenter AS, Teater Vestland AS, Vestnorsk filmsenter AS, Atheno AS og Framtidsfylket AS.

5. Vestland fylkeskommune vidarefører deltakinga eller medlemskapet i følgjande interkommunale råd, kommunale oppgåvefellesskap og samvirkeføretak: Nasjonal digital læringsarena (NDLA), Vestlandsrådet, Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefellesskap, Kommunearkivinstitusjonenes digitale ressurssenter SA, Biblioteksentralen SA og Sinjarheim SA.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2021**

**Trym Aafløy (UA)** reiste spørsmål kring eiga habilitet, då han er styremedlem i Skyttel AS. Fylkestinget vedtok samrøystes at Aafløy var inhabil til å behandle punkt 3 i saka, jf. forvaltningslova. § 6 (1) bokstav e) nr. 2. Aafløy gjekk får under behandlinga av punkt 3 i saka.

**Karl Vågstøl (H)** reiste spørsmål kring eigen habilitet då han er styremedlem i Gulen og Masfjorden Utvikling AS. Fylkestinget vedtok samrøystes at Vågstøl var inhabil til å behandle punkt 3 i saka, jf. forvaltningslova § 6 (1) bokstav e nr. 2. Vågstøl gjekk frå under behandlinga av punkt 3.

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** og **Rasmus Laupsa Rasmussen (A)** stilte spørsmål om dei var inhabil fordi Ekeland Bjørkly er styremedlem i Bybanen AS og Laupsa Rasmussen er varamedlem i Bybanen AS. Ekeland Bjørkly og Rasmussen gjekk frå under vurderinga av om dei var inhabil. Fylkestinget vedtok samrøystes at dei var inhabil etter forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e til å ta del i den delen av saka som omhandla Bybanen AS.

**Jeanette Syversen (R)** sette fram slikt forslag:

> «Tillegg punkt 1
>
> Vestland fylkesting oppmodar om at dei vedtatte seriøsitetskrava i Vestland fylkeskommune (sak 112/2021) også bør vere retningsgjevande for selskap som fylkeskommunen eig eller er deleigar i.»

**Knut Inge Andersen (FNB)** sette fram slikt forslag:

> «Tillegg
>
> **Bybanevogner**
>
> 1. Vestland fylke vil ved utgangen av 2022 ha investert i og eige bybanevognmateriell for omlag 900 MNOK. Å eige bybanevogner er ikkje ei naturleg kjerneoppgåve for Vestland fylke, særleg dersom dette ikkje genererer inntekter.
> 2. Vestland fylkeskommune skil ut eit 100% VLFK-eigd selskskap 'Bybanevogner AS' for å

synleggjere investeringane i materiell og få fram utgifter/inntekter forbunde med bybanevognene fylket eig.
3. Vestland fylkeskommune skal snarast oppnå forsvarleg økonomi for 'Bybanevogner AS' ved at selskapet leiger ut vognmateriellet sitt til Bybanen AS til marknadspris, minimum sjølvkost.
4. Vestland fylkeskommune vil når som helst kunne selje 'Bybanevogner AS' på marknadsvilkår til Bybanen AS eller kommersielle aktørar.»

Avrøysting
*Det var 62 representantar til stades*
Andersen sitt forslag punkt 1 fekk 4 røyster (FNB, UA) og fall.

*Det var 60 representantar til stades*
Andersen sitt forslag punkt 2-4 fekk 4 røyster (FNB, UA) og fall.

*Det var 62 representantar til stades*
Innstillinga punkt 1, 2, 4, og 5 vart samrøystes vedteken.

*Det var 60 representantar til stades*
Innstillinga punkt 3 vart samrøystes vedteken.

*Det var 62 representantar til stades*
Syversen sitt forslag vart vedteken mot 24 røyster (1FNB (Nils Haugland), FRP, H, KRF, UA).

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune vedtek Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2021, Del I, slik han føreligg. Vestland fylkesting oppmodar om at dei vedtekne seriøsitetskrava i Vestland fylkeskommune (sak 112/2021) også bør vere retningsgjevande for selskap som fylkeskommunen eig eller er deleigar i.

2. Fylkestinget tek til vitande status når det gjeld avviklinga av eigarskapen i Sarsia Development AS, HFK Tomt Knarvik AS og Lutelandet Utvikling AS.

3. Fylkestinget ber fylkesdirektøren starte prosess for avvikling av fylkeskommunen sin eigarskap i Gulen og Masfjorden Utvikling og Skyttel AS.

4. Vestland fylkeskommune vidarefører eigarskapen i følgjande selskap: Grieghallen IKS, TH Eigedom IKS, Vigo IKS, Kommunekraft AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Valen kraftverk AS, Fjord Invest Såkorn AS, Fjord Norge AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken Vestland AS, Njøs Frukt- og bærsenter AS, Sogn og Fjordane Fondet AS, Beredt AS, Gløde AS, Hardanger AKS AS, In Via AS, Kveik AS, Opero Holding AS, Origod AS, Sogneprodukt AS, Bybanen AS, E134 Haukelivegen AS, Ferde AS, HFK Bussanlegg AS, Sunnhordland Lufthavn AS, Bergen Vitensenter AS, Campus Verftet AS, Opplæringsfartøy AS, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, Carte Blanche AS, Den Nationale Scene AS, Det Vestnorske Teateret AS, Idrettsklynge Vest AS, Moster Amfi- og kyrkjehistoriske senter AS, Moster 2024 AS, Norsk Fjordhestsenter AS, Teater Vestland AS, Vestnorsk filmsenter AS, Atheno AS og Framtidsfylket AS.

5. Vestland fylkeskommune vidarefører deltakinga eller medlemskapet i følgjande interkommunale råd, kommunale oppgåvefellesskap og samvirkeføretak: Nasjonal digital læringsarena (NDLA), Vestlandsrådet, Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefellesskap, Kommunearkivinstitusjonenes digitale ressurssenter SA, Biblioteksentralen SA og Sinjarheim SA.

## PS 132/21 Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på vei 2022-2025 - høyring
Forslag til innstilling

1. Fylkestinget ser svært positivt på at *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på vei 2022-2025* famnar vidt, og ansvarleggjer alle dei mest sentrale aktørane innanfor trafikksikringsarbeidet i Noreg.

2. Fylkestinget stiller seg bak dei 19 tiltaka som fylkeskommunane har ansvaret for i den nasjonale tiltaksplanen, og vil følgje desse opp.

3. Fylkestinget ber om at Vestland fylkeskommune legg til rette for ei styrka samhandling med dei aktørane som står bak tiltaksplanen, slik at det breie trafikksikringsarbeidet i Vestland kan utviklast ytterlegare og gje synergiar.

**Saksprotokoll i Trafikktryggingsutvalet - 15.11.2021**

**Marthe Hammer (Sp)** sette fram slikt forslag på vegner av Ap, SV og Sp:

> « Tillegg:
>
> 4. Fylkestinget ynskjer å intensivere arbeidet med å oppfordre fleire kommunar i Vestland til å utarbeide trafikksikringsplanar og bli godkjente som Trafikksikker kommune.
>
> 5. Fylkestinget ber fylkesdirektøren om å fremme sak på kva måte Vestland kan bli ein Trafikksikker fylkeskommune.»

**Marthe Hammer (Sp)** sette fram slikt forslag:

> «Tillegg:
>
> 6. Fylkestinget vil rette spesielt merksemd på at nullvekstmålet, som inneber at all auke i trafikken skal takast gjennom kollektiv, sykkel og gange i dei store byområda, ikkje må gå på kostnad av nullvisjonen.»

**Avrøysting**
Innstillinga vart samrøystes vedteke.
Hammer sitt forslag punkt 4 og 5 vart samrøystes vedteke.
Hammer sitt forslag punkt 6 vart samrøystes vedteke.

**Innstilling**

1. Fylkestinget ser svært positivt på at *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på vei 2022-2025* famnar vidt, og ansvarleggjer alle dei mest sentrale aktørane innanfor trafikksikringsarbeidet i Noreg.

2. Fylkestinget stiller seg bak dei 19 tiltaka som fylkeskommunane har ansvaret for i den nasjonale tiltaksplanen, og vil følgje desse opp.

3. Fylkestinget ber om at Vestland fylkeskommune legg til rette for ei styrka samhandling med dei aktørane som står bak tiltaksplanen, slik at det breie trafikksikringsarbeidet i Vestland kan utviklast ytterlegare og gje synergiar.

4. Fylkestinget ynskjer å intensivere arbeidet med å oppfordre fleire kommunar i Vestland til å utarbeide trafikksikringsplanar og bli godkjente som Trafikksikker kommune.

5. Fylkestinget ber fylkesdirektøren om å fremme sak på kva måte Vestland kan bli ein Trafikksikker fylkeskommune.

6. Fylkestinget vil rette spesielt merksemd på at nullvekstmålet, som inneber at all auke i trafikken skal takast gjennom kollektiv, sykkel og gange i dei store byområda, ikkje må gå på kostnad av nullvisjonen.

**Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 16.11.2021**

**Marthe Hammer (SV)** sette på vegner av SV, A, MDG, Krf og Sp fram slikt forslag:

> «Punkt 4 og 5 i innstillinga frå trafikktryggingsutvalet utgår, og hovudutval for utvalet vil komme attende med oppfølging av desse punkta i andre samanhengar.»

**Avrøysting**

Innstillinga punkt 1-3 og punkt 6 vart samrøystes vedteke.

Hammer sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget ser svært positivt på at *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på vei 2022-2025* famnar vidt, og ansvarleggjer alle dei mest sentrale aktørane innanfor trafikksikringsarbeidet i Noreg.

2. Fylkestinget stiller seg bak dei 19 tiltaka som fylkeskommunane har ansvaret for i den nasjonale tiltaksplanen, og vil følgje desse opp.

3. Fylkestinget ber om at Vestland fylkeskommune legg til rette for ei styrka samhandling med dei aktørane som står bak tiltaksplanen, slik at det breie trafikksikringsarbeidet i Vestland kan utviklast ytterlegare og gje synergiar.

4. Fylkestinget vil rette spesielt merksemd på at nullvekstmålet, som inneber at all auke i trafikken skal takast gjennom kollektiv, sykkel og gange i dei store byområda, ikkje må gå på kostnad av nullvisjonen.

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.11.2021

**Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

**Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget ser svært positivt på at *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på vei 2022-2025* famnar vidt, og ansvarleggjer alle dei mest sentrale aktørane innanfor trafikksikringsarbeidet i Noreg.

2. Fylkestinget stiller seg bak dei 19 tiltaka som fylkeskommunane har ansvaret for i den nasjonale tiltaksplanen, og vil følgje desse opp.

3. Fylkestinget ber om at Vestland fylkeskommune legg til rette for ei styrka samhandling med dei aktørane som står bak tiltaksplanen, slik at det breie trafikksikringsarbeidet i Vestland kan utviklast ytterlegare og gje synergiar.

4. Fylkestinget vil rette spesielt merksemd på at nullvekstmålet, som inneber at all auke i trafikken skal takast gjennom kollektiv, sykkel og gange i dei store byområda, ikkje må gå på kostnad av nullvisjonen.

## Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2021

**Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

1. Fylkestinget ser svært positivt på at *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på vei 2022-2025* famnar vidt, og ansvarleggjer alle dei mest sentrale aktørane innanfor trafikksikringsarbeidet i Noreg.

2. Fylkestinget stiller seg bak dei 19 tiltaka som fylkeskommunane har ansvaret for i den nasjonale tiltaksplanen, og vil følgje desse opp.

3. Fylkestinget ber om at Vestland fylkeskommune legg til rette for ei styrka samhandling med dei aktørane som står bak tiltaksplanen, slik at det breie trafikksikringsarbeidet i Vestland kan utviklast ytterlegare og gje synergiar.

4. Fylkestinget vil rette spesielt merksemd på at nullvekstmålet, som inneber at all auke i trafikken skal takast gjennom kollektiv, sykkel og gange i dei store byområda, ikkje må gå på kostnad av nullvisjonen.

## PS 133/21 Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027 - vedtak

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkesting vedtek med heimel i Plan- og bygningslova § 8-4 *Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion for 2022-2027* med tilhøyrande tiltaksprogram og handlingsprogram.

2. Vestland fylkesting føreset at staten, kommunane og fylkeskommunane legg vassforvaltingsplanen til grunn for det vidare arbeidet med vassforvalting.

3. Vestland fylkesting føreset at sektorstyresmaktene gjer gode kost-nytte vurderingar før iverksetting av tiltak.

4. Vestland fylkesting føreset at ei eventuell endring i vassforvaltningsplanen ved sentral godkjenning vert gjort i samarbeid med vassregionstyresmaktane.

5. Vestland fylkesting føreset at staten framleis vil ta ansvar for økonomi og deltaking i planarbeidet i planperioden 2022-2027.

6. Vestland fylkesting ber fylkesdirektøren vurdere ressursbehov for oppfølging av planen ved handsaming av årlege budsjett i planperioden.

**Saksprotokoll i hovudutval for næring - 17.11.2021**

**Anne Gine Hestetun (A)** stilte spørsmål kring eiga habilitet då ho er styremedlem i BKK AS. Hestetun trådde frå under vurderinga av habiliteten. Utvalet vedtok samrøystes at Hestetun ikkje var inhabil. Hestetun tiltredde saksbehandlinga.

**Sigrid Brattabø Handegard (Sp)** sette fram følgjande forslag:

> «Utsetjingsframlegg
>
> Saka vert utsett. Det vert gjennomførd eit seminar for å klargjera ulike konsekvensar av tiltak med sektormynde.»

**Avrøysting**
Brattabø Handegard sitt forslag vart vedteke mot 6 røyster (H, MDG, Sv og KrF).

**Innstilling**
Saka vert utsett. Det vert gjennomførd eit seminar for å klargjera ulike konsekvensar av tiltak med sektormynde.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2021**

**Fylkesordførar Jon Askeland (SP)** sette fram slikt forslag:

> «Saka vert utsett»

**Avrøysting**

Askeland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Saka vert utsett.

## PS 134/21 Handlingsplan 2022 - avdeling Kultur, idrett og inkludering

Forslag til innstilling

1. Handlingsplan 2022 – kultur, idrett og inkludering vert vedteke slik den ligg føre.
2. Tiltaka i Handlingsplan 2022 vert dekka innanfor sektoren sitt budsjett for 2022.

**Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.11.2021**

**Avrøysting**

Fylkesdirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

**Innstilling til fylkesutvalet**

1. Handlingsplan 2022 – kultur, idrett og inkludering vert vedteke slik den ligg føre.

2. Tiltaka i Handlingsplan 2022 vert dekka innanfor sektoren sitt budsjett for 2022.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.11.2021**

**Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

**Innstilling til fylkestinget**

1. Handlingsplan 2022 – kultur, idrett og inkludering vert vedteke slik den ligg føre.

2. Tiltaka i Handlingsplan 2022 vert dekka innanfor sektoren sitt budsjett for 2022.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2021**

**Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

1. Handlingsplan 2022 – kultur, idrett og inkludering vert vedteke slik den ligg føre.

2. Tiltaka i Handlingsplan 2022 vert dekka innanfor sektoren sitt budsjett for 2022.